

# Norsk landbruksforskning

*Norwegian Agricultural Research*

Supplement No. 5 1989

Synspunkt på forskning i  
planteproduksjon og  
fôrkonservering, med  
hovedvekt på grovfôr

*Aspects of research in  
plant production and  
fodder conservation,  
with special reference to  
forages*



Norsk institutt for skogforskning  
Biblioteket

P.B. 61 - 1432 ÅS-NLH

Statens fagtjeneste for landbruket, Ås, Norge  
*Norwegian Agricultural Advisory Centre, Ås, Norway*

## NORSK LANDBRUKSFORSKING / NORWEGIAN AGRICULTURAL RESEARCH

Norsk landbruksforskning er en fortsettelse av Meldinger fra Norges landbrukshøgskole og Forskning og forsøk i landbruket og dekker et publiseringsbehov for norske forskningsresultater innenfor fagområdene: Akvakultur/*Aquaculture*, Husdyrbruk/*Animal Science*, Jordfag/*Soil Science*, Landbruksteknikk/*Agricultural Engineering and Technology*. Naturgrunnlag og miljø/*Natural Resources and Environment*, Næringsmiddelteknologi og hygiene/*Food Technology*, Plantedyrking jord- og hagebruk/*Crop Science*, Skogbruk/*Forestry*, Økonomi og samfunnsplanlegging/*Economics and Society Planning*,

Tidsskriftet har abstrakt, figur- og tabelltekster, overskrift samt nøkkelord på engelsk.  
*Articles published in the journal will always contain titles, abstracts, key words and figures and tables legends in English.*

**Ansvarlig redaktør/Managing Editor, Jan A.: Breian**

### Fagredaktører/Subject Editors

Even Bratberg	Atle Kvåle
Ketil Gravir	Fridtjov Sannan
Unni Dahl Grue	Trygve Skjevdal
Knut Heie	Jon Stene
Arne Hermansen	Steinar Tveitnes

### Redaksjonsråd/Editorial Board

Sigmund Christensen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for maskinlære  
Birger Halvorsen, Norsk institutt for skogforskning  
Sigmund Huse, Norges landbrukshøgskole, Institutt for naturforvaltning  
Ole Øivind Hvatum, Norges landbrukshøgskole, Institutt for jordfag  
Ådne Håland, Særheim forskingsstasjon  
Åshild Krogdahl, Institutt for akvakulturforskning  
Karl Alf Løken, Norges landbrukshøgskole, Institutt for bygningsteknikk  
Toralfv Matre, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag  
Einar Myhr, Norges landbrukshøgskole, Institutt for hydroteknikk  
Kjell Bjarte Ringøy, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning  
Ragnar Salte, Institutt for akvakulturforskning  
Martin Sandvik, Norsk institutt for skogforskning  
Hans Sevatdal, Norges landbrukshøgskole, Institutt for

jordskifte og arealplanlegging  
Arne Oddvar Skjelvåg, Norges landbrukshøgskole, Institutt for plantekultur  
Anders Skrede, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag  
Grete Skrede, Norsk Institutt for næringsmiddelforskning  
Kjell Steinholt, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag  
Arne H. Strand, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag  
Hans Staaland, Norges landbrukshøgskole, Zoologisk Institutt  
Asbjørn Svendsrud, Norges landbrukshøgskole, Institutt for skogøkonomi  
Geir Tutturen, Landbruksteknisk institutt  
Odd Vangen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag  
Sigbjørn Vestrheim, Norges landbrukshøgskole, Institutt for hagebruk  
Kåre Årsvoll, Statens plantevern

### UTGIVER/PUBLISHER

Statens fag tjeneste for landbruket/*Norwegian Agricultural Advisory Centre*, Moerveien 12, 1430 Ås, Norway. Norsk landbruksforskning/*Norwegian Agricultural Research* (ISSN 0801-5333) blir utgitt med fire hefter pr. år som utgjør et volum. Hvert hefte skal være på ca. 100 sider. Abonnementsprisen er NOK 400,- pr. år. Eventuelle supplementer vil bli sendt gratis til abonnenter, men kan bestilles separat hos utgiveren.

### KORRESPONDANSE/CORRESPONDENCE

All korrespondanse av redaksjonell eller forretningsmessig karakter skal sendes til Statens fag tjeneste for landbruket/*Norwegian Agricultural Advisory Centre*.

# Norsk landbruksforskning

*Norwegian Agricultural Research*

Supplement No. 5 1989

Synspunkt på forskning i  
planteproduksjon og  
fôrkonservering, med  
hovedvekt på grovfôr

*Aspects of research in  
plant production and  
fodder conservation,  
with special reference to  
forages*



Statens fagtjeneste for landbruket, Ås, Norge  
*Norwegian Agricultural Advisory Centre, Ås, Norway*



## HONNØRSKRIFT

til

**professor, dr. agric. Birger Opsahl**

Birger Opsahl er født 1. oktober 1917 i Hetland (nå Stavanger) kommune i Rogaland. Han tok artium i 1938, agronomeksamen i 1940 og eksamen ved Norges landbruks-høgskole, jordbruksavdelingen, i 1944. Han arbeidet som vitenskapelig assistent og amanuensis ved Statens forsøksgard Forus, og som vitenskapelig assistent, amanuensis, forskningsstipendiat og førsteamanuensis ved Institutt for plantekultur, Norges landbrukshøgskole. I juli 1963 ble han tilsatt som forsøksleder ved Statens forsøksgard Forus/Særheim, og i september 1966 ble han utnevnt til professor ved Institutt for plantekultur, Norges landbrukshøgskole. Han tiltrådte professoratet i november 1966.

I 1965 ble Birger Opsahl tildelt doktorgraden i landbruksvitenskap (dr. agric.) ved Norges landbrukshøgskole på avhandlingen «Contribution to the breeding methods of timothy» (Meld. Norg. LandbrHøgsk. 43 (12)). Utenom doktorarbeidet har Opsahl en betydelig skriftlig produksjon av vitenskapelig og faglig veiledende art. Hans vitenskapelige engasjement har også vært rettet mot en rekke praktiske sider ved norsk planteproduksjon. I denne forbindelse nevnes at han i 1970-årene sto i spissen for arbeidet med et faglig opplegg for stamsæd- og bruksfrøavl i nesten alle förvekster her i landet. I perioden som forskningsstipendiat ved Institutt for plantekultur og seinere, arbeidet professor Opsahl med rotvekstforedling. Konkrete resultater av dette arbeidet er bl.a. Foll nepe (1962) og den klumprotsterke Gry kålrot (1965). Disse sortene er fremdeles i handel.

Opsahl har gjort en betydelig innsats i undervisningen. Fra han tok til som professor i 1966 og til han gikk av i 1987, har han kontinuerlig bygd opp undervisningen i förvekstproduksjonen og i generell plantekultur som er deler av plantekulturfaget ved Norges landbrukshøgskole. I denne sammenheng er det skrevet kompendier og øvelsesrettleiiing som dekker mye av stoffet i undervisningen. Dessuten har han i perioden som professor vært lærer og veileder for 91 studenter med hovedfagoppgave fra forskjellige sider av norsk planteproduksjon. Han har også vært veileder for 19 lisensiat/dr. scient-studenter, derav 5 med plantekultur som støttefag. Flere doktorander som er tildelt doktorgraden (dr. agric.), og mange andre forfattere i landbruksvitenskap, takker ham for gode råd og positiv kritikk av skriftlige arbeider. Resultater av det vitenskapelige arbeidet som er publisert fra disse studiene, representerer viktige bidrag i landbruksforskningen, teoretisk og praktisk.

Som medlem av faggrupper, utvalg og styringsorgan har Opsahl i stor grad vært med på å forme förvekstforskningen her i landet i de siste 20-25 årene. Han har videre vært engasjert i en rekke N.L.V.F.-utredninger som bl.a. produksjon av encelleprotein fra olje/gass, utvinning av bladprotein fra forskjellige vekster, grunnlaget for produksjon av fett/protein fra planter her i landet, og om mulighetene for utnyttning av permanente enger og fjellområder i Norge.

Professor Opsahl har deltatt i FAO's grasmarksgrupper for forskning i fjellområder og lågland i Nord- og Mellom-Europa, og vært medlem av Commission for Agricultural Meteorology (CAgM) under WMO. Dessuten har han lagt ned et stort arbeid i European Grassland Federation (EGF). Han var president i denne organisasjonen fra 1982-84 og for EGF-kongressen på Ås i 1984.

Forfatterne ønsker å hedre professor, dr. agric. Birger Opsahl med denne artikkel-samlingen. Artikkelen berører emner som Opsahl har vært opptatt av og arbeidet med i hele sitt yrkesaktive liv. Vi takker for stor innsats.

Ås/Bodø/Tromsø i november 1988

Ole Bernt Olsen

Øystein Simonsen

Ivar Schjelderup

## SKRIFTLIGE ARBEIDER

1. Opsahl, B. 1946. Uten fosforsyre i 15 år. Statens forsøksgard Forus, meld. 28, 106-111.
2. Opsahl, B. 1950. Forsøk med havresorter, Forsk. fors. landbr. 1, 1-34.
3. Opsahl, B. 1951. Forsøk med kalkkvelstoff mot frøugras og som kvelstoffgjødsel i potet. Forsk. fors. landbr. 2, 263-275.
4. Opsahl, B. 1952. Brukskrysning i planteavl. Bondevennen 55, 81-83.
5. Opsahl, B. 1952. Forsøk med aukande kunstgjødselmengder til eng. Bondevennen 55, 146-150, 162-166.
6. Eikeland, H. J. og B. Opsahl 1953. Stamme- og såmengdeforsøk med timotei i blanding med kløver 1946-1952. Forsk. fors. landbr. 4, 423-438.
7. Flovik, K. og B. Opsahl 1953. Forsøk med sortar og stammer av nepe 1947-1951. Forsk. fors. landbr. 4, 121-142.
8. Opsahl, B. 1953. Valg av rotvekststammer. Samvirke 48, 122-123.
9. Opsahl, B. 1954. Forsøk med stammer av førbeter 1950-1953. Forsk. fors. landbr. 5, 525-545.
10. Opsahl, B. 1954. Valg av rotvekststammer. Samvirke 49, 141-142.
11. Opsahl, B. 1956. The discrimination of interactions and linkage in continuous variation. Biometrics 12, 415-432.
12. Opsahl, B. 1956. En biometrisk metode i planteforedlingen. Nordisk Jordbr.forskn. 38, 307-309 (kongress).
13. Opsahl, B. 1957. Forsøk med sorter og stammer av nepe 1953-1956. Forsk. fors. landbr. 8, 433-446.
14. Opsahl, B. 1957. Valg av rotvekststammer. Samvirke 52, 105-106.
15. Opsahl, B. 1958. Nye metoder i rotvekstdyrkingen. Samvirke 53, 35-36.

16. Opsahl, B. 1958. Valg av rotvekststammer. Samvirke 53, 129-130.
17. Opsahl, B. 1958. Forsøk med stammer av kålrot. Forsk. fors. landbr. 9, 1-16.
18. Opsahl, B. 1958. Forsøk med formargkål. Forsk. fors. landbr. 9, 295-313.
19. Opsahl, B. 1958. Nye metoder i rotvekst dyrkingen. Jord og avling nr. 3, 5-7.
20. Opsahl, B. 1959. Utnytt rotvekstenes avkastningsevne. Norsk Landbruk nr. 4, 76-77.
21. Opsahl, B. 1959. Valg av rotvekststammer. Samvirke 54, 146-147.
22. Opsahl, B. 1960. Forsøk med stammer av forbeter 1956-1959. Forsk. fors. landbr. 11, 587-605.
23. Opsahl, B. 1960. Valg og dyrking av förvekster. Østlandets melkesentral, stensiltrykk, 26 s.
24. Opsahl, B. 1960. Nepedyrking og nepestammer i Trøndelag. Landbrukstidende 66, 210-212.
25. Opsahl, B. og E. Glemmestad 1960. Rotvekstar = Kraftför. L.O.T. Småskrift 7/60, 11 s.
26. Opsahl, B. 1961. Valg av rotvekstsortar. Samvirke 56, 159-160.
27. Opsahl, B. 1961. Slipt frø av forbeter. Samvirke 56, 167-168.
28. Opsahl, B. 1961. Beising av rotvekstfrø. Samvirke 56, 168-169.
29. Opsahl, B. 1961. Bladfaks gir store grasavlinger. Norsk landbruk nr. 7, 224-225.
30. Opsahl, B. og K. Ringlund 1961. Avling, handelsverdi og matkvalitet hos forskjellige kålrotsorter. Forsk. fors. landbr. 12, 57-78.
31. Opsahl, B. og O. Lode 1961. Virkning av frøbeising på spiring, vekt av kimplanter og frødiameter hos kålrot. Forsk. fors. landbr. 12, 165-185.



32. Aamlid, K., L. Hunskaar  
B. Opsahl, J. Rasten 1961. Instilling om offentlige tiltak til fremme av plantforedling, sortforsøk, stamfrøavl og bruksfrøavl i rotvekster og grønnsaker. Statens Såreråd, 1961. 52 s. + 11 tab.
33. Opsahl, B. 1961. Rotvekster eller førmarginål. Bondevennen 64, 11-17.
34. Opsahl, B. 1962. Rotvekster og førmarginål. Bondevennen 65, 18-19.
35. Opsahl, B. 1962. Bør kålrot- og neppefrøet sorteres sterkere? Samvirke 57, 99-101.
36. Opsahl, B. 1962. Smooth bromegrass in Norway. Agronomy Journal 54, 55.
37. Opsahl, B. 1962. En ny nepesort for Trøndelag. Landbruks-tidende 68, 207-208.
38. Opsahl, B. 1962. Rotvekstedyrking med gode resultater. Samvirke 57, 135-136.
39. Opsahl, B. 1962. Foll, en ny nepesort. Samvirke 57, 137-138.
40. Opsahl, B. 1962. Tynningsarbeidet og dobbeltplanter i rotvekståkeren. Jord og avling nr. 2, 2-3.
41. Opsahl, B. 1962. Forsøk med nepesorter 1958-1961. Forsk. fors. landbr. 13, 427-446.
42. Opsahl, B. og A. Bylterud 1962. Reaksjon på økende mengder TCA hos forskjellige sorter av rotvekster. Forsk. fors. landbr. 13, 465-480.
43. Opsahl, B. 1962. Arter og sorter av rotvekster. I Bondens Handbibliotek 3, 21-27, Norsk Landbruks Forlag, Oslo.
44. Opsahl, B. og J. Ryssdal 1964. Forsøk med kålrotsorter 1959-1962. Forsk. fors. landbr. 15, 215-223.
45. Opsahl, B. 1964. Contributions to the breeding methods of timothy. Meld. Norg. Landbr. Høgsk. 43 (12), 86 s.
46. Opsahl, B. 1965. Kvantitative genetiske virkninger av kromatidespalting hos en autotetraploid. Prøveforelesning for den landbruksvitenskapelige dok-torgrad 23.2. 1965. 22 s.

47. Opsahl, B. 1965. Prinsipper og metoder i krysningsforedling hos selvbefruktende vekster. Prøveforelesning for den landbruksvitenskapelige doktorgrad 23.2. 1965, 21 s.
48. Opsahl, B. 1965. Førhaustar og gjenvekst. Bondevennen 68, 2-3.
49. Opsahl, B. 1965. The value of biometrical models in plant breeding. IV. Eucarpia Congress. Lund July 1965, 81-90.
50. Opsahl, B. og K. Herje 1966. Stamsæd jamført med ukontrollert utsæd i potet. Forsk. fors. landbr. 17, 21-32.
51. Opsahl, B. og J. Ryssdal 1966. Forsøk med gjenlegg til eng. Forsk. fors. landbr. 17, 33-46.
52. Opsahl, B. 1966. Foreløpig rapport om gjødslingsforsøk på fjellbeite i Sirdal. Stensiltrykk, 21 s.
53. Opsahl, B. 1971. Perspektiver i grasdyrkingen. Ny Jord 58, 18-35.
54. Opsahl, B. 1971. Vassdragsreguleringen i Jotunheimen. A. Sjøa-Nedre Otta. I: A.O. Skjelvåg (red.) Følgjer av vassdragsregulering for planteproduksjon i vassdraget, s. 2-7. NLVF 1986.
55. Opsahl, B. 1972. Vassdragsreguleringen i Jotunheimen. B. Øvrige områder (I) Ibid. s. 9-14.
56. Opsahl, B. 1973. Vassdragsreguleringen i Jotunheimen. C. Øvrige områder (II). Ibid. s. 16-23.
57. Opsahl, B. 1976. Vassdragsreguleringen i Jotunheimen. D. Breheimen. Ibid. s. 25-30.
58. Opsahl, B. 1973. Vassdragsreguleringen i Jotunheimen. E. Breheimen - Stryneutbyggingen. Ibid. s. 32-34.
59. Opsahl, B. 1973. Uttalelse om reguleringen i Reindalen, Tafjord. Ibid. s. 36-38.
60. Opsahl, B. 1973. Uttalelse om reguleringen av Øvre Orkla. Ibid. s. 40-44.
61. Opsahl, B. 1974. Uttalelse om reguleringen av Otra. Ibid. s. 46-48.

62. Opsahl, B. 1973. Uttalelse om Alta-utbyggingen. Ibid. s. 50-56.
63. Opsahl, B. 1976. Uttalelse om kraftutbyggingen i Nordland. Ibid. s. 58-67.
64. Opsahl, B. 1982. Pastures on outlying land in Norway. In: Låg, J. (ed) 1982. Basis of accounts for Norway's natural resources, 89-97. Universitetsforlaget. Oslo - Bergen - Tromsø.
65. Opsahl, B. 1984. Growth climate, agricultural land, soil and grazing resources in Norway. In: Riley, H. and A.O. Skjelvåg (eds.) 1984. The impact of climate on grass production and quality. Proc. 10th Gen. Meet. Europ. Grassld. Fed., Ås-Norway, 14-23. The Norwegian State Agr. Res. Stations, Ås, Norway.
66. Opsahl, B. 1985. Lys, varme og vekst hos gras. Foredrag, Jæren forsøksring 21. febr. 1985.

#### *Kompendier*


67. Opsahl, B. 1974. Rotvekster. Landbruksbokhandelen. Stensiltrykk, 180 s.
68. Baadshaug, O.H. og B. Opsahl 1974. Overvintring hos eng- og beitevekster. Landbruksbokhandelen. Stensiltrykk, 108 s.
69. Opsahl, B. 1976. Kulturplantane. Opphav, utvikling, alder, særmerke, opphavsområde. Stensiltrykk, 46 s.
70. Opsahl, B. 1980. Ressurser i planteriket: mat, fôr, fibre, stimulans. Landbruksbokhandelen. 82 s.
71. Opsahl, B. 1980. Viktige vekster i verdens jordbruk. Landbruksbokhandelen. 138 s.
72. Opsahl, B. 1981. Frø, spiring, vekst og oppbygging hos noen kulturplanter (Til bruk ved øvelser). Landbruksbokhandelen. Stensiltrykk, 122 s.
73. Opsahl, B. og A. O. Skjelvåg 1983. Attlegg til eng og beite. Landbruksbokhandelen. Stensiltrykk, s. 89.
74. Opsahl, B. og A. O. Skjelvåg 1984. Varig eng i Noreg. Areal, opphav, plante-setnad, fornying. Landbruksbokhandelen. Stensiltrykk, 102 s.

75. Opsahl, B.

1985. Endringer i arealer og planteproduksjon i jordbruket i Norge, og utvikling på enkelte andre områder med tilknytning til emnet. Landbruksbokhandelen. Stensiltrykk, 63 s.

## INNHOLD

1. Utfordringer til ei desentral landbruksforskning	Ole Bernt Olsen	3
2. Planteforedling fram mot århundreskiftet	Knut Aastveit	19
3. Ny teknologi i planteforedlingen, med hovedvekt lagtpå i genteknologi	Øisten Simonsen	27
4. Framtidig frøavlsforskning	Odd Arne Rognli	35
5. Sikring av var engfrøforsyning	Ragnar Hillestad	45
6. Kulturbeitet - Quo Vadis?	Einar K. Time	53
7. Engavlinger i ulike deler av landet	Markus Pestalozzi	59
8. Foredling for overvintringsevne hos engvekster	Arild Larsen	65
9. Belgvekstar i grovfôrdyrkinga	Tor Lunnan	71
10. Verknader av drifts- og bruksmåte på botanisk samansetnad i eng	Lars Nesheim	77
11. Teknikk og grovfôrdyrking Hvor står vi i dag, og hva vil framtida bringe?	Knut Lindberg	85
12. Husdyrgjødsla - ressurs og problem Framtidige forskningsoppgåver	Kjell Vastveit	93
13. Ensilering av grovfôr Retninga for den framtidige forskinga	Jan Reid Hole	101
14. Våderlek och vâxtproduksjon Ett tillâmpningsområde i fôrvaldning	Bengt W. R. Torssell	107
15. Bruk av klimadata i framtidig forskning, undervisning og rådgjevning	Arne O. Skjelvåg	121
16. Plantevernforskinga i det komande 10-året	Kåre Årsvoll	127



# UTFORDRINGAR TIL EI DESENTRAL LANDBRUKSFORSKING

OLE BERNT OLSEN

Statens forskingsstasjonar i landbruk, Ås

Lokal forskingsverksemd i landbruks-samanheng har noko å gjere med dei naturlege vilkåra for å drive landbruk i landet vårt. Men ut over dette er det ikkje særleg klårt kva innhald og føresetnader ei slik desentralisert forskning skal ha. Dette trass i at det er ei verksemd av heller stort omfang, og at det ligg føre fleire utgreiingar og dokument om denne frå den seinare tid.

Forskningsinstitusjonane i landbru-  
et har dei siste par åra vore opptekne med strategisk planlegging. Dette er i røynda ein svært djuptgripande prosess, som kan føre til store endringar i måten forskningsinstitusjonane ser seg sjølve og sine oppgåver på. Den bør hos overordna organ føre til nye oppfatningar om styrings- og ansvarstilhøve i forskinga, og få brukarane av forskingsresultat til å stille større krav og forventningar.

I denne planprosessen bør vi

- prøve å setje våre nære spørsmål inn i et lengre og vidare perspektiv, for å bøte på vår historieløyse, og
- ta opp også meir vesentlege og kontroversielle problemstillingar enn vi brukar å gjere.

## DET RELATIVE MANGFALDET

Av inntrykk som festna seg i eiga studietid, kom nokre inn frå sidelina, m.a. desse to:

Marsen 1953, med utsyn til ein pannekakeflat Nord-Aust-polder, tek den nederlandske fagmannen si utgrei-

ing til med jordvariasjonen på arealet og kva den har å seie for val av vekstar og dyrkingsopplegg.

Eit ideal av ei flat, jamn forsøksjord vert med ein gong meir jordnær, og relativitetsteorien får - omsider - eit visst innhald.

Eitt år tidlegare, ved ein tysk forskningsinstitusjon for arbeidsteknikk og rasjonalisering, får ei lokal gruppe jordbrukarar omvising og orientering. Ein spade og eit jordprofil er det den tyske fagmannen står seg til, i si utgreiing om veksevilkår, val av produksjonar, driftsvilkår o.m.

Det kan ikkje provast at dei to inntrykka, som nok etter kvart forsterka kvarandre, vart avgjerande for den leia den faglege interessa seinare tok. Men eit noko vidare og meir jordnært perspektiv medverka dei nok høgst sannsynleg til.

I vårt eige vidstrakte land må mangfaldet i veksevilkår vera eit sentralt interesseområde for alt som har med plantedyrking, og dermed grunnlaget for landbruket vårt, å gjere.

Korleis har vi teke oss av dette mangfaldet - i praksis og forskning?

## NORGE SOM JORDBRUKSLAND

Mykje brukte karakteristikkar av Norge som jordbruksland er den særskilde andelen av jordbruksareal i høve til landarealet totalt - ca. 3 prosent, og arealet av dyrka jord pr. innbyggjar - ca. 2 dekaar. Bruksstorleik, avgrensa produksjonsval og låg sjølvbergingsgrad er

karakteristikkar som plar følgje opp dette.

Åleine i verda er vi knapt om alle desse karakteristikkane, men ser vi på innhaldet i jordbruksarealet, vert det snart meir einsamt og veglaust.

Det vesle arealet vi har, har vi fått spreidd over eit vidt geografisk område, med høgst skiftande terreng- og jordtilhøve, kombinert med stor - om ikkje alltid rekordstor - variasjonsbreidd i alle dei klimafaktorar vi veit har direkte og indirekte verknad på plantevekst og planteproduksjon. Dei viktigaste av desse faktorane - temperatur og lengde av veksetida, daglengde og globalstråling, nedbør og vintertilhøve - er nærare omtala i ein oversynsartikkel av Opsahl (1984).

Korleis klima-, jord- og terrengfaktorar verkar på plantevekst, er komplisert og noko vi treng vite mykje meir om. Men i ein sum vil vi få eit sluttresultat som avlingsmengd og -kvalitet. Kostnadene ved produksjonen heng også sterkt saman med dei faktorane vi har nemnt. Samanlagt sit vi då att med eit økonomisk resultat.

Det særleine ved Norge som jordbruksland, er at vi vil ha ein moderne intensiv planteproduksjon med sikte på eit godt økonomisk resultat, under vekse- og drivevilkår som for delar av landet er utan sidestykke i andre land.

Det særleine ved Norge som land og samfunn er at vi, trass i alle dei kostnadstunge faktorane, vil ha både like levevilkår for alle over heile landet, og levevilkår utan sidestykke i andre land.

Om det er komplisert nok på den biologiske sida, vert det meir enn nok for dei fleste når økonomiske og samfunnspolitiske sider kjem til for fullt.

Vi har innan landet vårt dei naturlege dyrkingsgrensene for alle dei artar vi nyttar ut i økonomisk planteproduksjon i jord- og hagebruk. Den jordbruksfaglege utfordringa ligg i kor langt ut mot dei naturlege grensene vi kan tøye dei økonomiske.

Ved hjelp av tiltak frå samfunnet si side kan den økonomiske dyrkingsgrensa tøyast svært langt. Dette har også blitt gjort, både i tidlegare og nyare tid. Forsking og rådgjeving har prøvd å møte dei faglege utfordringane, kan hende ofte ut frå snevre sektorsynsvinklar, men sterke økonomiske verkemiddel dekkjer lett over dei faglege.

Ein situasjon der innsats av økonomiske verkemiddel vert tona ned, og måla framleis er dei same, må logisk føre til at fagleg innsats må prioriterast opp. Dette er ei utfordring til forskinga, ikkje minst lokal forskingsverksemd, som no kan bli sett på ei ny og større prøve. Samfunnspolitiske og landbruksfaglege sider må spele kvar si rolle, men dei må samstundes påverke kvarandre.

Men den største utfordringa ligg vel i at måla ikkje lenger er dei same. Biologisk produksjon skal gå føre seg både på økologisk og økonomisk forsvarleg måte. Forskinga må skaffe betre kunnskap og forståing for denne prosessen og for nye måtar å gjennomføre produksjonen på.

Før vi går vidare inn på dei perspektiv dette gir for forskning lokalt, og for Norge som jordbruksland, bør vi få med oss noko meir av perspektivet bakover.

## DET HISTORISKE PERSPEKTIVET

Det moderne jordbruk, med skiftebruk, stor kapitalinnsats og omsetnad - m.a.o. eit intensivt jordbruk - har ei relativt stutt tid bak seg. Det gjeld ikkje berre vårt land, men slik vi ligg til geografisk, kom vi nok noko etter i starten.

Ut over i førre hundreåret sette føregangsfolk i gang utviklinga frå ein-sidig engdyrking til skiftebruk. Det var ei utvikling knytta til dei beste jordbruksområda. Men det gjekk ikkje utan vidare lett føre seg. Dei 'rike og sunde naturlige enge' hadde sin styrke, som det går fram av Jacob Sverdrup si 'Lærebog i den



norske landhusholdning', 1849: (e. Olsen, 1964 b).

'At opbryde deslige enge til dyrkning av sæd eller hvilkensomhelst anden vekst, skulde være et daarlig foretagende, fordi ingen frugt er saa sikker som græsveksten, ingen vindes med saa ringe omkostninger, og intet gir i vort jordbrug den fordel som kvægavlen.'

Men den siste fjerdeparten av hundreåret vart ei vanskeleg tid for jordbruket - og for landet. Billeg korn frå Amerika fløynde inn over grensene, arbeidskraft fløynde ut. Utviklinga av det sterke, eller intensive jordbruket stogga opp, og gjekk endåtil tilbake.

Ved århundreskiftet var det sterke meiningsskilnader mellom fagfolk omkring korn- og grasdyrking, skiftebruk og einssidig engbruk, intensiv og ekstensiv drift. Dette var meiningsskilnad på landbrukspolitisk og driftsøkonomisk grunnlag, men utgangspunktet for den einskilde var oftast dei naturlege vilkåra han kjende best til. Dermed kan vi godt seie at konstellasjonane korn - gras og sentrale jordbruksområde - utkantjordbruk var trekte opp.

Faktorar utanfrå fekk avgjerande innverknad også på den vidare utviklinga i jordbruket i form av:

- matforsyningsproblema under første verdskrigen, og
- overskottet på arbeidskraft ut over i mellomkrigsåra.

Både faktorar bygde sterkare opp under krava om ei meir intensiv jordbruksdrift i større delar av landet enn nokon kunne ha tenkt seg.

Fagleg fekk dette si utforming i Paul Borgedal si avhandling om Intensitetsproblemet i norsk jordbruk (1926): (e. Olsen, 1964 a).

'Hvor jorden er optatt og har verdi og hver bruker bare har et givet jordareal blir den driftsmessige opgave å utnytte dette jordareal ved hjelp av arbeide og arbeidskapital i sådanne mengder at

nettoavkastningen pr arealenhet blir størst mulig.'

Dette driftsøkonomiske programmet har hatt stor gjennomslagskraft og langvarig verknad - og etterverknad - i politikk, praksis, rådgjeving og forskning. Det har jamvel blitt tøygd endå lenger - til avlingsmengd pr arealeining som resultatmål.

Som ofte elles vart atterhald som låg bak formuleringa borte under vegs. Det intensive skiftebruket skulle vera den karakteristiske driftsmåten for heile landet - 'hvor den på grunn av naturforholdene ikke fortreges av eng- og beitebruket'.

Til skiftebruk må vi også rekne den kortvarige enga. Konsulent Eystein Gjelsvik, som kanskje meir enn nokon annan sto midt oppe i den praktiske gjennomføringa av det driftsøkonomiske idealet i utkantjordbruket, formulerte i 1939 røynslene sine som lei ar bureisingsarbeidet i Selskapet Ny Jord slik: (e. Olsen, 1964 b).

'Jeg kjenner ikke noe dogme som har gjort vårt jordbruk større skade enn denne at vi ikke kan drive med annet enn ensidig høyavl over største delen av landet. Det er riktig nok at velstelt eng hos oss gir rik avling. Men jeg har ennå tilgode å se velstelt eng uten forholdsvis meget åpen åker'.

Det er nær eit hundreår mellom dette sitatet og det vi tok til med i dette avsnittet. Saman illustrerer dei hovudmotsetnaden vi står overfor også i dagens situasjon. Det første tek utgangspunkt i dei sentrale, frå produksjonsstadsrike, jordbruksområda, det andre i utkantjordbruket - eller kanskje vi heller skal seie - dei naturlege eng- og beitebruksområda. Både tok feil, men på ulike premisser - det første med for stor vekt på dei naturlege produksjonsvilkåra og for små forventningar til skiftebruket, og det andre med for lite vekt på naturvilkåra og for stor tru på skiftebruksdogmet i denne samanhengen.

Den noko enkle problemstillinga, med størst mogleg produksjonsauke og

produksjonsteknisk framgang, er halden godt ved like under og etter den siste krigen. Den største skilnaden finn vi i at det no i langt større grad er høgare arbeidsproduktivitet som er målet. Dette går av og til på arealproduktiviteten sin kostnad, men kapitalproduktiviteten er det store uløyste problem.

I 1980-åra sit vi så med eit hovudmønster for plante- og husdyrproduksjonen vår som er nokolunde slik:

- einssidig intensiv kornproduksjon i storparten av dei store jordbruksområda - med unntak av Jæren
- einssidig intensiv gras- og husdyrproduksjon i resten av landet

Kor langt vi har lukkast med dette produksjonsopplegget ut frå tradisjonelle mål og resultatmålingar for jordbruksproduksjon, er det delte meiningar om. Men einssidig intensiv produksjon skapar nye problem og kostnader som samfunnet må bera.

Før vi eigentleg har løyst den reine produksjonsfaglege oppgåva under vanskelege veksevilkår, står dei nye utfordringane på rekkje og rad. Kravet om eit meir miljøvennleg landbruk med utgangspunkt i Brundtlandkommisjonen sitt mål om ei berekraftig utvikling, er vel det som samlar heile problemstillinga.

Nye skiljeliner oppstår mellom industrijordbruk og miljøjordbruk, heiltidsbrukarar og deltidbrukarar, mellom indre og ytre marknadstilhøve, mellom jordbruk og andre næringer.

Svært mange meiner vel den situasjonen vi står overfor no, set avgjerande skilje mellom fortid og framtid, og at omsynet til miljøet no har kome opp på eit overordna plan for godt. I alle høve må forskning og utvikling i landbruket rekne med å bli stilt på si største prøve til no. Sentralt i dette står planteproduksjonen og annan produksjon som er basert på denne. Dei naturlege vilkåra for produksjonen er i endå større grad enn før av-

gjerande for kva problem vi møter og korleis vi møter dei.

Forskinga skal likevel berre vera kunnskaps- og premissleverandør til dei som skal ta avgjerder - og ikkje ein eigen styringsfaktor for ei bestemt utvikling.

Forskningsaktivitet lokalt vil som tidlegare ha sin plass og oppgåve i denne samanhengen.

## LOKAL FORSKNING I PERSPEKTIV

Lokal forskning i jordbruk, hagebruk og husdyrbruk i Norge er i hovudsak den som sidan 1974 er organisert i Statens forskingsstasjonar i landbruk, med 14 lokale forskingsstasjonar spreidd over heile landet.

Utviklinga av lokal forsøksverksemd i jord- og plantekultur, som etter kvart vart til det forskingsapparatet vi har i dag, har klår samheng med den jordbruksutviklinga som er omtala.

Dei tre første statlege distriktsforsøksgardane i jordbruk vart oppretta omkring 1910 i kvart av dei tre sentrale jordbruksområda, Austlandet, Jæren og Trøndelag, og like etter 1920 kom etter tur fjellbygdene, Sørlandet og Nord-Norge med. Dessutan kom det ein hagebruksforsøksgard på Vestlandet og ein i Trøndelag.

Utviklinga seinare kan ein også stort sett lese av mot den allmenne jordbruks- og jordbrukspolitiske utviklinga.

Dette var ei verksemd som hadde tyngdepunkt i plantedyrkingsspørsmål med hovudvekt på å ta i bruk nye artar og sortar, betre dyrkingsteknikk, sterkare gjødsling, betre jordkultur osv. - eller m.a.o. å byggje ut kunnskapsgrunnlaget for allsidig skiftebruk i dei ulike distrikt over heile landet.

Mykje har lukkast - fram for alt der dei naturlege og økonomiske føresetnadene låg til rette for meir krevjande driftsmåte - og der nær sagt ein kvar produksjonsteknisk framgang var ei økonomisk vinning for den som tok den i bruk.

Men det kan nok kanskje hevdast at forsøksverksemda var varsam med å gå ut i dei områda der produksjonsvilkåra ikkje var dei beste - eller at den kom seg fort ut av dei.

Vi har vel på ein måte, både i praksis og forskning, prøvd å eliminere jord- og klimavariasjonar og ulike dyrkingsproblem ved hjelp av nye sortar av plante-materiale og tiltru til Norsk Hydros produkt. Tilsnittsmidlar og politiske og fag-politiske vedtak har gjort sitt i tillegg.

Ein slik tradisjon kan ikkje halde fram under stigande driftsvanskar og sterkt aukande miljøproblem. Pasienten må få meir og betre fagleg kunnskap og mindre medisin, midlar, forskrifter og vedtak.

## ORGANISERING AV FORSKING LOKALT

Det tok lang tid før spørsmålet om organiseringa av forskning innan jordbruk og hagebruk kom opp på eit avgjerande plan. I den første tida etter siste krig var teknikk, økonomi, plantevern o.m. høgast på dagsorden.

Ved 'Innstilling om programforskningen i jord- og plantekultur' (NLVF, 1970) var det skissert ein organisasjonsmodell for den jord- og hagebruksforskninga som har til hovudføremål å løyse praktiske problem. Uttrykket lokal forsøksverksemd vart i den samanheng skrinlagt, og i valet mellom anvendt forskning, prosjekt- og programforskning, tok innstillinga i bruk det siste uttrykket. Denne forskinga skulle også omfatte grunnleggjande undersøkingar av meir teoretisk slag når dei var nødvendige for å løyse dei praktiske problema.

Forsking som tek sikte på å byggje opp og fornye kunnskapsgrunnlaget om dei allmenne lovbundne samanhengar, er i innstillinga kalla grunnforskning. Men utvalet som laga innstillinga fann at det låg utanfor mandatet å koma inn på organisasjon og administrasjon for denne forskinga.

Fleirtalet i utvalet gjorde framlegg om at institutt ved Norges landbrukshøgskole skulle ta seg av programforskninga for det nærastliggjande distriktet. Forskinga elles i landet skulle organiserast i fem distrikt med ein eksisterande forskingsstasjon som forskingssenter i kvart distrikt.

Heile programforskninga skulle liggje under eit sams styre for jord- og plantekulturforskninga, med eit råd samansett av forskarar frå forskingssentra, Norges landbrukshøgskole og Statens plantevern. Programstyret måtte etter fleirtalet sitt framlegg få eit slag forvaltningsfunksjon overfor forskingssenteret under Landbrukshøgskolen.

Landbruksdepartementet og Stortinget følgde opp mange av dei faglege vurderingane i innstillinga (St.meld. nr 92 (1971-72)), men ikkje framlegget om organisering av forskingssentra, og organisasjonsmodellen elles vart også vesentleg endra. Dette gav som konklusjon ei samling av forskingsstasjonane i distrikta i ein institusjon - Statens forskingsstasjonar i landbruk. Institusjonen skulle vera administrativt sjølvstendig, men fagleg samordna med Norges landbrukshøgskole og andre sentrale forskingsinstitutt. Denne samanknyttinga av forskning tenkte departementet å sikre gjennom samansetjing og representasjon i styringsorganet - institusjonsstyret - og i faglege råd.

Stortingsmeldinga er svært varsam med å forme ut kva oppgaver den samordna institusjonen skulle ha, ut over det å vera ein anvendt - eller målretta - desentralisert forskingsinstitusjon for jordbruk og hagebruk. Ved Stortinget sitt vedtak vart også dei dåverande tre saueavlsgardane lagde til institusjonen som forskingsstasjonar. Det er også lite konkret om leiings- og styringsfunksjon, og særst lite om korleis den faglege samordninga til andre institusjonar, i første rekkje Landbrukshøgskolen, skulle skje.

Det som vart borte undervegs, og som enno ikkje har vore oppe til inngåande vurdering, er kva plass, omfang

og organisering anvendt - eller målretta - forskning skal ha ved Norges landbruks-høgskole og andre sentrale forskingsinstitutt, på dette og andre område. Og - som den andre sida av same sak - kva grunnforskning er og skal innebera organisatorisk og administrativt i landbruksforskingsamanheng.

Den strategiske planleggingsprosessen har så langt heller ikkje sett desse spørsmåla på dagorden.

Dersom vi skal koma fram til rasjonelle samarbeidsformer institusjonar imellom, bør det skje betydeleg avklaring på desse områda.

### MODELLAR FOR DESENTRALISERT LANDBRUKSFORSKING

Alle land vi med rimeleg grunn kan samanlikne oss med, har ein modell for organisering av landbruksforskning med ei eller anna form for desentralisering. Dette gjer seg sterkast gjeldande på område som har med planteproduksjon og veksevilkår å gjera.

Dei lokale forskingseiningane kan vera ulike i fagleg tyngde og arbeidsfelt. Det administrative systemet dei er knytte opp i kan variere. Ofte er dei mindre lokalavdelingar av eit tungt sentralt institutt. Modellen kan ha større eller mindre innslag av arbeidsdeling og av sjølvstendig instituttorganisasjon.

Den *danske* modellen er fagleg og organisatorisk mykje lik den norske.

Institusjonen Statens Planteavlssøg, med Statens Planteavlsudvalg som styringsorgan direkte under Landbruksministeriet, står for lokal forskingsverksemd med tyngdepunkt i plantedyrking i jord- og hagebruk. Til dette høyrer også plantevern og funksjonar som hos oss ligg til Statens planteavlssråd.

Ved ei sterk omstrukturering som er i gang, vil institusjonen få tre geografisk skilde faglege tyngdepunkt - eit plantevern-, eit hagebruks- og eit jordbruks-senter, og eit fjerde administrativt senter med einskilde sams servicefunksjo-

nar for institusjonen, som har i alt om lag 550 tilsette.

Dei fleste lokale mindre forskingsstasjonane får, i alle fall førebels, ei framtid som avdelingar under dei ulike sentra, i første rekkje under jordbruks-senteret, med sterkt avgrensa sjølvstendig fagleg funksjon.

Den faginndelinga som denne hovudstrukturen byggjer på, stiller store krav til samarbeid mellom sentra, for effektiv utnytting av ressursane, og for utvikling av fagområde og servicefunksjonar som er av sams interesse, t.d. bioteknologi, forsøksmetodikk, datateknologi o.m.

Den *britiske* modellen finn vi i den svært omfattande institusjonen The Agricultural and Food Research Service (AFRS), under leiing av The Agricultural and Food Research Council (AFRC).

Denne forskingsorganisasjonen er fristilt frå det statlege styringsapparatet, men har hovudsakleg statleg finansiering for å løyse oppgåvene sine. Midlane kjem frå Utdannings- og vit-skapsdepartementet og Landbruksdepartementa for England og Skottland.

AFRS hadde i 1984 heile 6 600 tilsette, av desse litt over halvparten vitenskaplege medarbeidarar, ved 35 spesialiserte institutt over heile landet, men med sterk konsentrasjon i sørleg del av så vel England som Skottland (AFRC, 1985).

Ei hardhendt budsjettinnstramming har seinare redusert medarbeidartalet kraftig.

Institusjonen går både i djupna og breidda - i det den skal dekkje all ikkje-medisinsk forskning i biologi og tilgrensande vitenskapar - både m.o.t. forbrukarane, landbruksnæringa og andre biologisk baserte næringar og industriar sine interesser.

Forskningsaktiviteten spenner over grunnforskninga og anvendt produksjonsteknologisk forskning for dei einskilda næringar og produsentar, for kvaliteten på matvarene og for nasjonal konkurransevne. Forskinga skal dessutan i

stigande grad skaffe grunnlag for å forme ein langsiktig politikk for landbruket sin verknad på miljøet, arealbruken, ernæringa og husdyra si velferd.

Fleire institutt med ulik lokalisering er knytte saman i ein fagleg og administrativ struktur - som storinstitutt med større fagleg breidd. Fagleg og administrativ leing av ein slik institusjon blir ei svært krevjande oppgåve.

*Svensk og finsk* modell har element av likskap med dansk og norsk, som kunne peike i retning av ein nordisk modell. Men båe har sterkt sentraliserte organisasjonar, med lokalnett av stort sett svært små einingar. Den svenske modellen er bygd inn i Lantbruksuniversitetet sin organisasjon, og har tre hovudsentra.

Den *norske* modellen, uttrykt i Statens forskingsstasjonar i landbruk sin organisasjon, har som særkjenne eit relativt stort tal likestilte forskningseiningar, med eigen forskingskompetanse og sjølvstendig ansvar under ein hovudadministrasjon og eit institusjonsstyre direkte under Landbruksdepartementet. Bortsett frå dette, og Landbrukshøgskolen sin rett til å foreslå eitt medlem i institusjonsstyret, har organisasjonen ingen formelle bindingar til andre organisasjonar, institusjonar eller styresmakter. Dette kan ha vore ein veikskap, men kan under nye vidare perspektiv for landbruksforskninga, bli ein styrke.

Dei 13 einingane med forskarkompetanse er kvar for seg små, med frå 2 til om lag 10 forskarar, og fordeler seg jamt over landet. Svanhovd fagsenter - som den 14. eininga, har ikkje eigen forskarkompetanse.

Det er dei lokale forskingseiningane som utgjer sjølve forskingsorganisasjonen, som det ikkje hadde vore grunnlag for utan eit omfattande samarbeid mellom einingane, og moderne kommunikasjonar.

Det var tidlegare tiders behov og strategiar for fagleg utvikling som låg til grunn for oppretting av forsøksgardar og forskingsstasjonar. Spørsmålet er om det

mønsteret vi har er tenleg for å møte dei utfordringane vi no står overfor. Dette gjer det nødvendig å sjå på kva desse utfordringane er.

## DET UTVIDA LANDBRUKSOMGREPET OG KONSEKVENSAAR FOR LANDBRUKSFORSKINGA

Det er truleg allmenn semje i alle vestlege land med eit høgt og stadig stigande teknologisk nivå, stigande overproduksjon av matvarer, og strammare offentlege budsjett, om å sjå på landbruksforskninga med nye augo (OECD, 1984).

Nye verdiar, som det å ta vare på naturen, skape arbeidsplassar i distrikta, og finne stabil jamvekt mellom menneskeleg aktivitet og økosystemet, er den utfordringa også forskninga må ta opp. Den må få fram kunnskap og finne nye måtar å gjennomføre biologisk produksjon på som er økologisk og økonomisk forsvarlege.

Dette må få verknad for dagens landbruk, som er karakterisert ved høg produksjon og produktivitet, stort forbruk av energi og andre innsatsvarer - spesielt kjemiske produkt - og av store produksjonseiningar.

Dei positive sidene ved noverande produksjonssystem er mange og store, som tilstrekkeleg tilgang på matvarer til rimeleg pris og betre arbeidsvilkår og inntekt for produsentane. Men dei negative er også store, som stigande inntektsskildnader, færre arbeidsplassar og uheldige verknader for miljøet og jorda si produksjonsevne.

Eit 'integrert landbruk' er eit landbruk som omfattar meir enn reine produksjonstekniske funksjonar og produsentinteresser. Det prøver å integrere ulike verdiar og interesser i eit system som tilfredsstillar behova både til produsentar, forbrukarar, økologar og andre interessegrupper, og det gjer landbruket mindre sårbart.

Målet for landbruksforskninga var tidlegare hovudsakleg vekst i matvare-

produksjonen. Veksten har vore raskare og produksjonskapasiteten på verdsbasis større enn ein tenkte seg. Det er likevel underliggjande uvisse knytt til framtida, til svingingar i produksjonen, og til den økonomiske og politiske stabiliteten.

Sjølv om det kan stillast spørsmål ved eindel av den tradisjonelle forskinga, er det nødvendig å oppretthalde både ei sterk landbruksforskning og jordbruket si produksjonsevne.

Prioriteringar og strategiar for landbruksforskning må tilpasse seg desse måla, og eit meir kritisk syn frå samfunnet si side på fordelane ved vekst og teknologiske nyvinningar.

Tre viktige komponentar i strategien vil vera:

- å sikre grunnleggjande vitenskapleg kunnskap som kan takast i bruk når ein treng den
- oppretthalde høveleg menneskeleg og vitenskapleg ekspertise
- oppretthalde ein institusjonell struktur.

Produktivitetsauke vil ikkje nødvendigvis seia vidare produksjonsauke. Eit utvida produktivitetssomgrep må forståast som uttrykk for utbytte frå ei lang rekke ressursar, t.d. meir produkt pr eining av vatn eller gjødsel.

På tilsvarande måte vil eit utvida effektivitetssomgrep gi uttrykk for kor langt ein når fram mot dei måla ein har sett i høve til innsatsen av ulike ressursar. Ein effektiv produksjon kan vera den som sparar ressursar og reduserar forureininga.

Når ein vurderer utviklinga i landbruket til no, bør ein hugse på at heile samfunnsutviklinga til dels har teke feil retning, og at landbruket berre er ein del av det heile.

Sjølv om landbruket tek inn meir heilskapsvurderingar, vil verdiar og idear framleis alltid vera under endring. Ei tilnærming til meir heilskapsforskning vil krevja meir forskingsgeneralisering, med forståing av heile landbrukssek-

toren og tilgrensande emne, enn fleire høgt kvalifiserte spesialistar i kvar sin sektor.

## UTFORDRINGAR TIL EI DESENTRAL LANDBRUKSFORSKING

Dei allmenne trekk i tida kjenner ikkje landegrensar. Landbruksforskninga står stort sett overfor dei same problem og oppgåver i alle land. Ikkje minst går utfordringa til den delen av forskinga som ligg nærast opp til brukarinteressene.

Kva er kjernen i utfordringa - som best kan samanfattast i forskning for ei berekraftig utvikling - og korleis er ei desentral landbruksforskning i stand til å møte den i vårt land?

Det som med ein gong teiknar seg av, er at vi står midt oppe i intensitetsproblemet i norsk jordbruk på nytt. Kritiske augo er sett på det intensive 'industrijordbruket'. Pendelen er - om sider - på veg tilbake. Slår den for langt ut i eit ekstensivt 'miljø-jordbruk'?

For ei forskning som vil vera aktuell og nyttig, er det freistande å følgje pendelen. Men den primære oppgåva vil også no måtte bli å få fram kunnskap som kan nyttast av dei som må ta avgjerder og setje tiltak ut i livet.

Kanskje har ikkje forskinga lukkast godt nok med dette tidlegare og mange avgjerder er tekne på sviktande grunnlag.

Kunnskap er kanskje heller ikkje alltid eit så ettertrakta gode som vi gjerne vil ha det til? Det står ikkje til å nekte at kunnskap også kan vera brysam - ein kan bli nøydd til å omstille seg, endringar kan kjennast ubehagelege, pengar eller verdiar skiftar eigar, utan kunnskap kan ein lettare 'gamble' eller halde mange kjepphestar i god form.

Ei forskning som vil noko, let seg ikkje merke ved slike faktorar, men dei minner oss om forskinga si kritiske oppgåve. Denne bør gå så langt at kunnskapen skal kunne oppfatast av dei som

treng den, men ikkje tvinge løysingar inn på nokon.

Større grunn er det vel til å sjå på forskinga sjølv - kvar den trass i all framgang kan ha feila. Feil unngår vi ikkje i framtida heller - men vi kan prøve å gjera dei færre og mindre.

Eit grunndrag ved landbruksforskning, som ved anna forskning, er at vi forskar, som vi lærer og utdannar oss, bitvis og sektorvis, medan naturen, mennesket og teknikken alle kvar for seg er samansette - og endå meir samansette når dei går saman i ein heilskap.

Landbruksforskninga står no overfor sterke krav om større heilskap i problemstillingar, oppgåver og løysingar. Det gjeld ikkje berre innafor tradisjonelle avgrensingar, men framfor alt i tilhøvet biologisk produksjon - miljø - nærings- og samfunnsinteresser.

Korleis skal ei desentral landbruksforskning møte desse krava?

Først av alt bør den definere si eiga oppgåve og rolle i den samla landbruksforskninga.

Vi har brukt uttrykka lokal forskning - eller forskingsverksemd - og desentralisert forskning. Dei leier bae lett til mistyding med omsyn til innhaldet i den forskingsaktiviteten som er knytt til Statens forskingsstasjonar i landbruk sitt nett av forskingseiningar over heile landet.

Lokal forskning vert til forskning som tek seg av lokale problem, og desentralisert forskning til sentral forskning som er spreidd ut over distrikta t.d. ved statlege vedtak og direktiv.

Den tanken at forskingsaktiviteten som går føre seg i distrikta har ei sjølvstendig fagleg oppgåve så vel i landsom i landbruksforskningssamanheng, har vist seg vanskeleg å formulere og dermed også å marknadsføre.

Noko av dette skuldast dei omgrepa vi nyttar når vi skal greie opp i organisering, oppgåve- og arbeidsdeling mellom institusjonar i landbruksforskninga. Sentralt står her grunnforskning og anvendt forskning.

Norges landbruksvitskaplege forskningsråd (NLVF, 1988) har bede om at desse definisjonane vert nytta:

## GRUNNFORSKNING

'Eksperimentell eller teoretisk virksomhet som primært utføres for å erverve ny viten om grunnlaget for fenomener og observasjoner - uten sikte på særskilte praktiske mål eller anvendelser.

I en del sammenhenger kan det være forståstjenlig å skille mellom:

- Målrettet grunnforskning som er styrt av konkrete mål og som forventes å gi nytteeffekt på lengre sikt
- Fri grunnforskning som er forskning uten sikte på praktisk nytteverdi.'

## ANVENDT FORSKNING

'Virksomhet av original karakter for å erverve ny viten, først og fremst rettet mot bestemte praktiske mål eller anvendelser.'

Som praktisk rettesnor er disse definisjonane lite tenlege. Det vi treng å skilje mellom er

på den eine sida:

- Fag-, disiplin- eller kunnskapsorientert forskning, og

på den andre sida:

- Problem-, emne- eller brukarorientert forskning.

Sentrale forskingsinstitutt vil oftast vera fag-/disiplinorienterte i si forskning. Om dei vert rekna som grunnfagsinstitutt eller høyrer til dei såkalla anvendte fagområda, vil ikkje ha noko å seia for dette. Derimot vil fleire disiplin-



orienterte institutt til saman kunne dekkje ein problemorientert funksjon.

Institutta ved Norges landbrukshøgskole, og i Ås-miljøet elles, kunne gjennom tverrfagleg organisering integrere kunnskapane innan dei einskilde fag og dekkje eit brukarorientert forskingsbehov for heile landet. Ved hjelp av lokale forsøksstader, forsøksringar o.l. kunne datainnsamling, oppbygging av modellar, utprøving og tilpassing av løysingar gjennomførast.

Spørsmålet er om ein slik forskingsmodell, der høgare undervisning, disiplinorientert og problemorientert forskning skal gå føre seg på like vilkår og i same prioriteringskrins, vil vera ei føremålstenleg løysing.

Den svenske modellen har slike hovudelement, uten at det her kan seiast kor gode dei tverrfaglege funksjonane er.

Forskningsstasjonane i landbruket har vore etter måten sterkt fag-/disiplinorienterte, samstundes som arbeidet klårt skulle ha ein målretta - dvs. brukarorientert - karakter.

Hovudaktiviteten har vore innan plantekultur- og delar av jordkultur-faget. Kunnskapsproduksjon i seg sjølve har vore viktig, og svært mykje av denne har også gått inn som lekk i brukaren si løysing av sine samansette problem.

Med aukande kompleksitet i desse problema, og aukande spesialisering innan og mellom fagsektorane, vil utviklinga m.o.t. til ei brukarorientert forskning, uvilkårleg gå i feil lei. Delproblem og delløysingar gir ei form for ansvarsfråskrivning for dei heilskapsløysingar som vil måtte fungere i praksis. Forskinga kan på denne måten bli ein meir eller mindre passiv tilskodar til det som skjer.

Ei problem-, emne- eller brukarorientert forskning vil måtte møte problemstillingane der dei finst, og i den samanheng dei er i. Ut frå dette må den trekkje inn kunnskap som kan medverke til å forklare årsaker og samanhengar, og til å finne løysingar.

over oppbyggingen av næringsreserver i røtter og nedre stengeldeler.

Grovfôr dyrkinga er derfor en balansegang mellom motstridende hensyn: best mulig kvalitet til intensiv husdyrproduksjon og stor og mest mulig årvisse avlingsmengde i en lang engperiode. Forsøk og erfaring tyder på at kvalitetskravene må reduseres noe dersom vi vil opprettholde tilstrekkelige avlingsmengder i distrikter med vanskelige klimaforhold.

Regionaliseringen av husdyrproduksjonen har ført til nedgang av åkerarealet og mer ensidig engdyrking i husdyr distriktene. Dermed har andelen av

gammel eng økt vesentlig. For å kunne opprettholde store avlinger av god kvalitet også på disse arealene er forskingen vedrørende drift og stell av gammel eng trappet opp betydelig i seinere år.

Driftskontrollen i grovfôr dyrkinga vil forhåpentlig gi oss et bedre innblikk i sammenhenger mellom klimaforhold, drift av enga og avlingsmengde og avlingskvalitet under praktiske forhold. Resultatene bør samtidig kunne gi den enkelte bonde et grunnlag for å forbedre driften på de kontrollerte arealene og veilederen støttepunkter for bedre generelle tilrådinger. Dessuten vil driftskontrollen også gi en mer nøyaktig oversikt

Tabell 4. Relative grovfôravlinger i ulike landsdeler 1949-58 og 1985-86. Avling i Rogaland = 100

Landsdel	Jordbruksstatistikk Høy		Driftskontroll Förenheter
	1949-58	Normalavling 1987	1985-86
Østlandet 1)	75	63	84
Vestlandet 2)	83	66	85
Trøndelag	76	78	92
Nordland	66	51	58
Troms	69	40	64

1) Hedmark og Oppland fylker

2) Hordaland og Sogn og Fjordane fylker

over avlingspotensialet i ulike distrikter og variasjoner i avlingsmengde og kvalitet enn bare skjønnsmessige statistiske oppgaver.

#### LITTERATUR

Bævre, I. 1987. Årets grasavling. Buskap og avdrått 39 (4): 132-133.

Jordbruksstatistikk 1948-1985.

Næringsverdien av grovføret 1974-1983.


Fellesmelding fra Norske melkeproducenters landsforbund og Institutt for husdyrernæring NLH, Særtrykk nr 428, 444, 461, 466, 497, 515, 545.

Stensiltrykk fra Norske melkeproducenters landsforbunds produsenttjeneste nr 10/81, 10/82, 10/83.

Pestalozzi, M. 1987a. Konservering av grovfør. Kap. II. Plantekvalitet og avling. NI.VF-utredning nr 142.

Pestalozzi, M. 1987b. Driftskontroll i grovførdyrkinga. Buskap og avdrått 39 (4): 102-106.

Pestalozzi, M. & Retvedt, K. 1959. Forsøk med store kunstgjødselmengder til eng 1948-1952. Forskn.Fors.Landbr. 10: 315-412.



# FOREDLING FOR OVERVINTRINGS- EVNE HOS ENGVEKSTER

ARILD LARSEN

Vågønes forskingsstasjon, Bodø

De flerårige engvekstene, vesentlig grasarter, er viktigst for vår grovfôrproduksjon. Engas produksjonskapasitet er avhengig av plantebestandets kondisjon om våren. Engvekstens overvintringsevne har derfor stor betydning for fôrproduksjonen i Norge.

Et foredlingsprogram for nye engvekstsorter må blant annet stille følgende krav til plantematerialet:

- God evne til tilpassing av veksten etter dyrkingsstedets klima.
- Stor tørrstoffproduksjon i veksttida, samtidig som tilstrekkelig reservenæring lagres for vinteren.
- Lågt forbruk av opplagsnæring gjennom vinteren slik at det er nok næring til vekststart om våren.
- God evne til opparbeiding av motstandsevne mot vinterskadefaktorer om hausten (herding).
- Kunne opprettholde denne motstandsevnen utover etter vinteren.

I foredlingsarbeidet er det viktig å ha kjennskap til hvordan og i hvilken grad engvekstene skades i overvintringsperioden. Rådet for jordbruksforskning tok opp kartlegging av vinterskader i 1948. En undersøkelse i Sør-Norge i de følgende år (Sterten 1952), viste at kløverråte (*Sclerotinia trifoliorum*) var vanlig og gjorde betydelig skade i enkelte områder. Særlig i innlandet ble gras skadd av stor grasknollsopp (*Sclerotinia borealis*), trådkølle (*Typhula* spp.) og snømugg (*Fusarium nivale*). Fysiske skader av frost, oppfrysing og uttørking ble bare påvist i mindre utstrekning. I

Nord-Norge fant Andersen (1960, 1963, 1966) at skader av is og vatn var vanligst. Områder med sterkt vekslende vinterklima var mest utsatt, og områder med stabilt vinterklima, mildt eller kaldt, var minst utsatt for store vinterskader. Overvintringssoppene snømugg og kvit grastrådkølle (*T. ishkariensis*) var vanlige i hele landsdelen og gjorde i enkelte år betydelig skade. Stor grasknollsopp ble det observert skader av i indre strøk. Kløverråte ble sjelden observert.

En systematisk undersøkelse over hele landet i tre år (Årsvoll 1973, 1975), viste at i middel førte overvintringssoppene til 11% skade på engbestandene, mens de fysiske skadene var knapt 9%. Skader av sopp og fysiske årsaker opptrådte under helt forskjellige overvintringsforhold. Sterke soppangrep forekom etter et stabilt, langvarig snødekke, helst på ufrossen jord eller på jord med grunn tele. Skader av is- og vassdekk dominerte i områder med ustabil vinterklima, som i kyst- og fjorddistriktene. Soppskadene økte med snødekkets lengde og de enkelte sopparter hadde forskjellige krav til snødekkets varighet. Snømugg og rød grastrådkølle (*T. incarnata*) kunne angripe etter kortvarig snødekke og forekom i kystområdene, mens hvit grastrådkølle og særlig stor grasknollsopp, måtte ha langvarig snødekke for å utvikle angrep og forekom i innlandet. Generelt kan en si at i Sør-Norge er vinterskader vanligst i innlandet, og i over veiende grad forårsaket av sopp, mens i Nord-Norge opptrer

vinterskadene hyppigst i kyststrøkene og årsakene er oftest is- og vassdekke.

Registreringene av vinterskader (Andersen 1960, Årsvoll 1973) og spesielle forsøk (Baadshaug 1973) viste at jordbunnsforholdene har stor betydning for vinterskadene. Både jordart, jordas struktur og næringsinnhold har betydning for utvikling av vinterskader.

De refererte undersøkelser og andre spredte observasjoner, har gitt oss god forståelse av vinterskadenes natur og delvis et bilde av skadeomfanget. Sannsynligvis er skadene av direkte frost undervurdert, fordi disse er vanskelig å observere. Plantenes vekstkraft kan være redusert uten at engbestandet er dødt. Vinterskadene er ofte svært kompliserte. Flere skadefaktorer kan i en vinter opptre sammen eller etter hverandre. I tillegg forekommer det et samspill mellom plantenes klimatilpassing, drifta de utsettes for og værforholdene gjennom høsten og vinteren.

## VINTERSKADEFAKTORENE OG PRØVING AV PLANTENES MOTSTANDSEVNE

De faktorene som har vist seg å kunne føre til vinterskader, kan oppstilles slik:

Fysiske	Biotiske	Fysiologisk
Frost	Overvintringssoppene:	Dårlig klima-
Isdekke	Snømugg	tilpassing
Vassdekke	Rød og kvit grastrådkølle	Utsulting
Uttørking	Stor grasknollsopp	
Oppfrysing	Kløverråde	

Nye engvekstsorter bør ha et videst mulig dyrkingsområde og derfor motstandsevne mot de fleste vinterskadefaktorene. I foredlingsarbeidet er det vanskelig å få prøvd plantematerialenes motstandsevne mot så mange helt forskjellige skadefaktorer. Vanligst er det å observere vinterskader i felt på foredlingsstedet, men årsak til skadene og

skadeomfanget varierer som vist innledningsvis, sterkt mellom distrikt og år.

Felt kan anlegges i flere distrikter og over flere år, men feltforsøkene krever store jord- og arbeidsressurser og arbeidet vil ta lang tid. Frømengden er også en begrensende faktor for feltforsøk. Prøvingen kan forbedres ved utvalg av spesielle lokaliteter der enkelte vinterskadefaktorer opptrer hyppig. De naturlige forhold kan påvirkes ved at smittestoff tilføres, snø legges på eller fjernes og ved isdekking av feltene. Likevel har en ikke kontroll over vinterklimaet og resultatene blir usikre.

Vanskene med en sikker og reproduserbar prøving av plantenes motstandsevne i felt, har ført til utvikling av metoder for prøving i kontrollert klima. Den store fordelten med slike laboratorieprøvinger er at klimaet er reproduserbart og at store plantematerialer kan prøves på forholdsvis kort tid. Svakheten er at påkjenningene plantene kan utsettes for må bli enkle i forhold til de kompliserte situasjoner som oppstår i en naturlig vinter. Prøving i kontrollert klima kan omfatte alt fra bare påkjenningen av en enkelt skadefaktor som frysing, til hele prøvesyklusen fra såing til skade bedømming. Det siste gir mest reproduserbare resultater og gjør det mulig å prøve plantematerialer året rundt.

Prøving i kontrollert klima kom i gang i Norge i 1950-åra ved Norges Landbrukshøgskole. Det ble bygd opp utstyr for herding, frysing og isdekking, og det ble gjennomført forsøk med herdingsbetingelser og metoder for prøving med fysiske vinterskadefaktorer hos flere engvekstarter (Sjøseth 1957, 1964, 1971). Senere ble det utviklet teknikk for laboratorieprøving av plantenes motstandsevne mot de viktigste overvintringssoppene (Årsvoll 1975, 1977, Årsvoll og Larsen 1977), og metodene ble videreutviklet for vegetativt formerte grasplanter og store foredlingsmaterialer (Larsen 1978, 1979). Motstandsevne mot frost, isdekke og overvintrings-

sopper ble undersøkt i forsøk med arter, sorter og ulike foredlingsmaterialer. Det ble påvist sikre forskjeller og resultatene stemte bra med erfaringer fra overvintringsevne i felt.

Reproduserbarheten av resultatene har i noen undersøkelser vært varierende (Larsen 1983). Dette kan ha sammenheng med at oppal av planter utføres i et vanlig veksthus, der temperatur og daglengde ikke helt kan kontrolleres gjennom året. Plantematerialer oppalt til forskjellige tider på året, kan ha ulike evne til herding. I vekstperioden har engvekstene låg og tilnærmet lik motstandsevne mot vinterskadefaktorer. Det er derfor deres evne til herding ved gunstige klimaforhold som er avgjørende for motstandsevnen. Sorter med forskjellig klimatilpassing kan reagere ulikt på forskjeller i herdingsklima (Fuller og Eagles 1980, Eagles 1984). For å unngå feil ved sammenlikning av sorter/populasjoner på grunn av forskjeller i vekstklima, gjennomføres rutineprøvingene nå i 4 gjentak til forskjellige årstider. Dette ser ut til å ha bedret prøvingene, særlig for motstandsevne mot frost (Tronsmo 1988).

Det finnes nå gode laboratoriemetoder for prøving av plantenes motstandsevne mot frost og mot angrep av soppene snømugg og rød grastrådkølle. Metodene er dårligere for viktige skadefaktorer som isdekke og stor grasknoll-sopp.

#### SAMMENHENG MELLOM PLANTE- NES MOTSTANDSEVNE MOT DE ENKELTE SKADEFAKTORER OG DERES FORHOLD TIL OVERVINT- RINGSEVNE I FELT

De forskjellige vinterskadefaktorene skader plantene på helt ulikt vis. Frostskadene kan variere fra sundring av vev til uttørring av cytoplasmaet i cellene, alt etter frysingens forløp og plantenes fysiologiske tilstand. Skadene av isdekke skyldes vesentlig forgiftning fordi

åndingsgasser opphopes i plantevevet. Overvintringssoppene bryter ned plantevevet, tømmer plantenes næringsreserver og dreper cellene. Plantenes genetiske styring av motstandsevne overfor de enkelte skade faktorene er derfor trolig helt forskjellig.

En del forsøk er blitt utført for å finne sammenheng mellom motstandsevne mot ulike skadefaktorer i materialer av gras (Larsen 1976, 1983, Tronsmo 1988). Resultatene var varierende. Sikker positiv sammenheng mellom motstandsevne mot frost og mot angrep av overvintringssopper ble observert i flere materialer, mens det i andre ikke fantes noen sammenheng. Mellom sorter med klare forskjeller i overvintringsevne, ble det påvist sikker positiv sammenheng mellom de nevnte karakterer, mens det mellom kloner innen sortene ikke ble påvist slik sammenheng. Plantematerialer med god overvintringsevne har trolig gjennomgått et naturlig utvalg for motstandsevne mot både fysiske og biotiske vinterskadefaktorer.

I foredlingsarbeidet må motstandsevne mot frost, isdekke og angrep av overvintringssopper betraktes som uavhengige karakterer og materialene må prøves for de karakterene en mener er viktigst i et framtidig dyrkingsområde.

For å vurdere laboratorieprøvingenes verdi som redskap i foredlingsarbeidet, må resultatene fra disse jamnføres med plantematerialenes overlevningsevne i felt. Fra kanadiske forsøk med høsthvete er det oppgitt svært gode sammenhenger, med korrelasjonskoeffisienter på over 0,9, mellom frysing i laboratorium og overvintringsevne i felt (Gusta et al. 1982). I vinterklimaet der er det vesentlig frost som skader plantene. Med vårt varierende vinterklima, vil sammenhengen med laboratorietestene være avhengig av hvilke skadefaktorer som har vært virksomme på de enkelte felt og av skadeomfanget.

Fra prosjektene i Norge fins det få direkte sammenlikninger mellom labo-

ratorie- og feltresultater. Larsen og Årsvoll (1979) fant med vel 30 nordnorske populasjoner av rødsvingel sikker positiv sammenheng mellom motstandsevne mot frost, snømugg og kvit grastrådkølle, og overvintringsevne i Alta ( $r=0,75^{***}$ ,  $0,51^{***}$ ,  $0,62^{***}$ ). I grupper med halvsøskenfamilier av hundegras ble det funnet bare svake sammenhenger mellom motstandsevne mot frost og snømugg, og overvintringsevne i Ås, og mellom frost og overvintringsevne i Alta. Laboratorieprøvingene viste ingen sammenheng med overvintringsevne i Bodø (Åstveit 1988). For sorter av timotei som var med i offisiell verdiprøving, ble det vist sikker sammenheng mellom frost, snømugg og kvit grastrådkølle, og overvintringsevne i Bodø ( $r=0,68^{***}$ ,  $0,54^{***}$ ,  $0,44^*$ ). Etter overvintring på SFL Apelsvoll ble det bare funnet sikker sammenheng når en middelverdi for angrep av tre sopparter ble brukt ( $r=0,42^*$ ) (Larsen 1988). Fra forsøk med 7 strandrørsorter kan det beregnes positiv sammenheng mellom motstandsevne mot frost og overvintring på Smøla og i Stjørdal ( $r=0,78^*$ ,  $0,70$ ) (Foss 1983). Laboratorieprøvingens svar med resultater fra feltforsøk er svakere enn ønskelig. Motstandsevne mot frost er den enkeltkarakteren som oftest viser sikker sammenheng med overvintringsevne i felt. Ved de foretatte sammenlikningene har det oftest vært bare ett eller få feltforsøk. Med den store variasjon en har i vinterskadeårsaker og skadeomfang, er dette for dårlig grunnlag for å avklare laboratoriemetodenes verdi. For å få et bedre mål, må plantenes overvintringsevne i felt observeres på flere lokaliteter.

#### GENETISK BAKGRUNN FOR MOTSTANDSEVNE MOT VINTERSKADEFAKTORER

Den genetiske bakgrunn for engveksternes overvintringsevne i felt er komplisert, og variere etter vinterskadene. En

må derfor undersøke nedarvingsmåten for motstandsevne mot de enkelte vinterskedefaktorer. Slike undersøkelser er nesten ikke utført for engvekster. Høstkornartenes store økonomiske verdi har ført til at det særlig i vinterhveite, er utført mange genetiske analyser for motstandsevne mot frost (F.eks. Gullord 1974, Sutka et al. 1986). Resultatene kan sammenfattes slik:

- Motstandsevne mot frost er en kvantitativ karakter styrt av mange gener.
- Både additiv og dominant genvirkning forekommer.
- Den dominante genvirkning er ufullstendig og den additive genvirkning er av størst betydning.
- Graden av dominans, og også retningen, kan variere med foreldrelinjer og måten frysingen utføres på.
- Både generell og spesifikk kombinasjonsevne mellom linjer er sikkert påvist.
- Ingen sikre maternelle virkninger eller andre resiproke forskjeller er påvist.

Beregnet arvbarhet etter kontrollerte frysinger har vist høge verdier, og mest ligget i området 0,6 til 0,9. Cytogenetiske undersøkelser har vist at gener som styrer motstandsevnen mot frost fins på mange kromosomer, men at gener med stor virkning synes å være plassert på kromosomer i homolog gruppe 5.

En må anta at i hovedtrekkene gjelder den samme genetiske styring av motstandsevne mot frost også for grasartene. Seleksjon i flere grasarter har gitt økt motstandsevne i avkommet (Hides 1979, Larsen 1979, 1983). Beregning av arvbarhet har gitt forholdsvis høge verdier, mest fra 0,50 til 0,75 (Larsen 1979, Tronsmo 1988).

Genetiske forhold vedrørende motstandsevne mot isdekke er lite undersøkt i alle vekster, ut over å påvise arts- og sortsforskjeller.

Motstandsevne mot angrep av overvintringssopp er trolig også en kvantitativ karakter eller karakterer. Seleks-



sjon for motstandsevne mot kvit gras-trådkølle i timotei er blitt utført med positivt resultat (Vestman 1986). Masse-seleksjon for motstandsevne mot snø-mugg og kvit grastrådkølle i engelsk rai-gras, engsvingel og timotei har også gitt noen positive resultater (Jönsson og Nilsson 1986).

## FRAMTIDIG FORSKNING OG FOREDLING

Vi vet ganske mye om hvilke faktorer som fører til vinterskader og hvordan de påvirkes av vinterklimaet. Vi vet derimot mindre om fysiologiske forhold hos plantene og hvordan de herdes under forskjellige naturlige forhold. I et samarbeidsprosjekt mellom Statens plantevern og Statens forskingsstasjoner i landbruk, vil herdingsutvikling om høsten bli studert i flere grasarter og sorter, i første omgang i Ås og Bodø. Resultatene vil bli sammenholdt med meteorologiske observasjoner på de to stedene.

En slik herdingsundersøkelse kan være verdifull for forbedring av laboratoriemetodene. En kan lage et kunstig herdingsklima som bedre gir samme resultat som forholdene i naturen, og en kan finne ut ved hvilket herdingsnivå det er best å prøve plantematerialene. Laboratoriemetodene for motstandsevne mot isdekke må det arbeides videre med, fordi denne karakteren har så stor betydning for engvekstenes overvintringsevne i felt. De laboratoriemetodene vi har i dag gir ikke noe mål på plantenes evne til å overleve en lang uproduktiv periode og deres evne til å opprettholde herding seint i overvintringsperioden. Disse egenskapene kan nå bare observeres i felt. Prøving ved forskjellige grader av avherding kan kanskje gi svar på dette. Det bør utføres flere sammenligninger mellom forskjellige måter å foreta prøvingene på i laboratorium og overvintringsevne i ulike klimaområder.

Den genetiske bakgrunn for motstands-evnen mot vinterskedefaktorer er alt for lite kjent i alle engvekster. Skal foredlingen for bedre overvintringsevne foretas på et vitenskapelig grunnlag og bli mer effektiv, må det utføres mer forskning for å klarlegge disse forhold.

Utviklingen av nye bioteknologiske metoder kan i løpet av kort tid gi en helt ny situasjon i engvekstforedlinga. I foredling for overvintringsevne kan slike metoder være til stor hjelp både ved undersøkelse av genetiske forhold og ved praktisk foredling, som ved utvalg av verdifulle genotyper og kombinasjon av egenskaper. Embryo-teknikken er alt tatt i bruk ved arts kryssninger, vevskulturer brukes til langtidslagring og haploid-teknikken er under utvikling for gras. Somaklonal variasjon i cellesuspensjoner av vinterhete er nå rapportert utnyttet til å frambringe planter med bedre motstandsevne mot frost (Lazar et al. 1988, Sutka, pers. kom.). Det er av stor verdi snarest å få bygd opp kompetanse på dette området også for engvekster.

## LITTERATUR

- Andersen, I.L. 1960. Overvintringsundersøkelser i eng i Nord-Norge. I. Forsk. Fors. Landbr. 11: 635-660.
- Andersen, I.L. 1963. Overvintringsundersøkelser i eng i Nord-Norge. II. Ibid. 14: 639-669.
- Andersen, I.L. 1966. Overvintringsundersøkelser i eng i Nord-Norge. III. Ibid. 17: 1-20.
- Baadshaug, O.H. 1973. Effects of soil type and soil compaction on the wintering of three grass species under different wintering conditions. Acta Agric. Scand. 23: 77-86.
- Eagles, C.F. 1984. Effect of temperature on hardening and dehardening responses in *Lolium*. In The impact of climate on grass production and quality. H. Riley and A.O. Skjelvåg, eds. The Norwegian State Agricultural Research Station: 287-291.
- Foss, J. G. 1983. Resistance to winter stress factors of varieties of reed canarygrass (*Phalaris arundinacea* L.) as related to hardening conditions and to

carbohydrate store and consumption. Meld. Norg. Landbr.høgsk. 62(9): 29 pp.

Fuller, M.P. and Eagles, C.F. 1980. The effect of temperature on cold hardening of *Lolium perenne* seedlings. J. Agric. Sci. 95: 77-81.

Gullord, M. 1974. Genetics of freezing hardiness in winter wheat (*Triticum aestivum* L.) Dissertation for the degree of doctor of philosophy, Michigan State Univ.

Gusta, L.V., D.B. Fowler and N.J. Tyler, 1982. Factors influencing hardening and survival in winter wheat. In Plant Cold Hardiness and Freezing Stress Mechanisms and Crop Implications. Vol. II. P.H. Li and A. Sakai, eds. Academic Press, New York: 23-40.

Hides, D.H. 1979. Winter hardiness in *Lolium multiflorum* Lam. III. Selection for improved cold tolerance and its effect on agronomic performance. Grass and Forage Sci. 34: 119-124.

Jönsson, H.A. og C. Nilsson, 1986. Plant breeding for resistance to snow moulds in grasses. I Lantbrukväxternas Övervintring. NJF-seminar nr. 84. Jokioinen: 145-148.

Larsen, A. 1976. Testing av frosttoleranse hos gras og sammenheng mellom frosttoleranse og resistens mot lav-temperatursopper. Nordisk Jordbruksforskning 59: 63-64.

Larsen, A. 1978. Freezing tolerance in grasses. Methods for testing in controlled environments. Meld. Norg. Landbr.høgsk. 57 (23): 56 pp.

Larsen, A. 1979. Freezing tolerance in grasses. Variation within populations and response to selection. Ibid. 58 (42): 28 pp.

Larsen, A. 1983. Foredling for overvintringsevne hos engvekster. Engvekstforedling III, NLVF-SFL: 141-145.

Larsen, A. 1985. Response to selection for freezing tolerance and associated effects on vegetative growth in *Dactylis glomerata*. In Plant Production in the North. Å. Kaurin, O. Juntila and J. Nilsen, eds. Norwegian Univ. Press: 116-126.

Larsen, A. 1988. Kontrollert prøving for overvintringsegenskaper i offisiell verdiprøving. Engvekstforedling V, NLVF-SFL.

Larsen, A. og K. Årsvoll. 1979. Frosttoleranse og soppresistens i nord-norsk materiale av *Festuca rubra*. Nordisk Jordbruksforskning 61: 61-62.

Lazar, M. D., T. H. H. Chen, L. V. Gustav and K. K. Kartha, 1988. Somaclonal variation for freezing tolerance in a population derived from Norstar winter wheat. Theor Appl. Genet 75: 480-484.

Sjøseth, H. 1957. Undersøkelser over frosterdighet hos engvekster. Forsk. Fors. Landbr. 8: 77-98.

Sjøseth, H. 1964. Studies on frost hardening in plants. Acta Agric. Scand. 14: 178-192.

Sjøseth, H. 1971. Vinterhardførhet hos ulike eng- og beite-vekster. Meld. Norg. Landbr.høgsk. 50 (13): 39 pp.

Sterten, A.K. 1952. Melding om undersøkelser over engvekstenes overvintring. I. Undersøkelse i tiden fra 1949 til våren 1951. Forsk. Fors. Landbr. 3: 31-47.

Sutka, J., O. Weisz and G. Kovacs, 1986. Genetic analysis of the frost resistance and winter hardiness of wheat under natural and artificial conditions. Acta Agrom. Hungarica 35: 227-234.

Tronsmo, A.M. 1988. Resistance to winter stress factors in half-sib families of *Dactylis glomerata*, tested in controlled environment. Nor. J. Agric. Sci. Til trykking.

Vestman, G. 1986. Urval for resistans mot utvintringssvampar i timotei. I Lantbrukväxternas Övervintring. NJF-seminar nr. 84. Jokioinen: 111-115.

Årsvoll, K. 1973. Winter damage in Norwegian grasslands, 1968-1971. Meld. Norg. Landbr.høgsk. 52 (3): 21 pp.

Årsvoll, K. 1975. Fungi causing winter damage on cultivated grasses in Norway. Ibid. 54 (9): 49 pp.

Årsvoll, K. 1977. Effects of hardening, plant age, and development in *Phleum pratense* and *Festuca pratensis* on resistance to snow mould fungi. Ibid. 56 (28): 14 pp.

Årsvoll, K. and A. Larsen. 1977. Effects of nitrogen, phosphorus, and potassium on resistance to snow mould fungi and on freezing tolerance in *Phleum pratense*. Ibid. 56 (29): 14 pp.

Aastveit, K. 1988. Seleksjonsforsøk i hundegras, timotei, engelsk raigras og engsvingel. Slutt-rapport NLVF: 6 s.

# BELGVEKSTAR I GROVFØRDIRKINGA

TOR LUNNAN

Institutt for plantekultur, Ås-NLII

Bruk av raudkløver og andre belgvekstar var ein av føresetnadene for å få gode avlingar i jordbruket fram til kunstgjødsla kom først på 1900-talet. Gjennom symbiose med *Rhizobium*-bakteriar skaffar belgvekstane nitrogen til eigen vekst, og noko av dette nitrogenet kan vidare komme andre plantar til nytte gjennom nedbryting av daudt plantemateriale. Belgvekstar blir da også rekna som gode forgrøder til korn og andre vekstar.

Trass i mange gode eigenskapar har dyrkinga av belgvekstar til grovfør gått sterkt tilbake i Noreg dei siste 30 åra. Sterkt nitrogengjødsla gras dominerer, og den same utviklinga finn ein i andre vesteuropeiske land. I andre verdsdelar er belgvekstane framleis hjørnesteinar i fôr dyrkinga, som til dømes dyrking av kløver i Australia og New Zealand og luserne i Nord-Amerika.

## KVA POTENSIAL HAR BELGVEKSTANE?

Belgvekstar har evna til å skaffe seg nitrogen frå lufta ved hjelp av symbiose med *Rhizobium*-bakteriar i rotknollane. Under norske forhold kan ein ved gode veksevilkår rekne med at følgjande N-mengder blir fiksert:

Raudkløver og luserne	15-30	kg N/daa
Kvitkløver	10-20	»
Ert og åkerbønne	5-15	»

I blandingar med gras eller korn må ein rekne med litt mindre mengder. Men nitrogenfiksering i rotknollane er ikkje

gratis. Det går med mykje energi for å drive prosessen, og denne energien skaffar planten frå fotosyntesen. Belgvekstane har også høgt proteininnhald, og energimessig er det dyrare å produsere protein enn karbohydrat. Ein må derfor vente at belgvekstane har lågare avlingspotensial enn til dømes gras og korn som får nitrogenet ferdig servert. Likevel kan belgvekstane produsere respektable avlingar. Luserne er kjent for å ha stort avlingspotensial. I sortsprøvingfelt for raudkløver fann Bø (1987) ei gjennomsnittsavling for raudkløver i reinbestand på 7-800 kg tørrstoff/daa. Normale ertavlingar blir rekna til 75-80 prosent av byggavling, og i forsøk er det oppnådd avlingar på 5-600 kg pr. dekar. Blandingar av gras og kløver gir om lag same avling som reint gras.

Ein får normalt ikkje utslag for N-gjødsling på avlinga når ein dyrkar belgvekstar. Dette tyder på at nitrogenfiksering ikkje kostar så mykje for planten som det teoretiske utrekningar viser. I blandingar av gras og kløver er også avlingsutslaga for nitrogen langt mindre enn for reint gras (tab.1).

Meiravlinga for å ha med raudkløver var størst i første engåret og minka etter kvart som enga vart eldre. Med eit godt tilslag av raudkløver kan ein rekne med å spare 5-10 kg nitrogen pr. daa og likevel få like stor avling som reint gras. I tillegg kjem større proteinavling og betre mineralbalanse i føret.

Framstilling av nitrogengjødsel krev mykje energi, ca 65 MJ til 1 kg N ved Norsk Hydro (Njøs 1982). Dette svarer til 1,6 kg olje. Energimessig er det kostbart å produsere protein i gras. Ved bruk

Tabell 1. Tørrstoffavling i kg/daa av timotei/engsvingeleng med og utan raudkløver ved ulik N-gjødsling. Middell av tre engår (Grønnerød 1987).

	Kg nitrogen/daa			
	0	10	20	30
Gras utan kløver	260	700	880	960
Gras med kløver	670	880	940	980

av belgvekstar kan ein oppnå om lag same avling med mindre innsats av N-gjødsel. Er det svært mykje belgvekstar i enga har ein lite att for N-gjødsel. Faren da er at graset blir konkurrert ut, og ein risikerer dermed at det blir for lite gras tilbake om belgvekstane går ut.

*Proteinproduksjonen* er høg hos belgvekstane. Tabell 2 gir eit overslag over proteinavlinga hos ulike vekstar. Ein ser at erter produserer meir protein enn korn, og dette utan N-gjødsling. Ein må også gjødsle graset sterkt for å få like mykje råprotein som raudkløver utan N-gjødsling. Proteinkvaliteten i sterkt gjødsla gras er dårlegare enn i kløver, da mindre av nitrogenet er bundi i protein (reinprotein).

*Proteininnhaldet* er ein viktig faktor i husdyrfôringa. Engbelgvekstane inneheld ofte rundt 20% protein i tørrstoffet. Ung kvitkløver utmerkar seg med serleg høgt proteininnhald (tab.3).

Det høge proteininnhaldet kan utnyttast i fôringa ved å bruke mindre av dyrt proteinkraftfôr. Gras på beitestadiet har også høgt proteininnhald, men

innhaldet minkar raskt med aukande alder av graset. Engbelgvekstar passar serleg godt saman med lettmeltelege, proteinfattige fôrslag. I USA er luserne og mais ein mykje brukt kombinasjon, hos oss vil dei høve godt saman med rotvekstar.

*Mineralinnhaldet* er også høgare hos belgvekstane enn hos grasartane. spesielt er innhaldet av kalsium og magnesium høgt, som vist av Grønnerød (1987):

	Mineralinnhald, % av tørrstoffet			
	P	K	Ca	Mg
Timotei/engsvingel	0,32	2,95	0,58	0,17
Raudkløver	0,28	2,71	1,55	0,38

Eit høgt innhald av kalsium og magnesium betrar mineralbalansen i fôret og reduserer risikoen for graskrampe (hypomagnesemi).

*Energiinnhaldet* hos engbelgvekstar går ned med aukande alder av plantane som hos gras. Fôreingskonsentrasjonen er gjerne høgare samanlikna med

Tabell 2. Proteinavling, kg råprotein/daa, hos ulike vekstar

	Gjødsling kg N/daa	Tørrstoff- avling, kg/daa	Protein, % av tørrst.	Protein- avling, kg/daa
Korn	10	400	12	48
Ert til modning	0	300	22	66
Ert til grønfôr	0	500	16	80
Gras	10	600	12	72
Gras	30	800	16	128
Raudkløver	0	700	18	126

Tabell 3. Proteininnhald, prosent av tørrstoffet. Middell av tre engår, utsorterte belgvekstar Vollebekk

Art	1. slått	2. slått
Raudkløver	19,6	18,1
Kvitkløver	24,3	21,0
Luserne	19,5	17,0
Kaukasisk strekbelg	20,9	21,7

gras i førsteslått enn i seinare slåttar (Øyen 1986, Grønnerød 1987, tab.4). Dette kan komme av at belgvekstane er seinare i starten om våren, og at grasartane gjerne har ein bladrik gjenvekst der energiverdien fell seinare enn hos belgvekstane. Elles viser tab.4 at det er store skilnader mellom belgvekstartar hausta på same tid.

Ung kvitkløver har svært høgt energiinnhald, mens ein art som kaukasisk strekbelg (*Galega orientalis* Lam.) har rask utvikling med grove stenglar og låg energiverdi i førsteslått. Luserne har også ein trevlerik stengel og må ikkje slås for seint om ein vil ha kvalitetsfôr.

Belgvekstane fyller mindre og passerer raskare gjennom vomma enn gras, og dette kan gi grunnlag for eit høgare grovfôropptak. Dersom grovfôret blir gitt etter appetitt kan ein dermed bruke meir heimeprodusert grovfôr og mindre innkjøpt fôr.

### Årsaker til tilbakegang i dyrkinga av engbelgvekstar

Timotei med raudkløver, den såkalla normalblandinga, var omtrent einerådande av sådde artar i norsk engdyrking fram til slutten av 1950-åra. Etter den tid har forbruket av kløverfrø gått sterkt ned og utgjer no berre rundt 4% av det samla engfrøforbruket (Valberg 1987). Det har skjedd store endringar i jordbruket dei siste 40 åra. Kanaliseringspolitikken har ført til at mykje av korndyrkinga er konsentrert til flatbygdene på Austlandet, og her er det nesten ikkje ku igjen. På same måten er mjølkeproduksjonen konsentrert til dal- og fjellbygdene i Sør-Noreg, Vestlandet, delar av Trøndelag og Nord-Noreg, og her er det mykje einsidig fôrdyrking med ein stor del varige engar. Raudkløveren høver best til kortvarig eng, gjerne i omloop med korn eller andre åkervekstar. Jord- og klimatilhøva for dyrking av belgvekstar ligg nok også best til rette på Austlandet og i Trøndelag.

Prisen på nitrogen i handelsgjødsel sto nesten stille i tida frå 1959 til 1974 (fig.1). Dette førte til at nitrogengjødsel vart relativt billigare i forhold til andre driftsmiddel, og forbruket har auka sterkt i heile etterkrigstida. Med sterk nitrogengjødsling blir fordelane med nitrogensamling hos belgvekstane små, og dei blir også lett konkurrerte ut av graset. Mjølkeprisen og proteinkraftfôrprisen har hatt ei mykje jamnare utvikling. Dei siste åra har prisane på N-

Tabell 4. Föreiningkonsentrasjon og in vitro meltegrad i % av tørrstoffet i ulike engbelgvekstar og timotei. Tre års middell, Vollebekk, reine artar

	1.slått		2.slått	
	In vitro meltegrad	F.f.e. pr. 100 kg tørrst.	In vitro meltegrad	F.f.e. pr. 100 kg tørrst.
Kvitkløver	80,5	87	75,0	75
Raudkløver	78,1	81	75,2	75
Luserne	75,3	72	71,1	62
Strekbelg	71,8	68	73,1	70
Timotei	76,4	73	78,1	78




Fig.1. Prisutvikling på nitrogengjødsel (kr/kg N), proteinkraftfôr (kr/kg) og mjølk til produsent (kr/kg) i perioden 1959-1984 (Budsjettneemnda for jordbruket)

gjødsel og proteinkraftfôr stigi sterkare enn mjølkkprisen, og dette skulle gjere belgvekstane meir konkurransedyktige.

Det største problemet med raudkløverdyrkinga er kanskje overvintringa. Kløveren er utsett for soppsjukdommar, skadedyr, oppfrysing og frost, og er ofte lite varig. Førsteårsenga er gjerne rik på kløver, mens det oftast er lite igjen i tredjeårsenga. Dette gjer dyrkinga usikker samanlikna med sterkt gjødsla gras. Raudkløveren har

heller ikkje evne til å spreie seg i enga med frø, og buskar seg ikkje som grasartane. Dette gjer at han er heilt avhengig av dei sådde plantane. Kløverråte (*Sclerotinia trifoliorum*) og andre rotråteorganismar kan gjere stor skade sjølv om det er ein viss resistens i sortsmaterialet. Kvitkløveren spreier seg utover med stengelutlauparar, men er også utsett for vinterskadar. Luserne kan halde seg lenge i enga, men krev ein kvileperiode på hausten for å overvintrare godt. Kaukasisk strekbelg overvintrar med jordstenglar, og ser ut til å greie vintrane godt i Sør-Noreg (tab.5).

Dette forsøket er lagt att utan dekkvekst og hausta to gonger i sesongen med unntak av ein sein tredjeslått for luserne på Vollebekk. Det var uvanleg mykje belgvekstar, og luserneblandingane har gitt størst totalavling på grunn av stor gjenvekst. Strekbelgen har kommi sterkare utover i engåra, men gjenveksten har vori mindre enn hos raudkløver. Mykje av produksjonen på etter-sommaren går med til å bygge opp jordstenglar (Varis 1986).

I periodar av etterkrigstida har det vori frømangel av raudkløver. Dårlig sortsmateriale og erstatning av raudkløver med alsike gjorde kløveren enda mindre varig. For tida er frødekinga god, men frøavlren er kostbar og frøet dyrare enn grasfrø. Foredlinga av tetraploid raudkløver har gitt gode førsortar som Tripo, men dei har ikkje nådd ut i praksis på grunn av for små frøavlingar.

Tabell 5. Torrstoffavling av blandingar i første-slått (kg/daa) og del belgvekstar av avlinga (%) i første-slått i ulike engår samt total gjennomsnittsavling for tre år. Gjennomsnittstal for Vollebekk og Apelsvoll

Blanding, Timotei +	1.engår		2.engår		3.engår		Total avling
	Av- ling	Belgv. %	Av- ling	Belgv. %	Av- ling	Belgv. %	
Luserne	510	43	510	43	500	39	939
Raudkløver	530	57	560	40	470	37	858
Kvitkløver	400	41	500	12	460	20	679
Strekbelg	470	38	570	38	570	44	813

Ein annan faktor som har endra seg er attleggsforholda. Engbelgvekstane vil helst ha tidleg vårsåing og god tid til utvikling på hausten. Haustsåing går dårleg. Med korn som dekkvekst blir det ofte treska seint på hausten og plantane blir små før vinteren. Utan dekkvekst blir det ofte brukt så store husdyrgjødselmengder at kløveren blir konkurrert ut i starten. Ofte er vel også kløveren sprøyta bort. Dei siste åra har kløvermengdene i engfrøblandingane vori i minste laget på grunn av frøsituasjonen. Luserne er meir var for skugging enn raudkløver, og etter finske forsøk er strekbelg enda svakare. Denne arten bør såast utan dekkvekst (Varis 1986).

#### *Kan belgvekstdyrkinga ta seg opp igjen?*

I dag er mjølkeproduksjonen styrt med kvotar, og ein kan ikkje lenger auke inntekta ved å auke produksjonen. Dette fører til at kostnadssida blir meir fokusert, og her er nitrogengjødsel og proteinkraftfôr tunge postar. I denne situasjonen er interessa for belgvekstar aukande. Miljøpolitikken kan føre til avgifter på kunstgjødsel ut frå forureiningsomsyn, og slike tiltak vil også favorisere belgvekstdyrking. Det er aukande interesse for økologisk jordbruk, og her er belgvekstane heilt avgjerande for å ta gode avlingar.

Kvitkløveren har etter kvart gått fram som den viktigaste belgveksten i Storbritannia og Danmark. Han har ypparleg kvalitet og høver godt til beiting. Inneføring av mjølkekyr om sommaren er trekt fram som døme på etisk uheldige sider i landbruket, og skal alle kyrne ut om sommaren, blir det større trong for beitevekstar. Kvitkløveren treng mykje vatn for å gi avling, og det er uvisst om det utanlandske sortsmaterialet er hardført nok hos oss. På tørkeutsette område og surare jord kan tiriltunge vere ein alternativ beitevekst.

Den tekniske utviklinga i landbruket held fram. Direktesåing av raudkløver med jamne mellomrom kan gjere kløveren meir varig i enga, og på denne

måten kan ein få inn kløver også i gamle enger. Våtkompostering og delt lagring av husdyrgjødsel gjer at meir av husdyrgjødsla kan spreiaast på enga. Da treng ein ikkje bruke så store mengder i attlegg og åkervekstar. Dette vil vere ein fordel for belgvekstane, og grønfôr dyrking av ert, vikke og åkerbønne kan bli meir aktuelt. Nye ertesortar av den halvt bladlause typen er svært stråstive, og høver bra til ensilering saman med korn og/eller fôrrops. Slike grønfôrvekstar vil også vere bra dekkvekstar for kløverattlegg om ein ikkje sår for tjukt eller haustar for seint.

Endeleg kan ein fortsatt vente framgang i foredlinga. Ved SFL Løken finst det no hardført lusernemateriale som kan utvide dyrkingsområdet for arten. Også når det gjeld kvitkløver skulle utsiktene vere gode til å få fram godt tilpassa materiale. Kaukasisk strekbelg har mange gode eigenskapar, og kan få ein plass på lettare jord og i meir varige enger. Denne arten er lite foredla, og det kan vere noko å hente her.

Men framleis er det mange problem med belgvekstane. Dyrkinga må bli sikrare. Grunnkunnskap om nitrogenfiksering under ulike forhold og betre styring av blandingar trengst. Dyrkinga er også meir krevande enn for gras, og mykje praktisk kunnskap og erfaring om kløverdyrking er gått tapt i etterkrigstida.

#### LITTERATUR

Budsjettnemnda for jordbruket 1986. Totalkykylen for jordbruket.

Bø, S. 1987. Verdiprøving i raudkløver 1980-86. NLVF/SFL Dyrking og utnytting av fôrvekster II, 1987: 129-133.

Grønnerød, B. 1987. Gras med og uten rødkløver ved stigende mengder nitrogen-gjødsel. NLVF/SFL Dyrking og utnytting av fôrvekster II, 1987: 186-194.

Njøs, A. 1982. Energibruk i fôrproduksjonen. Aktuelt fra SFFL, nr. 5 1982: 18-31.

Valberg, E. 1987. Flerårige belgvekster, dyrking og varighet. NLVF/SFL Dyrking og utnytting av fôrvekster II, 1987:143-151.

Varis, E. 1986. Goat's rue (*Galega orientalis* Lam.), a potential pasture legume for temperate con-

ditions. *Journal of agricultural science in Finland*, 58:83-101.

Øyen, J. 1986. Chemical composition and nutritive value of red clover/grass mixtures. *Proceedings EGF 11th General Meeting, Portugal* (in print).



# VERKNADER AV DRIFTS- OG BRUKSMÅTE PÅ BOTANISK SAMANSETNAD I ENG

LARS NESHEIM  
SFL Vågønes

Hovudformålet med grovfôr dyrkinga er å produsera eit fôr som fyller dei aukande krava til mengde og kvalitet som eit effektivt husdyrhald stiller. Fôret må vera så billig som muleg, og dyrkinga må vera lagt opp slik at ein tek vare på produksjonsevna til jordsmonnet, og at miljøet ikkje vert belasta. I tillegg har grovfôr dyrkinga også andre formål og oppgåver. Ein kan nemna hindring av jorderosjon, betring av jordstruktur og landskapsvern.

I og med at planteartane set ulike krav til veksefaktorane og at eigenskapane til artane er avgjerande for produksjonsevne og avlingskvalitet, er arts-samansetnaden i grasmarka sjølve grunnlaget for ei grovfôr dyrking som kan oppfylla dei formåla som er nemnt ovanfor. Kunnskap om eigenskapane til viktige artar, som t.d. produksjonsevne, konkurransevne og avlingskvalitet, og om korleis den botaniske samansetnaden vert påverka av drifts- og bruksmåten er difor heilt grunnleggjande for ei vel tilpassa grovfôr dyrking. Ein har relativt mykje av slik kunnskap om dei artane som vert nytta mest til attlegg av eng her i landet, som t.d. timotei og engsvingel. Men om lag halvparten av eng- og beitearealet på fulldyrka jord er eldre enn ti år, og i desse engene er det andre gras og tofrøblada artar som dominerer. Om desse artane veit ein langt mindre. Det betyr at ein enno ikkje har eit godt nok grunnlag til å kunne styra utviklinga av botanisk samansetnad i

ønskjeleg retning, utifrå omsyn til avlingsmengde, avlingskvalitet og økonomi.

Ved planlegging av drifta av eng, og spesielt av eldre eng, må ein ta omsyn til mange artar. I tillegg er dei klimatiske og driftsmessige tilhøva ofte vanskelege. Det gjer at grovfôr dyrking på fleirårig eng kan vera ein langt meir komplisert produksjon enn åkerdrift der artstalet er lågt, dyrkingsvilkåra er som oftast betre og ein treng ikkje ta omsyn til overvintringa. Etter mi meining har verken rettleiingstenesta eller forskinga til no tatt nok omsyn til dette tilhøvet. Forskingsinnsatsen på eldre eng må difor aukast og rettleiingstenesta må ta i bruk dei resultatane som ligg føre.

## FAKTORAR SOM VERKAR PÅ ARTS-SAMANSETNADEN

Plantesetnaden i grasmark er eit resultat av konkurranse mellom mange planteartar. Utfallet av tevlinga rettar seg etter eigenskapane til artane og etter veksevilkåra. Fordi ein ønskjer å styra utviklinga av artssamansetnaden ved hjelp av ymse tiltak, kan ei gruppering av veksefaktorar og kulturtiltak vera til god hjelp. Omgrepa driftsmåte og bruksmåte har til no ikkje vore klart definerte her i landet. Dei har delvis vore brukt om det samme, og har omfatta faktorar som haustetid, tal haustingar, stubbhøgde, beiting, gjødsling og kalking.

Tabell 1. Inndeling av veksefaktorar og kulturtiltak som verkar på artssamansetnaden i grasmark (etter Voigtländer og Jacob 1987)

NATURLEGE VEKSETILHØVE	STELL og DRIFT	BRUKS- MÅTE
Vassforsyning	Vassregulering	Slått
Nedbør, grunnvatn	Vatning	Haustetidspunkt
Overflatevatn	Grøfting	Tal haustingar
Jord	Grubbing, pakking, slodding	Stubbhøg
Jordtype	Avpussing av beite	Beiting
Jordreaksjon	Ugrastyning	Beitetidspunkt
Næringsinnhald	Indirekte	Dyreslag
Jordstruktur	Direkte	Beitepress
Klima	Gjødsling	
Stråling og temperatur	Kalking	
Råme og vind	Isåing, fornying	
Lokalklima		

I tabell 1 er det sett opp ei gruppering av veksetilhøve og kulturinngrep som er omsett frå Voigtländer og Jacob (1987). I denne inndeling skil ein mellom naturlege veksetilhøve, stell og drift av enga og bruksmåten. Dei naturlege veksetilhøva omfattar klima, jord og vatn. Driftsmåten, eller stell og drift av eng, omfattar tiltak som vert sett i verk for å betra engene. Det kan vera inngrep som påverkar artssamansetnaden indirekte, som t.d. grøfting, gjødsling og kalking, eller tiltak med meir eller mindre direkte verknad på botanisk samansetnad, som kjemisk ugrastyning og isåing. Omgrepet bruksmåte er knytta til korleis grasmarka vert brukt, det vil seia korleis og til kva tidspunkt avlinga vert hausta.

#### ØNSKJELEG PLANTESETNAD

I dag vert mest all eng lagt att med frøblandingar som inneheld frå ein og opp til 3-4 artar. I Nord-Norge utgjorde timotei 77% av omsett engvekstfrø i 1984, delen til engsvingel var 15% og resten (8%) var engrapp, hundegras og raudkløver (Nesheim og Vatshaug 1985). Dette er for det meste kravfulle artar som er meir eller mindre borte 4-5

år etter såing. Det vil seia at enga vert lagt att som om ho skulle vara berre nokre år. Men gjennomsnittleg engalder på fulldyrka jord er langt høgare. Til dømes i Hordaland og i Sogn og Fjordane var middelalderen kring 40 år i 1979 (Haaenæs og Todnem 1984). Tilsvarende middel for Møre og Romsdal og Nordland var 16 år, medan dei fulldyrka engene i Rogaland var i gjennomsnitt 9 år gamle.

Tabell 2 syner innhaldet av dei viktigaste planteartane i eng som er meir enn 20 år gammal. Tala er henta frå granskingar på Vestlandet (Lundekvam og Gauslaa 1986) og i Nord-Norge (Sveistrup og Østgård 1985, Nesheim 1986). Dei sådde artane utgjorde berre ein liten del av avlinga. På Vestlandet og i Nordland dominerte engkvein, medan engrapp var viktigaste art i Troms og Finnmark. Den botaniske samansetnaden varierte mykje etter distrikt, jordart, driftstilhøve o.l. Allikevel er det truleg at tala gjev eit bilete av kva artar som er dei viktigaste på det store arealet av varig eng og beite her i landet. Dette arealet utgjer om lag 2,5 mill. dekar. Det store innslaget av engkvein, sølvbunke og engsyre kan tyda på at veksetilhøva er dårlege på dei eldre engene fordi desse artane konkurrerar best på tett, vassjuk og sur jord. Dei har

Tabell 2. Plantesetnad på eng eldre enn 20 år. Innhold av viktige artar som prosent av tørrstoffavlinga

Plantart	Vestlandet (Lundekvam og Gauslaa 1986)	Nordland Nesheim (1986)	Troms, Finnmark (Sveistrup og Østgård 1985)
Engkvein	30	37	17
Engrapp	10	10	33
Sølvbunke	5	9	-
Raudsvingel	10	3	-
Engrevehale	4	1	-
Markrapp	6	4	-
Hundegras	3	0	-
Timotei	1	7	10
Engsyre	10	8	-
Krypsoleie	3	6	-
Engsoleie	1	4	-
Andre artar	17	11	40

óg evne til å overvintre under vanskelege tilhøve. Men granskinga i Nordland (Nesheim 1986) viste óg at på enkelte stader var innhaldet av timotei relativt høgt sjølv i dei eldste engene. På eng med ein alder mellom 10 og 20 år (263 felt) hadde 20% av felta meir timotei enn 40 % av tørrstoffavlinga. Det er såleis muleg å betra ein større eller mindre del av engene ved å betra veksevilkåra, som t.d. grøftetilstand, kalk- og næringstilstand. Men under våre klimatiske og driftsmessige tilhøve vil det alltid vera areal som ikkje høver for kortvarig og intensiv engdrift. Om desse areala vert fornya, vert dei óg sådde til med artar og sortar som er tilpassa relativt gode veksetilhøve. Resultatet er ofte svært dårleg. Etter mi meining bør det difor satsast meir på foredling av grasartar og belgvekstar som kan nyttast i frøblandingar til attlegg, eller isåing av eng som skal liggjia lenger enn 5-10 år. Ved val av artar må ein ta utgangspunkt i det me veit om botanisk samansetnad i eldre eng. Vidare bør det setjast i gang langvarige frøblandingsforsøk med allsidig samansette blandingar på areal som høver best til langvarig eng.

Ved sammansetjing av frøblandingar her i landet vert det skilt mellom regionar, om engar skal nyttast til slått

eller beite, og om avlinga skal ensilerast eller haustast som høy. Men som nemnt vert det ikkje laga ulike frøblandingar for kortvarig og langvarig eng. Tabell 3 syner to døme i frå Sveits på frøblandingar til eng som skal liggjia meir enn tre år (Arbeitsgemeinschaft zur Förderung des Futterbaues 1984). Den eine blandinga høver for areal med gode veksetilhøve, opp til 800 m.o.h., og er sett saman av 6 artar, og med to ulike sortar av kvitkløver og fleirårig raigras. Den andre blandinga er tilpassa mindre gunstige veksevilkår. Den inneheld ikkje raudkløver, raigras og hundegras. Desse artane er erstatta av engsvingel, raudsvingel og engrevehale.

Kva som er optimal artssamansetnad i grasmark vil sjølvstundt variere med engtype, drifts- og bruksmåte. På kortvarig eng må ein velja artar og sortar som kan halda ut og dominere i heile engperioden. Ein veit relativt mykje om eigenskapar som t.d. forverdi, produksjonskapasitet og overvintringsevne til dei artane som er aktuelle i slik eng.

I mange land i Europa vert varig grasmark vurdert som ein verdfull ressurs, mellom anna fordi slik eng i mange høve gir eit billig fôr. Denne verdsetjinga har ført til stor forskingsinnsats på

Tabell 3. Døme på frøblandingar til eng som skal liggja meir enn tre år. Tiltråding for Sveits (Arbeitsgemeinschaft zur Förderung des Futterbaues 1984)

Planteart/sort	For areal med gode vekse- tilhøve, opp til 800 m o.h.		For våte, skuggefulle stader, langvarig snødekke	
	kg/daa	%	kg/daa	%
Raudkløver	0,2	6		
Kvitkløver				
Ladino-typar	0,2	6		
Milkanova	0,2	6	0,4	10
Hundegras	0,5	14		
Engsvingel			1,0	25
Timotei	0,5	14	0,5	12,5
Fleirårig raigras				
2n, diploid	0,3	9		
4n, tetraploid	0,6	17		
Engrapp	1,0	28	1,0	25
Raudsvingel			0,5	12,5
Engrevehale			0,6	15
Totalt	3,5	100	4,0	100

langvarig eng (Voigtländer og Jacob 1987). Ein har kartlagt ulike typar grasmark, avlingskvalitet av einskilde artar og av plantesamfunn er godt undersøkt, og ikkje minst har ein arbeidd mykje med korleis ein skal driva og bruka varig eng. Såleis har ein i desse landa eit relativt godt grunnlag for å driva rettleiingsarbeid, og som døme på slik rettleiing kan ein nemna at i Sveits vert det tilrådd at ein god plantesetnad på varig eng skal vera samansett av 60% gras, 10-20% kløver og 20-30% andre tofrøblada artar (Hofmann 1987).

Hjå oss er situasjonen noko annleis. Dei klimatiske tilhøva i Norge skulle tilseia at fordelane med varig eng er enno større her enn i Mellom-Europa, men dessverre er ikkje dei varige engene like høgt verdsett. Men noko er gjort. Mellom anna har fleire granskingar vist at førkvaliteten kan vera vel så god som på ny eng. I tabell 4 har ein sett opp innhaldet av råprotein i før frå ny og eldre eng i ymse distrikt. Innhaldet var om lag 2 prosenteningar høgare i avlinga frå den varige enga.

I Mellom-Europa har ein undersøkt alle artar som er vanlege i eng med omsyn til kva krav dei har til vekse-

faktorane og kva eigenskapar dei har (Ellenberg 1974). Kvar art har fått eit verdital for kvar veksefaktor. Til dømes har ein art som berre veks på svært sur jord fått «kalktal» 1, medan artar som ein kun finn på kalkrik jord har «kalktal» 9. Tilsvarande verdital er gitt for t.d. lyskrav, temperaturkrav, vasstilgang og næringstilgang. I tillegg til eit klassifikasjonssystem for plantesamfunn i eng er slike verdital nyttige hjelpemiddel ved planlegging av drift og bruk av eng. Ein kan på ein enkel måte få eit oversyn over dei økologiske tilhøva i eit plantesamfunn, og det er enklare å vurdera korleis eit plantesamfunn vil reagere på ulike kulturtiltak.

Til no er det arbeidd lite med klassifisering av artar og plantesamfunn på kulturmark i Norge. Nesheim (1986) fann at verditala frå Mellom-Europa ikkje kan nyttast utan vidare her i landet, mellom anna fordi tevlingsvilkåra er ulike. Etter mi mening må difor arbeid med slik klassifisering koma i gang, og helst som eit samarbeid mellom engdriftsforskarar og plantesosiologar.

Tabell 4. Innhald av råprotein i prosent av tørrstoffet i fôr frå ny og varig eng i ulike landsdelar

Distrikt	% råprotein		Referanse
	Ny eng	Varig eng	
Rogaland	11,7	14,6	(Haanæs og Todnem 1984)
Hordaland	9,3	11,3	(Myhr 1971)
Nordland	13,1	15,1	(Nesheim 1986)
Troms og Finmark	12,8	14,3	(Sveistrup og Østgård 1985)

## ENDRING AV BOTANISK SAMANSETNAD

Oversynet i tabell 1 viser at drift og bruk av eng omfattar mange tiltak som påverkar den botaniske samansetnaden i større eller mindre grad. Målet må vera at ein kan nytta desse tiltaka til å styra artssamansetnaden i den retning ein ønskjer. Men då må ein først vita kva som er ønskjeleg plantesetnad på ulike engtypar og under ulike klimatiske og driftsmessige tilhøve. I dette kapitlet vil ein for nokre av tiltaka nemna forskning som er i gang, eller som er planlagt, og oppgåver som forskinga må arbeida meir med.

### Stell og drift av eng

#### *Gjødsling, kalking*

Eit oversyn over forsøk med gjødsling og kalking i varig eng er gitt av Opsahl og Skjelvåg (1984). Eit tilsvarende oversyn for nyare eng er laga av Baadshaug (1975). Gjødsling, spesielt tilføring av nitrogen, er truleg eit av dei driftstiltaka som verkar sterkast på artssamansetnaden i grasmark. Dei nemnde oversyna viser at gjødselverknaden er relativt godt klarlagt. Men når det gjeld behandling og bruk av husdyrgjødsel er det enno mange uløyste oppgåver. Dette er eit høgt priorert område i grovførforskninga, og det er i gang fleire prosjekt som tek sikte på å klarleggje verknader av ulikt behandla husdyrgjødsel på eng og i åker (Norges landbruksvitenskapelige forskingsråd 1987).

På grunn av god avlingskvalitet og evne til å binda nitrogen burde kløver,

og særleg kvitkløver, utgjera ei viss mengde i dei varige engene. Med dei sortane og den drifta ein har i dag er det vanskeleg å auka innslaget av kløver. I tillegg til foredling av kvitkløver må ein arbeida med drifts- og bruksmåteforsøk med denne arten. Tilpassing av nitrogenmengdene bør inngå i eit slikt arbeid.

I grasdyrkingsdistrikta utgjær kulturbeite mellom 10 og 30% av jordbruksarealet. Slik grasmark er difor ein viktig ressurs som truleg ikkje vert utnytta godt nok. Forskingsinnsatsen på kulturbeite har dei seinare åra vore heller liten. Av framtidige forskingsoppgåver kan ein nemna kartlegging av artssamansetnad, gjødsling, kalking og isåing ved fornying av plantesetnaden.

#### *Ugrastyning*

Ein kan skilja mellom indirekte og direkte tyning av uønska artar. Ved å sprøyta selektivt mot tofrøblada artar, direkte tyning, fjernar ein oftast berre symptoma på at veksevilkåra ikkje er gode nok for dei verdfulle artane. Kor mykje ugras, og kva artar ein kan tillate i eng må sjåast i samanheng med spørsmålet om kva som er optimal plantesetnad utifrå omsyn til avlingsmengde og kvalitet.

Ved indirekte ugrastyning prøver ein å endra årsakene til at det er kome inn for mykje av uønska gras og tofrøblada ugras. Drifts- og bruksmåten må leggjast om slik at ugrasa vert konkurrerte ut.

*Isåing, fornying*

Dersom plantesetnaden er dominert av uønska artar i så stor grad at det er uråd å betra artssamansetnaden ved hjelp av drifts- og bruksmåten, må grasmarka fornyast. Der det er ulagleg å pløya kan dreping av vegetasjonen med eit kjemisk middel, som oftast glyfosat, og såing direkte i grassvoren vera eit alternativ. Timenes (1985) har gitt eit oversyn over forsøk med slik fornying. Metoden kan ge eit godt resultat, men dersom årsakene til at enga er vorte dårleg er tett, sur og dårleg drenert jord, vil slik såing ikkje lukkast.

Såing i grassvoren utan kjemisk brakking kan nyttast i bestand som er tynna ut, men som allikevel har ein viss del av verdfulle artar. Sjølv i glissen eng får dei isådde artane sterk konkurranse frå det opphavelige plantedekket. Aktuelle artar må difor etablera seg raskt og ha stor konkurransekraft. I Mellom-Europa vert det tilrådd å nytta fleirårig raigras, men ved intensiv bruk (5-6 haustingar pr år) kan det óg bli godt resultat med engrapp og kvitkløver (Nösberger og Opitz von Boberfeld 1986). Endringane i botanisk samansetnad kjem gradvis, og ettersåing bør gjentakast med 2-6 års mellomrom.

Metoden er lite undersøkt her i landet. Mellom anna må ein prøva ulike artar og frøblandingar. Vidare må ein granska korleis ein kan setja ned konkurransen frå den opphavelige plante-

setnaden. Aktuelle tiltak er å utsetja gjødslinga til nokre veker etter spiring, sprøyting mot tofrøblada ugras, sprøyting med små mengder glyfosat og gjentatt beiting, eller avpussing kort tid etter såing. Ein må undersøkje om intensiv bruk i såingsåret verkar uheldig på overvintringsevna til dei verdfulle artane. Forsøk med ettersåing må vera langvarige, og ein må ha med ledd der såinga vert tatt opp att med visse mellomrom.

**Bruk av eng**

Bruksmåten, og spesielt val av haustetid og tal haustingar, har stor innverknad på artssamansetnaden i grasmark. Difor er bruksmåten ved sida av nitrogen-gjødsling det beste middelet ein har til å styra utviklinga av botanisk samansetnad. Det er no i gang bruksmåteforsøk i Nord-Norge. I tabell 5 er det tatt med resultat frå to felt på Tjøtta (Nesheim og Karlson 1988). Tala syner utviklinga i vektprosent for dei viktigaste artane frå første til tredje forsøksår.

Felta var lagt ut i eldre eng som var ekstensivt brukt. Innhaldet av engsvingel gjekk mykje tilbake på alle ledd. Timotei og kveke auka sin del på ledd med to slåttar, både med og utan storfebeiting, medan innhaldet av engrapp og tofrøblada artar var høgast etter beiting med sau.

Bruksmåteforsøka i Nord-Norge går

Tabell 5. Vektprosent av viktige artar ved forsøksstart og etter 3 år ved ulike bruksmåtar (Nesheim og Karlson 1988)

	Ved forsøksstart	To slåttar	To slåttar + beiting med storfe	Sauebeiting vår og haust + ein slått
Timotei	18	32	33	14
Engsvingel	14	3	3	2
Engrapp	26	18	20	34
Markrapp	12	15	12	10
Kveke	13	19	19	12
Tofrøblada artar	6	6	8	19

vidare, og det skal òg leggjast ut liknande forsøk i Sør-Norge. Forsøksverksemda på dette området bør byggast vidare ut.

#### LITTERATURLISTE

Arbeitsgemeinschaft zur Förderung des Futterbaues, 1984. Standardmischungen für den Futterbau. Mitteilungen der Eidg. Forschungsanstalt für landwirtschaftlichen Pflanzenbau Zürich Reckenholz.

Baadshaug, O.H. 1975. En oversikt over resultatene av engforsøk i Norge og andre skandinaviske land. Inst. for plantekultur, N.L.H. Stensiltrykk.

Ellenberg, H. 1974. Zeigerwerte der Gefäßpflanzen Mitteleuropas. Scripta Geobot. 9.

Haanæs, K. Rygg og J. Tødnem, 1984. Endringer i jordegenskaper, botanisk sammensetning og avling hos eng med økende alder. Hovedoppgave ved NLH, Inst. for plantekultur.

Hofmann, H. 1987. Grundsätze für Planung des Futterbaues. AGFF. Zürich-Reckenholz.

Lundekvam, H. E. og Y. Gauslaa, 1986. Phytosociology and ecology of mowed grasslands in Western Norway. Meld. Norg. LandbrHøgsk. 65(22).

Myhr, K. 1971. Samanlikning av gamal og ny eng på Vestlandet. Forsk. Fors. Landbr. 22, 135-156.

Nesheim, L. 1986. A grassland survey in Nordland, North Norway II. Botanical composition and influencing factors. Meld. Norg. LandbrHøgsk. 65(19).

Nesheim, L. og T. Vatshaug, 1985. Behov og tilgang på frø av eng- og grovførvekstar i 1985. Norden, 89(3).

Nesheim, L. og Å. Karlsen, 1988. Effects of grazing and cutting on grassland yield and sward composition in Northern Norway. Proceedings of the 12th General Meeting of EGF, Dublin.

Opsahl, B. og A.O. Skjelvåg, 1984. Varig eng og beite i Noreg. Areal, opphav, plantesetnad, fornying. Kompendium, NLH.


Norges landbruksvitenskapelige forskningsråd, 1987. Program for grovførforskning 1986-1990.

Nösberger, J. og W. Opitz von Boberfeld, 1986. Grundfutterproduktion. Verlag Paul Parey.

Sveistrup, T. og O. Østgård, 1985. Engundersøkelser i Troms og Finnmark. NLVF Sluttrapport nr 598.

Timenes, K. 1985. Undersøkelser i permanent grasmark. NLVF Sluttrapport nr 595.

Voigtländer, G. og H. Jacob, 1987. Grünlandwirtschaft und Futterbau. Verlag Eugen Ulmer.





# TEKNIKK OG GROVFÔRDYR KING

Hvor står vi i dag, og hva vil framtida bringe?

KNUT LINDBERG

Landbruksteknisk institutt, avd. Nord-Norge, Vikeid

## SITUASJONEN I GROVFRÔDYR KINGA VED SLUTTEN AV 80-ÅRENE

I løpet av 80-årene har landbruket i den vestlige verden opplevd stagnasjon og nedgang bl.a. som resultat av overproduksjon av en rekke viktige landbruksprodukter. Denne utviklinga har også rammet det norske landbruket, så også de grovfôrbaserte produksjonene. Landbruket står derfor overfor den situasjon at en ikke kan øke produksjonen for å bedre lønnsomheten.

Dette gjør at også forskninga må angripe oppgavene fra en litt annen innfallsvinkel enn tidligere. Mens det tidligere gjerne var et mål å få en størst mulig produksjon ut fra gitte innsatsfaktorer, er dette resonnementet ikke brukbart i dag. Faktorer som miljøvern, produktkvalitet og økonomi har i dag høyeste prioritet.

Landbrukspolitikken har i stor grad kanalisert grovfôrproduksjonen til geografiske områder som ikke har mulighet for korndyrking. Dette er vel og bra, men denne politikken har også uheldige sider. Pga. små åpenåkerarealer er det i grovfôrområdene ofte store problemer med å nyttiggjøre seg husdyrgjødsel på et fornuftig vis. Dette har ført til forurensningsproblemer og problemer med opphoping av gjødselstoffer i jorda.

Den tekniske utviklinga innen grovfôrdyrkinga har skutt fart, spesielt i tidsrommet 1975-85. Dette har sammenheng med at økonomien i næringa ble bedre, og at arbeidskrafta har blitt stadig dyrere. Skatte- og avskrivningsreg-

ler har også gjort det lønnsomt å investere i teknisk utstyr.

Dette har skjedd uten at det har vært utbygd noe offentlig apparat til å ta seg av vegledning overfor brukerne i tekniske spørsmål. Derfor sitter mange i dag med produksjonsutstyr som ikke er tilpasset de reelle behov på bruket.

## GROVFÔRDYR KINGA OG SAMFUNNET

Storsamfunnet forlanger at jordbruket skal produsere matvarer av god kvalitet til en fornuftig pris. Kravene til effektivitet og miljøvern vil bli meget strenge i tida framover. Utøverne innen jordbruksnæringa vil få en stor oppgave med å rettferdiggjøre overføringer av felleskapets midler til jordbruket.

Grovfôrdyrking og husdyrbruk får ofte et stempel som forurensere. Disse påstandene er ofte velbegrunnet. Det er spesielt avrenning av pressaft og gjødselstoffer som er i fokus. I tett befolkete områder kan også lukt fra f.eks. utkjøring av husdyrgjødsel være et problem.

Landbrukspolitikken blir også brukt som et virkemiddel m.h.t. å opprettholde bosettinga i distriktene. I praksis vil dette ofte være områder der grovfôrdyrking har en naturlig plass. Hvorvidt dette har vært vellykket eller ikke er et åpent spørsmål. Faktum er ihvertfall at antall bruk går ned, og antall heltidsbønder blir mindre. Samtidig er det slik at arbeidsplassene i landbruket skaper grunnlag for arbeidsplasser i f.eks. servicenæringa.





Fig 1. Grovfôrdyrkinga har opplevd ei sterk mekanisering av de ulike arbeidsoperasjonene



Figur 2. Avrenning av næringsstoffer fra jord, gjødsel- og fôrlager representerer en stor forurensningsfare for våre vassdrag

Samfunnet bør ha interesse av et desentralisert landbruk også av beredskaps-hensyn. Dette gjelder både forsvarsmessig og m.h.t. matvareberedskap. Vel nok kan en sikkert skaffe billigere matvarer ved import og produksjon i gunstigere områder. Men en miljøkatastrofe f.eks. kan over natta gjøre de desentraliserte jordbruksarealene meget verdifulle.

### GROVFÔRDYRKINGA OG NÆRINGS-UTØVERNE

Bøndene innen denne delen av landbruksnæringa vil i framtida måtte tilpasse seg samfunnets ønsker og behov i langt større grad enn hittil. Samtidig vil de sjøl forlange rimelige lønns- og arbeidsvilkår i tråd med samfunnet ellers. Arbeidsmiljø og fritid vil stå sentralt dersom rekrutteringa til næringa skal holdes på et forsvarlig nivå.

Samtidig vil en aldri komme unna at landbruk er en biologisk produksjon. En vil derfor alltid måtte ta hensyn til naturgitte forhold. Bondeyrket kan ikke bli en «normal» jobb med arbeidstid fra 8 til 16 og lørdagsfri.

### GROVFÔRDYRKINGA OG FORSKNINGA

Som nevnt innledningsvis, har dagens grovfôrdyrking endel problemer å stri med. *Kan landbruksforskninga i Norge sies å ha skyld i denne utviklinga?*

Det er ikke enkelt å svare på dette spørsmålet. Snarere er det vel slik at manglende forskning er en medvirkende årsak. Likevel kan ikke forskninga si seg fri for et visst ansvar. Det tenkes her først og fremst på manglende samordning mellom ulike fagområder. F.eks. har fôringseksperter anbefalt høsting av enga på et utviklingstrinn som med sikkerhet tar knekken på kulturgrasartene etter kort tid. Videre har en «løst» handteringsproblemene med hus-

dyrgjødsla i fjøset med å flytte problemene ut på jordet i form av blautgjødning.

På den tekniske sida har det vært introdusert maskiner og metoder som nok så ukritisk har blitt tatt i bruk over det meste av landet. Dette har medført problemer fordi en ikke har tatt tilstrekkelig hensyn til naturgitte forhold i ulike regioner. Videre har vi fått maskiner og utstyr som er mer effektive under vanskelige forhold. Dette er i utgangspunktet positivt, men det stilles samtidig større krav til brukerens faglige dyktighet og vurderingsevne. Norsk forskning og vegledning har ikke løst sine oppgaver på en tilfredsstillende måte når det gjelder informasjon og vegledning om riktig bruk av tekniske hjelpemidler. Men dette er ikke overraskende all den tid det ikke fins noe offentlig vegledningsapparat på området driftsteknikk.


### TEKNISK UTVIKLING INNEN GROVFÔRDYRKINGA

Den første tekniske «revolusjon» innen grasdyrkinga må sies å være *hesteslåmaskinen*. Dette var et hjelpemiddel som reduserte det manuelle høstearbeidet i vesentlig grad. Den videre handtering av graset/høyet bar imidlertid fremdeles preg av manuelt arbeid. Dette var også tilfellet etter at *traktoren* begynte å gjøre sitt inntog i norsk landbruk.

Fra midten av 1960-tallet fikk vi en overgang fra høyberging til ensilering av graset. Denne overgangen skyldtes i vesentlig grad at *slaghøstere* ble introdusert. Slaghøstere er uten tvil den hittil viktigste tekniske landevinning for norsk grovfôrdyrking, på godt og vondt. Uten slaghøstere ville ensileringa neppe hatt så stort omfang i Norge som i dag.

Slaghøstere er en enkel, robust og rimelig maskin som utfører både slått og opplesning av graset i en og samme arbeidsoperasjon. Samtidig er det utviklet effektivt utstyr for tilsetning av ensile-

ringsmiddel direkte i høstemaskinen. Når vi samtidig vet at slaghøsteren og ensileringsteknikken er relativt uavhengig av værforholdene, er dette helt klart et system som passer godt for norske forhold.



Figur 3. Slaghøsteren er den enkeltmaskinen som har betydd mest for mekaniseringa av norsk grovfôrproduksjon

Denne uavhengigheten av værforholdene representerer også en fare for misbruk ved at høstinga kan foregå under blaute forhold med skader på jord, planter og det ferdige fôret som resultat. Denne faren blir forsterket ved at vi har fått maskiner med bedre framkomstevne. Bøndene er derfor ikke like flinke til å utnytte godværsperiodene i dag som de var da graset ble berget som høy.

Direktehøsting av rått gras innebærer transport av store mengder vatn. Sammen med stadig tyngre maskiner og kjøring under ugunstige forhold er dette en vesentlig årsak til de kjøreskadene vi sliter med i grasdyrkinga.

Det har i mange år vært utstyr på markedet for såkalt totrinnshøsting av gras. Transporten av vatn blir dermed

kraftig redusert. Slikt utstyr har gjerne stor høstekapasitet.

Høstemaskinene for totrinnshøsting er som regel store og kostbare. Dette, sammen med at det kreves tørt vær under innhøstinga, gjør at totrinnshøsting er lite aktuelt for flertallet av norske grasbønder. Dette forhindrer likevel ikke at totrinnshøsting har fått et visst omfang i enkelte deler av landet. Bl.a. ser det ut til at bruken av sjølessende vogner har fått et oppsving i løpet av 80-årene.


1980-årene har også brakt med seg en ny bergingsmetode for grovfôr. Det tenkes da på ensilering av grovfôr i *rundballer*. Metoden går ut på at lett for-tørket gras presses til 500-700 kg tunge sylindriske baller som så pakkes inn i plast. Metoden har fått stor respons i mange deler av landet.

Forskning og vegledning var i utgangspunktet meget skeptisk til rundballemetoden. Dette var likevel ikke til hinder for at mange bønder har tatt metoden i bruk. Dermed har vi fått et klassisk eksempel på hvordan forskning og vegledning er kommet fullstendig på etterskudd i forhold til utviklinga i praksis.

Fra forskningshold har en i dag et litt mer nyansert syn på rundballemetoden. Det er allment akseptert at metoden er et faktum i norsk grovfôrdyrking. Forskninga må ta fatt i de problemene som er forbundet med metoden for å se om de kan løses.

Rundballemetoden har endel fortrinn framfor tradisjonell grasberging til surfôr. Blant disse er lite kapitalbehov til faste anlegg. Metoden er fleksibel ved at en ikke trenger å fyile en hel silo når en først setter i gang med slåtten. Det kreves forholdsvis enkelt utstyr til videre transport og handtering av ballene. Metoden har stor kapasitet dersom en har stort mannskap til disposisjon. Fôret «serveres» i porsjonspakninger slik at en unngår problemer med varmgang slik en ofte har ved åpning av en tradisjonell silo.

Den viktigste innvendinga mot rundballemetoden er at fôrkvaliteten er usikker ved lagring over lengre tid. Derfor blir det frarådet å basere seg på konservering av hele grovfôravlinga som rundballer. Alt står og faller på om en kan holde plastemballasjen tett i lagringstida. De undersøkelser som er foretatt konkluderer med at rundballer bare kan anbefales som et supplement til grovfôr fra tradisjonell ensilering.



Figur 4. I de seinere årene har rundballer kommet inn som et nytt moment i fôrberginga her i landet

En viktig årsak til den store interessen for rundballemetoden er også å finne på det psykologiske plan. Rundballemetoden er kanskje den første virkelige nyhet på det driftstekniske området siden slaghøsteren kom i 60-årene. Dermed har mange følelsen av å være «innovatører» når de tar i bruk ny teknikk.

#### AKTUELLE FORSKNINGSOPPGAVER I FRAMTIDA

Behovet for forskning innen grovfôrdyrkinga er, og vil fortsatt bli, meget stort. På plantesida sitter vi i dag med et meget godt sortsmateriale av de aktuelle artene. Men på jord- og maskinsida er det ennå langt igjen før vi kan si at vi mestrer situasjonen. Grovfôrdyrkinga vil måtte ta konsekvensen av at det er en biologisk produksjon det er snakk om.

Forskningsinnsatsen må bære preg av større tverrfaglig samarbeid enn hittil. For hvert trinn som tas i utviklinga må vi samtidig klarlegge hvilke konsekvenser det får for andre deler av produksjonen. Hvis ikke, kan vi fort komme i den situasjonen at løsning av ett problem samtidig skaper nye problemer. Sterkt forenklet har vi et klassisk eksempel på dette i innføringa av blautgjødsla. Her har en løst noen handteringsproblemer i driftsbygninga. Men parallelt har husdyrgjødsla gått over fra å være en ressurs til å bli et avfalls- og forurensningsproblem.

#### Driftsskader, jordkultur m.m.

Generelt er det et stort behov for økte kunnskaper om ulike jordtypers produksjonsegenskaper. Dette er nødvendig for at vi så kan tilpasse drifta til den aktuelle jordtypen med bakgrunn i lokale klimatiske forhold. Dreneringsmetoder, jordarbeiding og driftsteknikk er sentralt i denne sammenheng.

Driftsteknikken i jordbruket vil i framtida måtte ta større hensyn til agronomiske forhold. Dette har flere årsaker. For det første vil det bli tvingende nødvendig for å få et brukbart avlingsnivå.

For det andre vil miljøvernkravene til landbruksnæringa bli langt strengere enn i dag. Her vil f.eks. *jordpakking* kunne defineres som forurensning. Miljøvernmyndighetene vil ganske sikkert kaste sine øyne på denne siden av landbrukets ressursforvaltning. Jordpakkingsproblematikken er bekymringsfull fordi skadeomfanget er resultat av langsiktig påvirkning som fremdeles pågår. Dessuten er skadene til en viss grad kamuflert av at vi har fått bedre sortsmateriale av de aktuelle artene.

Skadevirkninger av feilaktig teknikk på avling og produksjonsgrunnlag vil sannsynligvis bli stadig mer framtrædende i tida som kommer. Derfor bør forskning rundt disse spørsmålene bli et prioritert område.

Denne forskninga bør ta utgangspunkt i lokale jord- og klimaforhold. For

det første må plantenes grunnleggende vekstkrav tilfredsstilles. D.v.s. at drenerings- og jordkulturproblemer må løses på en tilfredsstillende måte. I denne sammenheng vil det bli av avgjørende betydning å skaffe fram data for hvor store påkjenninger jorda tåler før det går alvorlig ut over produksjonsegenskapene.

Med slike opplysninger tilgjengelig, kan vi utarbeide en driftsteknikk som er i rimelig harmoni med naturgrunnet. En praktisk anvendelse av dette kan være at vi finner ut at en jordtype tåler ei viss belastning ved et definert vanninnhold. Vi får da valget mellom å drenere jorda så godt at den tåler større belastning, eller vi kan bruke maskiner med tilstrekkelig lavt marktrykk og tyngde.

I mange tilfeller vil vi nok tvinges til kompromisser mellom det som er ønskelig og det som er praktisk mulig. Men med slike bakgrunnskunnskaper som her er skissert, vil vi ha et godt grunnlag for å vurdere hvilke konsekvenser dette vil få for avlingsnivå og økonomi. Vi vil sannsynligvis måtte innrømme at den tekniske utviklinga har havnet i ei blindgate som det vil kreve en betydelig omstillingsprosess å komme ut av. Maskinstørrelsen må reduseres kraftig for å komme ut av uføret.

Vi må kanskje tenke i andre baner når det gjelder jordkultur, høstemetoder og konserveringsteknikk. Husdyrgjødselproblemet kan tvinge oss til å legge om fôringspraksisen slik at gjødsla får en konsistens som gjør den anvendbar i grovfôrproduksjonen. Dette vil i så fall kreve endring av hele driftsopplegget.

#### *Høste- og konserveringsteknikk*

Selv om vi i dag har velprøvde metoder for høsting og konservering av grovføret, er det likevel behov for forbedringer. Som tidligere nevnt, vil det viktigste være å tilpasse metodene og utstyret til de naturgitte forhold.


På kort sikt er det mange uavklarte spørsmål i forbindelse med rundballe-

metoden. Det viktigste er naturlig nok framskritt som kan gjøre metoden sikrere m.h.p. ensileringsresultatet. Plasttyper og innpakkingsmetoder vil være aktuelle emner.

Handtering av baller på og utenfor jordet er viktig for å få en effektiv og skånsom transport av ballene. Minst mulig kjøring på jordet er her et stikkord. For mange brukere vil det være meget nyttig om en kan transportere ferdig innpakka baller uten at emballasjen ødelegges. Dette er aktuelt ved kjøp og salg av fôr. Dessuten vil dette være nyttig ved høsting av arealer som ligger langt unna gården.

Det bør arbeides videre med å framskaffe lettere høstemaskiner med lavt effektforbruk. Vekt- og energiøkonomisering bør tas på alvor i tida framover. Landbruksmaskiner er pr. i dag for «grovsmedarbeid» å regne. Alternative materialer og bedre konstruksjonsprinsipper kan gi betraktelige gevinster når det gjelder vekt.

Høste- og transportmetoder som medfører mindre påkjenninger på jord og planter vil være et sentralt driftsteknisk forskningsområde. I denne sammenheng er det viktig med fleksible metoder som kan brukes under vekslende forhold. Samtidig bør metodene ha stor nok kapasitet til å gi effektiv utnyttelse av perioder med godt vær.



Figur 5. Sluring av traktorhjulene mot underlaget er en sentral faktor når det gjelder kjøreskader på grasmark

Når det gjelder traktorer og andre kraftmaskiner er redusert vekt et meget sentralt punkt. Samtidig må utviklinga av godt hjulutstyr for grasmark intensivres. Forsøk i inn- og utland har vist at en stor del av avlingsreduksjonen etter kjøring på grasmark skyldes mekaniske skader på plantene like mye som egentlig jordpakking. Utvikling av skånsom dekkutrustning er derfor meget viktig. Her bør grovfôrforskninga kanskje samarbeide med grøntanleggssektoren?

Sluring av hjul mot underlaget er meget uheldig på grasmark. Alle tiltak som kan redusere sluringa er derfor nyttige i grasdyrkinga. Ved hjelp av elektronikk er det mulig å lage en traktor hvor maksimal sluring kan innstilles på forhånd. Dette vil være til stor hjelp for å avpasse lass-størrelsen etter forholdene ved grashøsting for eksempel.

## OPPSUMMERING

Grovfôrdyrkinga vil få mange utfordringer i tida framover. Evne til utradisjonell tenking og problemløsning vil bli en meget nyttig egenskap. Kravene til miljøvern og økonomi vil bli atskillig strengere enn i dag. Landbruksnæringa må bli mye flinkere til å markedsføre sine produkter. Norsk landbruk bør satse på god kvalitet og reine produkter for derigjennom å oppnå høyere priser i markedet. Det vil neppe bli billig å produsere matvarer i Norge sammenlignet med områder med gunstigere vekstforhold.

De viktigste utfordringene for grovfôrforskninga blir på den tekniske sida å utvikle rimelige og hensiktsmessige maskiner og metoder som kan brukes uten å ødelegge jord og avling.

Følgende punkter bør prioriteres:


- ▶ Redusert maskinvekt.
- ▶ Bedre kunnskaper om ulike jordtypers reaksjon på belastning av ymse slag.
- ▶ Jordarbeidings-/gjødslingsteknikk (Herunder husdyrgjødsel).
- ▶ Redusert transport av vatn på jorden.
- ▶ Skånsomme arbeidsmetoder, inkludert dekkutrustning.
- ▶ Alternative dyrkingsmåter for tradisjonelle og nye vekster.

## LITTERATUR.

Kjus, O & Å. Randby, 1987: Ensilering av gras i rundballer. Forsøk på Hellerud 1986. I.TI-trykk nr. 68.

Sveriges Lantbruksuniversitet, Uppsala: Rapporter från jordbearbetningsavdelningen, nr. 71, 1986 Jordpackning: Skördepåverkan - motåtgärder - ekonomi. Rapport från NJF-seminarium i Sigtuna 28-30 okt. 1986.

Håkansson, I., W.B. Voorhees & H. Riley, 1988: Vehicle and wheel factors influencing soil compaction and crop response in different traffic regimes. Soil and Tillage Research, 1988.





# HUSDYRGJØDSLÅ - RESSURS OG PROBLEM

## Framtidige forskningsoppgåver

KJELL VASTVEIT  
Agromiljø A/S, Judaberg

Jordbruket har dei siste 30-40 åra endra seg meir enn på fleire århundre tidlegare. Bakgrunnen for dette er både den store tekniske utviklinga vi har hatt og ein bevisst styrt landbrukspolitikk. Resultatet av dette er ein-sidig kornproduksjon over store deler av Austlandet og Trøndelag og spesialisert husdyrhald og grasproduksjon i resten av landet.

Den teknologiske revolusjonen i jordbruket skaut serleg fart etter at forhaustaren for alvor slo gjennom på seks-titalet. Vi fekk i husdyr-distrikta overgang til ein-sidig grasdyrking med konservering i silo. Samstundes vart føringa sterkare og vi tok til å nytta meir konsentrert fôr. Dette gav ei mykje blautare gjødsel. Steget over til blautgjødsel med felles oppsamling av gjødsel og urin kom som naturleg konsekvens av dette. Med gjødsel-rist bak dyra, åpen forbindelse til gjødsellager og utkøyring med pumpe og tankvogn gav dette ei sterk effektivisering.

Ved overgang til ein-sidig engdyrking og innkjøp av det konsentrerte fôret i form av kraftfôr vart dyrehaldet på den enkelte gard auka mykje. Melkekyrne har blitt større, med NRF som mest ein-aste rase. Saman med auka avdrått og sterkare føring har dette gitt ei dobling av næringsverdien i gjødsla frå kvar ku. Dette har ført til at storfe-gjødsla åleine på mange bruk dekkar trongen for P. Når så utviklinga også førte med seg at dei kraftfôrbaserte produksjonar vart lokalisert til bruk med storfe, fekk vi for

store mengder husdyrgjødsel til den fulldyrka jorda på mange bruk.

I ettertid ser vi at denne utviklinga har gitt oss mange nye problem som nå krev løysing. Vi må gi arbeidet for eit meir miljøvennleg landbruk toppprioritet. Men vi må prøva å finne løysingar som likevel gjer det muleg å oppretthalda eit effektivt landbruk.

## HUSDYRGJØDSLÅ SOM RESSURS

Husdyrgjødsla vart tidlegare rekna som bondens gull. Før vi fekk handelsgjødsel var det viktig å kunne hausta mykje fôr i utmarka og fø etter måten mange dyr for å få nok gjødsel til åkrane dei hadde. Men pendelen svinga. Billeg handelsgjødsel gjorde at husdyrgjødsla ein periode blei sett på som avfallsprodukt ein måtte kvitta seg med på billegaste måte. Derfor vart gjødsellagra i denne perioden bygde alt for små slik at gjødsla måtte spreiaast med nokre månaders mellomrom heile året.

Forureiningsverknaden var det ingen som var klar over. Men etter kvart som skadeverknadene av feil bruk viste seg, og ein fekk kunnskap om årsaks-samanheng, og prisen på handelsgjødsel auka kraftig, står igjen rett bruk av husdyrgjødsla i fokus.

Totalt vert det produsert ca 16 mill. tonn husdyrgjødsel her i landet. I tillegg til N, P og K inneheld husdyrgjødsla ei rad makro- og mikronæringsstoff og mykje organisk materiale. Ut frå gjen-

nomsnittleg næringsinnhald er gjødselverdien omlag 50 kr pr tonn. Gjødsel frå gris, høns og pelsdyr er særleg næringsrik.

I tillegg til gjødselverdi har husdyrgjødsel stort energiinnhald. Dette kan utnyttast ved aerob gjæring ved våtkompostering eller tørr-kompostering, i form av varmeproduksjon i sjølve gjødsel. Ved anaerob gjæring kan ein få produsert biogass som kan nyttast i fyrkjele eller motordrivstoff, ved oppvarming og omrøring i gjødsel utan tilgang på luft. Brutto energiinnhald i vanleg storfe-gjødsel med ca. 10% t.s. er omlag 500 kWh pr m<sup>3</sup>. Ein stor del av det organiske materialet er så sterkt bunde av lignin at det er vanskeleg for bakteriene å nytta. I praksis reknar ein å kunne nytta 30-50%. Dessutan brukar sjølve prosessen mykje energi. Som tommelfingerregel kan vi rekna med å få nytta 25% av bruttoenergien. Dette utgjer omlag 125 kWh pr m<sup>3</sup>.

Forsøk har vist at spesielt for jord med lite organisk materiale vil innblanding av husdyrgjødsel i jorda redusere erosjonen. Bruk av husdyrgjødsel generelt og kompostert gjødsel spesielt gir auka biologisk aktivitet i jorda, dersom tilhøva elles ligg til rette for det, blant anna med god tilgang på luft. Under slike tilhøve vil næringa som finst i jorda i større grad verta omdanna til næringsemne som er tilgjengeleg for plantene. Dette prinsippet vert nytta i biologisk jordbruk.

## PROBLEM

### *Forureining*

Jordbruket har dei siste åra stått stadig meir i fokus når det gjeld forureining. Dette har fleire årsaker. Men forsøk og registreringar viser at ved uheldig bruk kan husdyrgjødsel gi stor avrenning av næringsemne. Ein er også etter kvart blitt klar over at blautgjødsel slemmer til jorda. Kombinert med den jordpakkinga ein får ved spreiring med tradi-

sjonelt tankvognutstyr på våt jord, vert jorda mest heilt tett. Dette fører til stor overflateavrenning dersom det kjem mykje nedbør. Overflatevatnet kan vaska med seg ein stor del av den husdyrgjødsel som ligg spreidd på overflata.

Målingar viser at vi har lite nedbør og overflateavrenning i vekstsesongen fram til september. Då får vi ofte mykje nedbør, og spreiring av husdyrgjødsel på tradisjonell måte tettare til jorda og vi får stor overflateavrenning. Under visse tilhøve har ein også funne store mengder P i grøftevatnet etter haustspreiring. Dette blir forklart med at i jord som er vassmetta kan næringsemne siga gjennom utan å kome i kontakt med jordpartiklar som kan binda dei til seg.

Haustspreiring av husdyrgjødsel ser derfor ut til å ha langt større skadeverknad enn ein før var klar over.

### *Verknad på avling*

Vi må nok innsjå at i vår iver etter å effektivisera drifta har oversett dei store krav jorda stiller som vekstmedium. Resultatet er avlingsstagnasjon og delvis reduksjon i kystdistrikta og i Nord-Norge. Serleg pakking av jorda tidleg om våren ser ut til å ha store negative konsekvenser på moldrik jord. Då er jorda oftast fuktig og svært porøs av frosten. Køyning med tunge reiskap under slike tilhøve gjer jorda mest heilt tett. Dette er serleg tilfelle om det vert spreidd blautgjødsel. Jorda tørkar mykje seinare opp. Dette gir dårlegare veksevilkår for plantene. Bakteriane som mineraliserar N og gjer denne tilgjengeleg for plantene treng luft for å kunne fungera. I vassmetta jord overtek anaerobe bakteriar som kan omdanna N forbindelsar til NO<sub>2</sub> som forsvinn opp i lufta.

Typisk for denne situasjonen er også at grassortar som gir størst avling vil gå ut og dårlegare grasslag som tunrapp og knerevehale tek over. Tiltetting av jorda må nok også ta ein stor del av skulda for at enkelte distrikt har av-

lingsskade grunna dårleg overvintring på enga mest kvart år.

*Kva har ført oss inn i denne vonde sirkelen?*

Det er fleire grunnar til denne uheldige utviklinga. Blautgjødsel slemmer til jorda på ein heilt annan måte enn den faste husdyrgjødsla vi hadde før gjorde. Vi har fått stadig større og tyngre traktorar og reiskap. Firehjulsdrevne traktorar på både 3 og 4 tonn er vanleg, og med gjødseltankvogner som gjerne veg endå meir. Rett nok har hjulustruttinga blitt betre. Men køyring med så tunge maskiner på fuktig jord vil i alle høve gi stor tilletting. Firehjulstrekk har gitt muleghet til å koma fram sjølv om jorda er fuktig. I praksis vert det derfor i mange tilfelle spreitt husdyrgjødsel på jord som ikkje tåler denne køyringa. På den måten kjem ein inn i ein vond sirkel. Jorda tørkar seinare opp etter nedbør og vert derfor gjerne også for våt under siloslåtten. Dette gir nye køyreskader og endå større tilletting.

#### AKTUELLE FORSKNINGSOPP- GÅVER

Skal vi kunne nytta den store ressursen husdyrgjødsel representerer på beste måte og unngå skadeverknader, må forsknings- og utviklings/utprøvningsarbeidet intensiverast. Dette arbeidet må ha som overordna mål å gje gode heilshetsløyningar. Vi må derfor sjå heile husdyrgjødselhandteringa i samanheng. Etter mitt syn har vi ikkje vore flinke nok i så måte.

Den utgreiinga om aktuelle forskningsoppgåver som SEFO nå har utarbeidd, bør leggjast til grunn for vidare prioritering for finansiering av forskning på denne sektoren. Dei ymse forskningsinstitusjonar vi har bør inviterast til å gi anbud på å utføre dei forskningsoppgåver som er lista opp. Det må vera ei forutsetning at eit organ koordinerer det heile, for å sikra at alle aktuelle område

innan husdyrgjødselhandteringa vert dekkja utan unødige overlappingar. Det vil også ligga ein stor gevinst i kunnskapsutveksling mellom forskarar frå ulike forskningsinstitusjonar under planlegging og gjennomføring av prosjekta.

Men vi må også innsjå at forskarane åleine ikkje kan løysa alle spørsmål knytte til husdyrgjødsla. Alle gode krefter må derfor samarbeide, både forskarar, bønder, rettleiingsfolk og fabrikkantar av utstyr. I tida framover vil arbeidet med å finna praktiske måtar å få gjort tinga betre på vera like viktig som den forskning dette utviklingsarbeidet må byggja på. Dette samarbeidsopplegget vil krevja mykje nytenking, men er heilt naudsynt om vi skal nå målet.

Algekatastrofen i vår har ført til krav om total omlegging av landbrukspolitikken. Det vert hevda at einaste løysinga for eit meir miljøvennleg landbruk er å gå tilbake til blandingsjordbruket med husdyrproduksjon fordelt på alle gardsbruk. Eg meiner vi kjenner metodar som gjer det muleg å nå målet om eit miljøvennleg landbruk, ved å tilpasse oss ut frå det opplegget vi har i dag. Men det krev nytenking, vilje og økonomisk stimulering for å få gjennomført. Alternativet vil vera ei omstilling som vil vera problematisk for dei fleste bønder, og vera veldig dyr for samfunnet. Med oppbygging av nye driftsapparat både i primærproduksjon og foredling, medan andre ikkje får inntekt av investeringar som ennå ikkje er nedbetalte.

Forsknings-/utviklingsopplegg må ta utgangspunkt i den dagsaktuelle situasjon vi har når det gjeld husdyrgjødsel. Vi har nå til høyringutkast til forskrifter og retningslinjer for behandling og spreiding av husdyrgjødsel. Her er det veldig stort gap mellom det som høyringsutkastet legg opp til, og det som i dag er i vanleg bruk av metodar og teknisk utstyr. Det vert sett krav om minimum spreieareal pr dyreeining, og forutsett at husdyrgjødsla over tid skal

fordelast på den enkelte gard slik at ikkje noko areal får tilført meir enn det normene tilseier. Praksis i dag er ofte at jord som tåler køyring best og ligg nærmast driftsbygning, får meir enn jord som tåler køyring dårleg og som ligg langt borte. Det er derfor viktig å få utvikla behandlings- og spreiemetodar som i størst muleg grad gjer det muleg å fylgje opp intensjonane.

Det same gjer seg gjeldande innan gjødselplanlegging. Vi har fått dataprogram som planlegg gjødslinga heilt nøyaktig. Men dette hjelper lite dersom vi har spreiar for husdyrgjødsel som gir dobbelt så mykje gjødsel på ein del av arealet i høve til ein annan.

## AKTUELLE METODAR FOR VIDARE FORSKNING/UTVIKLING

### *Delt lagring*

Delt lagring har fått ny interesse etter at ein har registrert store problem med bruk av blautgjødsel. Men her trengst det eit breitt forskningsopplegg for at delt lagring skal kunne fungera godt i praksis. Uten at vi kan få den faste delen tørr nok til at vi unngår anaerob gjæring har metoden lita interesse. Med den føringa vi har til storfe i dag, er ikkje dette tilfelle. Her må ei rekke faktorar vurderast:

- kan nye konserveringsmiddel gi fastare avføring
- kor stor del av førrasjonen må vera høy for å oppnå ynskjeleg verknad
- kan betre amminosyresamansetjing, eventuelt med innkapsling, gjera at ein kan senka proteininnhaldet og på den måten få fastare gjødsel
- er det andre måtar å få ei fastare avføring på?

Dersom ein skal satsa på høy i førrasjonen må ein prøva å finna fram til økonomisk forsvarleg måte å gjera dette på. Her kan kanskje maskinringane føra til ny giv med slåmaskin med stengel-

knekkar og presse. I dei fleste deler av landet forutset dette ettertørking inne. Varmlufttørking med energi frå solvarme eller våtkompostering kan her vera interessant.

Delt lagring vil serleg høva godt der den faste delen vert nedmolda i åker, og den tynne delen nytta til eng og beite. Dersom ein har lite spreieareal må ein vera merksam på at det er svært lite P i urindelen. Ein må derfor også spreia fast gjødsel på beite for å fylgja opp intensjonen i arealkravet.

Ulempen med metoden er at det krevst meir teknisk utstyr for spreieing, men dette kan truleg eliminerast ved nabosamarbeid eller maskinring.

### *Gjødselseparering*

Opp gjennom tida har det vore gjort ein del forsøk med bruk av separator for å skilja gjødsel i fast og flytande del. Når dette ikkje har fått oppfyljing i praksis skuldast dette:

- Separatorane har vore for dårlege teknisk
- Dei er forholdsvis dyre i innkjøp
- Den faste delen vert ei problemfri vare som vil kunne tørrkomposterast, men den våte delen vil langt på veg ha dei same problem som vanleg blautgjødsel
- Opplegget vil krevja 2 mekaniseringsliner for spreieing

Som gjødselbehandlingssystem åleine vil truleg separering ha lita interesse. Men for bruk med for lite spreieareal kan det vera den billegaste måten å lage handelsprodukt ved separering og tørrkompostering. Det er lettast å separere behandla gjødsel og gjødsel frå gris.

Det er spesielt aktuelt å forska på separering som del av prosess for å lage handelsvare av husdyrgjødsel.

### *Våtkompostering*

Her i landet er det arbeidd mest med våtkompostering som behandlingsmetode

for gjødsel. Og vi kan slå fast at ingen andre land har så stor kompetanse på dette. Det er derfor viktig å fylgje opp med vidare arbeid.

Våtkompostering skjer ved inninnsing av luft i gjødsel. Dette gir ein biologisk prosess som produserar varme og brukar organisk materiale. Gjennom prosessen kan ein oppnå:

- om lag 80% luktreduksjon
- tyntflytande gjødsel «skreddersydd» for vatningsvogn
- hygienisering for bruk på beite/o-beiting
- liten reduksjon i avbeiting/smaklegheit på graset (blautgjødsel gir stor reduksjon)
- mulegheit for auka spreieareal ved bruk på beite og sparte utgifter til handelsgjødsel
- gir ikkje skorpe
- gir ikkje sviskade
- drep ugrasfrø
- drep ikkje meitemakk
- kløver overlever betre
- redusert tilslemming og overflateavrenning
- gjødsel vert lett å røra opp, liten hydraulisk propell dreven av tipputtaket på traktor kan nyttast - mulegheit for innblanding av handelsgjødsel
- jamn konsistens gir jamnare spreieing
- mindre utvasking av N av di alt vert frigjort i veksetida
- mulegheit for uttak av om lag 125 kWh varme pr m<sup>3</sup>.

Det er etter kvart bygt ein del anlegg for våtkompostering rundt om i landet. Dei fleste anlegga komposterer i gjødsel-lageret, men det er også bygt nokre anlegg med eigen behandlingsskum med utnyttning av varmeproduksjon. Men driftsresultatet varierer mykje. For å få prosessen til å fungera optimalt under praktiske tilhøve er det derfor ynskjeleg med meir forskning, utvikling og utprøving for å finna fram til:

- optimering av den biologiske prosessen
- optimal storleik på behandlingsskum
- optimal luftinnblanding
- veterinær vurdering av kva som er ynskjeleg/krav til behandlingstid og temperatur for bruk på beite
- vurdering av å la toalettavløp gå til behandlingsskum
- system for fjerning av amoniakk og lukt i avluftinga

### Biogassanlegg

I mange land vert det forska mykje på biogassanlegg for husdyrgjødsel med oppbygging av stor kompetanse. Biogassgjæring får vi i husdyrgjødsel med oppvarming og omrøring utan tilgang på luft. Fordelene vi oppnår er dei same som nemnt under våtkompostering. Men varmen har høgare verdi avdi denne kan brukast både som drivstoff for motorar og brenne i fyrkjel. Ulempen er at dei metanbakterier ein har i dag er veldig sårbare for endringar. Spesielt gjeld dette i det termofile området (ca 55° C).

Mange av dei anlegg som er bygd har derfor store problem med drifta. Vi bør derfor venta med å satsa på biogass til dei land som alt har bygt opp stor kompetanse på dette området finn fram til anlegg som fungerer tilfredsstillande.

### Tørrkompostering

Truleg er tørrkompostering den enklaste måten å lage ei god og luktfri gjødsel som også kan eigna seg som handelsvare. Forutsetninga er at tørrstoffinnhaldet i råvara er minst 23%. Ved å leggja gjødsel opp i dung vil vi få kraftig varmgang i gjødsel, opp til 65° C. Ved å snu om dungen 2 - 3 gonger sikrar ein seg at all gjødsel har blitt godt kompostert. Det finst likevel nokre ulemper ved metoden som må løysast. Prosessen gir stor avdunsting av amoniakk. Dette er ein ressurs vi bør ta vare på, og som gir forureining i form av sur nedbør ved avdunsting til lufta.

Metoden er forholdsviss arbeidskrevjande, og krev stort areal med det opp-

legget som vert nytta i dag. Ein bør derfor laga eit automatisert opplegg i behaldar eller lukka system som kan løysa desse ulempene.

I så fall kan det truleg vera aktuelt å byggja slike anlegg felles for grender eller kommunar der ein har for mykje gjødsel. Slik behandling vil serleg høva godt for hønse-, saue- og pelsdyrgjødsel. Fast del med delt lagring av grisegjødsel kan også nyttast, medan storfejødsel enten må separerast eller blandast med halm eller bark for å verta tørr nok.

#### *Meitemakkompostering*

Meitemakken er kjend som den beste jordforbetrar vi har. Ved å eta opp organisk materiale og fordøye dette gjennom biologisk prosess vert dette lett tilgjengeleg for plantane, og jorda rik på bakteriar. Meitemakkkompost vert derfor rekna for det beste tilsetningsmiddel for daud jord for å få produktiv matjord. I fleire land er det utvikla praktiske løysingar på å la meitemakken omdanna husdyrgjødsel til handelsgjødsel.

Frå Italia er det eksportert slik kompost til Midt-Østen for innblanding i sandjord. I Storbritannia har eit firma spesialisert seg på produksjon og omsetning av meitemakkompost i spesialblandingar for ymse typer planter og har opparbeidd bra omsetning. Også her i landet er det starta prøveproduksjon av meitemakkompost. Men under våre klimatiske tilhøve må vi nok satsa på isolerte anlegg for å sikra produksjon året rundt. Optimal temperatur er ca 20° C. Det bør vera ei interessant oppgåve å finna fram til anlegg som er tilstrekkelig automatiserte for praktisk drift. Slike anlegg må egne seg både til produksjon av kompost og proteinfôr av meitemakken.

#### *Spreiing med vatningsvogn*

Vi veit i dag at tradisjonelt spreieutstyr for husdyrgjødsel gir to store ulemper

- stor jordpakking
- ujamn spreieing

Ved bruk av vatningsvogn kan ein oppnå desse fordelene:

- med vanleg bruk kan køyreskadene reduserast med 90%
- muleg å starta spreieinga tidlegare om våren. Dette betyr mykje arbeidsmessig, gir best gjødselverknad og minst fare for tap av næringsemne
- utstyret eignar seg godt for nabosamarbeid/maskinring
- med stor kapasitet sparer utstyret tid i hektisk våronn og gjer det praktisk muleg å få spreia ein større del om våren
- best metode for spreieing i beite med 60-70 m spreiebredde
- kanonspreiar gir svært jamn spreieing
- mindre fare for utvasking av N grunna betre jordstruktur og større mikrobiell aktivitet

- Skjelvåg, A.O. 1981. Effects of climatic factors on the growth and development of Field Bean (*Vicia faba* L. var. minor). III. Yield and its components. *Acta Agriculturae Scandinavica* 31, 382-394.
- Slatyer, R.O. 1960. Agricultural climatology of the Katherine Area, N.T. Teth. Pop. Div. Ld. Res. reg. Surv., C.S.I.R.O. Aust. no. 6.
- SMHI Promis Reports. 1988. Annual report 1986-87, Nr. 7, Jan 1988. (Editor: Bengt Dahlström)
- Thornley, J.H.M. 1976. *Mathematical models in plant physiology*. Academic Press, London.
- Thorvaldsson, G. 1987. The influence of harvest date, nitrogen application and weather on development and nutritional value of timothy (*Phleum pratense* L.) and its implication for prediction of forage quality. Inst. för växtodling, Rapport 177. Diss.
- Thorvaldsson, G. & Andersson, S. 1986. Variation in timothy dry matter yield and nutritional value as affected by harvest date, nitrogen, fertilization, years and local in Northern Sweden. *Acta Agriculturae Scandinavica* 36.
- Torssell, B.W.R. 1984. Descriptive and explanatory models for predicting grassland production. 10th General Meeting of the European Grassland Federation Proceedings, Ås 1984.
- Torssell, B.W.R. 1986. Växtproduktionens systemekologi - ett hjälpmedel i försöksverksamheten. Försöksledarmötet i Alnarp 1986. Sveriges lantbruksuniversitet, Konsulentavd. rapporter Trädgård 310, 9:1-9:8.
- Torssell, B.W.R. 1989. The application to agriculture of predictive plant production models based on regional experimental data. In «Ecology of Arable Land - Kluwer Acad. Publishers. Dordrecht. Perspectives and Challenges». (Accepted)
- Torssell, B.W.R. & Kornher, A. 1983. Validation of a yield prediction model for temporary grasslands. *Sw. J. agr. Res.* 13, 125-135.
- Torssell, B.W.R., Jönsson, N. & Kornher, A. 1983. A systems approach to planning research in temporary grassland production. Sveriges lantbruksuniversitet, Inst. för växtodling, Rapport 123.
- Torssell, B.W.R., Jönsson, N. & Roslon, E. 1987. Systemanalys som komplement till försök och rådgivning. Sveriges lantbruksuniversitet, Konsulentavd. rapporter Allmänt 107, 14:1-14:10.
- Torssell, B.W.R., Svensson, B. & Ohlander, L. 1985a. Växtodlingsmodeller - forskningsinstrument med bred tillämpning. Sveriges lantbruksuniversitet, Konsulentavd. rapporter Allmänt 81, 19-38.
- Torssell, B.W.R., Söderström, L. & Carlsson, B. 1985b. Interaktiva beräkningar för undervisning och rådgivning i växtodling. Inst. för växtodling, Rapport 157.
- Torssell, B.W.R., Jönsson, N. & Thorvaldsson, G. 1985c. Skördetidsprognoser i slåttervall - behovet av grunddata, «kalibreringsdata» och beräkningsrutiner. *Grovfoder* 4, 63-77.
- WMO (1983a). Guidelines on crop-weather models. Ed. G W Robertson, World Climatic Applications Programme, WCP-50, Geneva.
- WMO (1983b). Weather-based mathematical models for estimating development of ripening crops. Ed. G W Robertson, WMO, Agricultural Meteorology, CAgM Report no. 15, Geneva.



# BRUK AV KLIMADATA I FRAMTIDIG FORSKING, UNDERVISNING OG RÅDGJEVING

ARNE ODDVAR SKJELVÅG

Institutt for plantekultur, Noregs landbrukshøgskole, Ås

Den produksjonen som er oppnåeleg i ein åker eller ei eng, rettar seg etter plante-materialet og miljøet. Gjennom verknadene av klima, jord, dyrkingsåtgjerder og skadegjerarar vert det genetiske potensialet til plantane verkeleggjort. Stundom er den eine og stundom er ein annan av miljøfaktorane mest avgrensande for produksjonen, men den sentrale stillinga til klimaet er likevel klar. Det verkar både direkte på plantane og omveges gjennom eigenskapar ved jorda og mengd av skadegjerarar. Dessutan er vêret avgjerande for både å setja dyrkingsåtgjerdene ut i livet og for utfallet av dei.

## PLANTEDYRKINGSFORSØK

Så seint som for vel hundre år sidan var kunnskap i plantedyrking for det meste samla gjennom praktiske røynsler i generasjonar. Med systematiske dyrkingsforsøk kom eit tryggare grunnlag for å skilja mellom det som bygde på velgrunna røynsler, og det som bygde på meir uklare førestellingar. Forsøksteknikken har i hovuddraga utvikla seg frå dyrkingsforsøk på store parsellar gjennom overgangen til smærre ruter og innføring av gjentak, og endeleg til bruk av matematisk statistikk i analysen av forsøka (t.d. Hönningstad 1914, Fisher 1925, Nissen 1951). Dette er no ein velutvikla metodikk for plantedyrkingsforsøk, og ein plan som tillet statistisk test

av resultatane, har lenge vore eit standardkrav til feltforsøk.

Den statistiske analysen av forsøks-tilfang siktar ofte mot å gi allmenngyldige utsegner om verknader av forsøksfaktorane. Verknadene av vêret kjem i variansanalysen som effektar av år, stad eller i feilen. Som forsøksfaktor skil vêret seg frå slike som t.d. sort og gjødselmengd ved at det varierer frå dag til dag i forsøksstida. Dessutan er vêret samansett av både stråling, temperatur, lufråme, nedbør og vind. Kvar av desse elementa har sine særskilde verknader på plantevekst, men ofte er vêrvariablane korrelerte, og det gjer analysen av dei særskilde verknadene vanskeleg. Statistiske analysar av samanhengar mellom vêr og plantevekst byr ofte på tolkingsvanskar, og dei er difor berre delvis brukande (Skjelvåg 1981, 1987b).

Med tilgang på EDB har det vorte råd å granska og nytta ut desse samanhengane på andre måtar. Eit rekneprogram bygd på eksisterande kunnskap om verknader av vêr- og jordvariablar på vekst og utvikling hos ei grøde, vert kalla ein modell. Det finst mange variantar av slike modellar alt etter føremålet med dei og måten modellbyggingen har löyst oppgåva på (Torssell 1984, Whisler et al. 1986). Dette gjeld oftast kor detaljert modellen er, og kva for krav han har til inngangsdata. Ymse modellar duger såleis berre i forskning og undervisning, medan andre kan vera brukande også i rådgjeving og praktisk landbruk. I alle høve er modellar nøk-

kelen til å kunna nytta vêrobservasjonar på ein effektiv måte for agronomiske føremål.

Feltforsøk må vanlegvis gjennomførast på fleire stader og i fleire år for å gi grunnlag for sikker slutning om resultatet. Ved å leggja feltforsøk til stader som er representative for variasjonen ein vil dekkja, og nytta jord- og klimadata i analysen og tolkinga kunne ein helst få like sikre og venteleg meir informative resultat med færre forsøk. Torssell et al. (1983) har drøft korleis modellar kan nyttast ved ein slik framgangsmåte, og Halling (1986) har gitt døme på kombinert bruk av forklarande modell og tradisjonell, statistisk analyse. Neste steg i utnyttinga av modellar kan vera hos rådgjevingstenesta og andre. Dei må kunna nytta primære jord- og klimadata til å talfesta produksjonspotensialet ved avling, kvalitet og årvisse for alle stader der det trengst og der det er råd (t.d. Skjelvåg 1986a). Dette krev både jord- og klimakartlegging (Skjelvåg 1987a, Landbruksdepartementet 1988).

#### TILGRENSANDE EMNE

Plantevern er eit anna område av plantedyrkinga som må ta vêrdata meir i bruk for prognosar og varsling om skadegjerarar. Hos mange av desse er utviklinga så vêravhengig at det er gode utsikter til å laga varsel og dermed kunna spare både arbeid og sprøytemiddel i mange grøder (NLVF 1988). Vêrvarsel og observasjonar av vêr, plantar og skadegjerarar er grunnlaget for å spå om utviklinga, det vil seia å laga prognosen. Han må så vurderast mot den skaden ein kan tola før det er lønnsamt å setja inn rådgjerder. Deretter kan varsel med råd om åtgjerder sendast ut. Forskinga for å tilmåta utanlandske modellar til norske tilhøve må nytta klimadata både frå felt og styrt miljø. Den praktiske bruken i rådgjeving og dagleg plantedyrking krev både dagferske vêrobservasjonar og talfeste vêrvarsel, og

dessutan lokalklimatisk kartlegging for lokal tolking av varsla.

Mange omfemnande forskingsoppgåver må løysast ved tverrfagleg innsats. Plantedyrkingsforskarar må da kunna stella sin kunnskap til rådvelde på ein slik måte at andre fag kan nytta han. Det har ikkje alltid vore tilfellet for forskning i: driftsteknikk, foretaksøkonomi, husdyrbruk, forureining, plantevern og alternativt jordbruk, for å nemna nokre. I plantedyrkingsforsøk kan spørsmålsstillinga ofte vera noko annleis enn i dei faga som nyttar planteproduksjonsdata. Difor må generell plantedyrkingskunnskap uttrykkjast i modellar med jord- og vêrdata som inngangsvariablar. Simulering ved slike modellar kan truleg gi andre fag plantedyrkingsdata gode nok (Langvatn 1985). Det er oppgåva åt plantedyrkingsforskarane å skaffa fram modellane (Ringøy 1985).

#### UNDERVISNING

Bruken av vêrdata i forskinga har også det klart praktiske siktemålet at mellom andre rådgjevingstenesta skal kunna nytta vêrdata meir effektivt. Høgare undervisning går hand i hand med forskinga, og for å nå målet vert det difor heilt nødvendig å gjera meir bruk av vêrdata i undervisninga. Granskingar av heile plantars og grøders fysiologi har gjort store framsteg dei siste tiåra (Geisler 1983). Men her, likeins som for klimafaktorane, er det vanskeleg å samla ein-skilde prosessar til den heilskapen som eit samansett sluttresultat er. Einskildfenomena kan verta lausrivne og lett over- eller undervurderte. Modellar samlar mange ein-skildprosessar og kan nyttast som pedagogisk hjelpemiddel. Da er også meir detaljerte modellar nyttige (t.d. Holt et al. 1975). Ved Sveriges lantbruksuniversitet har ein alt nokre års røynsle med bruk av produksjonsmodell i undervisninga (Torssell 1989).

## RÅDGJEVING

Det er snautt tvil om at landbruket som samfunnet elles kjem til å gjera stadig meir bruk av EDB. Dagferske vêrobservasjonar vert også etter kvart lett tilgjengelege ved moderne telesamband. Frå miljøvernsida vert det sikkert krav stadig større innsats for å gjennomføra planteproduksjonen på ein måte som ureinar eller skader miljøet minst mogleg. Plantedyrkarane må også stadig sjå seg om etter måtar for å setja inn arbeid og andre innsatsmiddel på mest mogleg økonomisk vis.

Ei rådgjeving som skal møta slike krav og føresetnader, må vera i stand til å vurdera einskildsituasjonar på grunnlag av all tilgjengeleg informasjon. Da treng praktikarar og rådgjevarar tilgang på:

1. Talfeste, lokale vêrvarsel med stor oppløysing i tid og rom og med sannsynsgradering av varsla.
2. Dagferske risikoindeksar for skadegjerarar og varsel som byggjer på framskrivne risikoindeksar og skadetreskelvurdering. Rettleiing om vatning, også kombinert med langtidsvêrvarsel.
3. Agroklimatisk kartlegging av tema som er agronomisk meiningsfylte.

Enno er det smått med slike tenester her i landet (STULMEF 1985). Det trengst eit tettare nett med vêrstasjonar i jordbruksområda og avtaler med Det norske meteorologiske institutt (DNMI) om å laga lokale vêrvarsel, som er retta mot gjeremåla i landbruket. Vidare trengst ei landbruksmeteorologisk teneste som samordningsorgan mellom DNMI og fleire landbruksinstitusjonar, og for å driva landbruksmeteorologiske rutinetenester. Med omsyn til vatningsvarsling er dei nødvendige kunnskapane til stades for å utvikla ei rutineteneste (Riley pers. oppl.) I plantevern må det

setjast mye inn på å nytta både meteorologiske og agronomiske observasjonar til å finna skadetresklar og utvikla prognosar og varsel om skadegjerarar (NLVF 1988).

Varsel og rådgjeving må oftast komma snøgt ut til brukarane, og difor trengst ei effektiv formidling. Nyare utvikling i telesamband opnar for interessant utvikling (Storaas 1986, Slåtto 1987). Dette vil også verka tilbake ved at formidlingsmåtar som tillet detaljerte, og hyppig ajourførte varsel, fører til krav om slike varsel. Databehandlingsutstyr er alt utbreidd i jordbruksmiljøet, og det vil sikkert berre auka i tida frametter. Det fører òg til auka etterspørsel etter høveleg programvare, som kan nyttast i drifta.

Men om dei ytre vilkåra med vêrstasjonar, telesamband og databehandlingsutstyr er oppfylte, kan ein ikkje gjera seg full nytte av informasjonstilgangen så framt ein ikkje har nøkkelen som kan setja vêrobservasjonar og annan informasjon om til agronomisk meiningsfylte uttrykk. Det finst eit stort utval utanlandske modellar av samanhengar mellom vêret og vekst og utvikling hos både plantar og skadegjerarar. Mange av modellane er også tilgjengelege, men svært få er verifiserte for norske tilhøve. Her er også få forskarar som har trening i bruk av modellar og vêrobservasjonar. I undervisninga skortar det på undervisningsmaterieill og på tilgang på datamaskinar for studentar.

Det står såleis eit stort arbeid framfor både forskning, undervisning og rådgjeving, men utviklinga er i gang. Statens forskingsstasjonar med automatiske vêrstasjonar dekkjer heile landet og utgjer eit feltlaboratorium som få har maken til m.o.t. klimavariasjon. Det er eit føredømeleg initiativ grovførforskinga no har teke for bruk av vêrobservasjonar i forskinga (NLVF/SFL 1986).

## AGROKLIMATISK KARTLEGGING

Lokalklimatisk kartlegging har no tretti års tradisjon i Noreg (Utaaker 1963, 1979, Skaar 1982, 1983). På Nes på Hedmark har resultatane vorte mye nytta i rådgjeving, og det kjem helst av at Kise forskingsstasjon har vore formidlaren av dei meteorologiske resultatane til plantedyrkarane. Dette kan vera eit uttrykk for at klimatisk kartlegging må setjast om til agronomisk meiningsfylte uttrykk, om kartlegginga skal verta brukt. Det vil seia at t.d. 1°C skilnad i månadsmiddeltemperatur kan det vera vanskeleg å tolka følgjene av, medan skilnader i mogningstid eller kor årvisst eit planteslag er, seier meir om vilkåra for plantedyrking (Skjelvåg 1986a).

Kartlegging av produksjonspotensialet både med tanke på driftsplanlegging og samfunnsplanlegging krev at jord- og klimavariablar vert kombinerte (Landbruksdepartementet 1988). Har ikkje plantedyrkingforskinga da nødvendige modellar for samhengane mellom vêr og plantevekst, vert ikkje kartlegginga av produksjonspotensial meiningsfylt. Følgjene av det kan verta at landbruksinteressene ikkje greier å dokumentera verdiane sine fullgodt når andre interesser tevlar om areal og andre resursar, t.d. vatn. Vurdering av følgjene av vassdragsregulering for planteproduksjon langs elv og magasin er eit døme på tilfelle da planteproduksjonsmodell og lokalklimatiske data hadde vore nøkkelen til å talfesta særskilde verknader av endra temperaturklima og vassstilgang (Skjelvåg 1986b, Skaar 1987).

Prognosar og varsel om skadegjerarar eller annan informasjon som byggjer på vêrobservasjonar, kan aldri byggja på så detaljert observasjonsnett at alle stader er med. Varsel som gjeld eit større område treng difor ei lokal tolking, som byggjer på kunnskap om lokal variasjon i både vêr og utvikling hos plantar og skadegjerarar. Lokalkli-

matisk kartlegging er ein del av eit slikt kunnskapsgrunnlag.

Miljøvern har fått auka rom dei siste tiåra, og det vert sikkert tillagt stadig større vekt. I grannelanda våre er det alt vedteke å setja i verk strenge restriksjonar m.o.t. tap av næringsemne frå landbruk og m.o.t. bruk av plantevernemiddel. Vêrobservasjonar og jorddata er grunnleggjande for overvaking av og tiltak mot jorderosjon og anna ureining frå jordbruksareal (Landbruksdepartementet 1988).

## SLUTTORD

I mange samanhengar er vêrobservasjonar i seg sjølv ikkje meiningsfylte nok. Det kjem av at dei fleste spørsmåla har ei agronomisk side som må vurderast i høve til vêrobservasjonar og vêrvarsel før ein har grunnlag for råd om åtgjerder. Landbruksforskinga, undervisninga og rådgjevingstenesta har store oppgåver i å gjera seg nytte av moderne datateknikk, vêrobservasjonar og tele-samband i arbeidet med å samla og gjera både eksisterande og nyvunnen kunnskap tilgjengeleg for eit landbruk og eit samfunn som må økonomisera med ressursane og ta vare på miljøet.

Nokre av dei synspunkta på bruk av klimadata som her er lagde fram, er langt frå nye. Det var dei heller ikkje for vel tretti år sidan, da Thorsrud (1956) tok til orde for å gjera meir bruk av vêrobservasjonar i jordbruksforsøk. Vik (1914) gjorde på grunnlag av varmesumutrekningar den spånaden at 'Cronje' potet skulle hevda seg andsynes sorten 'Marius' på Hedmarka, og konstaterte at andre straks etter offentleggjorde forsøk som synte nett dette. Idéen om varmesummen som uttrykk for klimakravet kan elles førast heilt attende til Reaumur i 1735 (Robertson 1968). Det som er nytt, er eit vidare kunnskapsgrunnlag i både plantedyrking og meteorologi og nye elektroniske hjelpemiddel til måling, databehandling



og telesamband. Til saman gir dette grunnlag for å ta kunnskapen i bruk slik at ein kan handtera så samansette system som planteproduksjon på friland er, på så miljøvenleg og økonomisk rett måte som råd er.

#### LITTERATUR

- Fisher, R.A. 1925. Statistical methods for research workers. Oliver & Boyd, Lond. 239 s.
- Geisler, G. 1983. Ertragsphysiologie von Kulturarten des gemässigten Klimas. Paul Parey, Berlin. 205 s.
- Halling, M. 1986. Growth of timothy and red clover in relation to weather and time of autumn cutting 1. Yield and initial relative growth rate subsequent spring. Swedish J. Agric. Res. 10: 153-160.
- Holt, D.A., R.J. Bula, G.M. Miles, M.M. Schreiber & R.M. Peart 1975. Environmental physiology, modeling and simulation of alfalfa growth: I. Conceptual development of SIMED. Purdue Agr. Exp. Stn Res. Bull. 907. 26 s.
- Hönningstad, A. 1914. Forsøksmetodik. s. 23-44 i: N. Ødegaard et al. Norsk forsøksarbeid i jordbruket. Festskrift i anledning av Bastian R. Larsens 25 års jubilæum som forsøksleder. Grøndahl & Søn, Kristiania.
- Landbruksdepartementet 1988. Jorddatabank. Rapport fra ei arbeidsgruppe. 35 s. Vedlegg.
- Langvatn, H. (red.) 1985. Samordnet forskningsprogram i jord- og hagebruksproduksjonen. En foreløpig skisse til program utarbeidet ved Norges landbrukshøgskole. Stensilprent. 22s.
- Nissen, Ø. 1951. En plan for faktorielle forsøk med hovedvekten på bestemmelse av samspillene. Forsk. Fors. Landbr. 2: 203-214.
- NL.VF 1988. Skadetersklar, prognosar og varslng for skadegjerarar i jord- og hagebruk. Utgreiing nr. 144 frå Noregs landbruksvitskaplege forskingsråd. 77 s. Vedlegg.
- NL.VF/SFL 1986. Program for grovførforskning 1986-1990. 128 s.
- Ringøy, K.B. 1985. Naturgitte forholds innvirkning på det økonomiske resultat. Norges landbruksvitenskapelige forskingsråd. Sluttrapport nr. 565. 13 s.
- Robertson, G.W. 1968. A biometeorological time scale for a cereal crop involving day and night temperatures and photoperiod. Int. J. Biomet. 12: 191-223.
- Skjelvåg, A.O. 1981. Experimental and statistical methods of plant experiments used in an agroclimatic investigation in Aust-Agder, Norway. Acta Agric. Scand. 31: 343-357.
- Skjelvåg, A.O. 1986a. Fenologisk utvikling hos eittårig raigras i Aust-Agder. Forsk. Fors. Landbr. 37: 303-311.
- Skjelvåg, A.O. (red.) 1986b. Følgjer av vassdragsregulering for planteproduksjon i vassdraget. Noregs landbruksvitskaplege forskingsråd. Stensilprent 70 s.
- Skjelvåg, A.O. 1987a. Temperaturkart laga ved minstekvadratinterpolasjon. Norsk LandbrForsk. 1: 37-45.
- Skjelvåg, A.O. 1987b. Weather and yield of Westerwolth ryegrass. Norw. J. Agric. Sci. 1: 35-39.
- Skaar, E. 1982. Lokal- og vekstklima i Aust-Agder. Del 1. Strålingsklima. Forsk. Fors. Landbr. 33: 51-94.
- Skaar, E. 1983. Lokal- og vekstklima i Aust-Agder. Del 2. Temperaturklima. Forsk. Fors. Landbr. 34: 57-120.
- Skaar, E. 1987. Lokalklimatiske undersøkelser i Orklavassdraget. Norges landbruksvitenskapelige forskingsråd. Sluttrapport nr. 702. 10 s.
- Slåtto, T. 1987. Teledata - et nyttig medium for informasjon og kommunikasjon i landbruket. Evalueringsrapport. Østlandsforskning. 123 s. Vedlegg.
- Storaas, D.H. 1986. Landbruksinformasjon og -rådgivning i et framtidig telematikknett. Østlandsforskning. 13 s.
- STULMEF 1985. Landbruksmeteorologisk teneste i Noreg. Utgreiing for Det kgl. landbruksdepartement. 84 s. Vedlegg.
- Thorsrud, J. 1956. Mikroklimatiske undersøkelser i samband med markforsøk. Nord. JordbrForsk. 38: 324-326.
- Torsell, B.W.R. 1984. Descriptive and explanatory models for predicting grassland production. s. 494-504 i H. Riley & A.O. Skjelvåg. The impact of climate on grass production and quality. Proc. 10th General Meeting Eur. Grassld Fed.
- Torsell, B.W.R. 1989. Väderlek og vaxtproduksjon - ett tillämpningsområde i förvandling. Norsk LandbrForsk. Supplement 5: 107-119.

Torssell, B.W.R., N. Jönsson & A. Kornher 1983. A systems approach to planning research in temporary grassland production. Institutionen för växtodling, SLU. Rapport 123. 69 s.

Utaaker, K. 1963. The local climate of Nes, Hedmark. Univ. i Bergen. Skrifter Nr. 28. 115 s. Vedlegg.

Utaaker, K. 1979. Lokal- og vekstklime i Sogn. Forsk. Fors. Landbr. 30: 113-204.

Vik, K. 1914. Veirlagets indvirkning paa forsøksresultatene ved markforsøk, s. 130-171 i N. Ødegaard et al.: Norsk forsøksarbeid i jordbruket. Festskrift i anledning av Bastian. R. Larsens 25 aars jubilæum som forsøksleder. Grøndahl & Søn, Kristiania.

Whisler, F.O., B. Acock, D.N. Baker, R.E. Fye, H.F. Hodges, J.R. Lambert, H.E. Lemmon, J.M. McKinion and V.R.Reddy 1986. Crop simulation models in agronomic systems. Adv. Agron. 40: 141-208.

# PLANTEVERNFORSKINGA I DET KOMANDE 10-ÅRET

KÅRE ÅRSVOLL

Statens plantevern, As, Norge

Sjukdomar, skadedyr og ugras er viktige årsaker til nedsett avling og kvalitet i dei fleste grøder. I moderne jord- og hagebruk er det heilt nødvendig med tilfredsstillande tiltak mot alvorlege skadegjerarar, slik at tapar kan haldast innanfor rimelege grenser.

Den sterke produktivitsauken som landbruket kan vise til i etterkrigsperioden skuldast ikkje minst dei kjemiske driftsmidla. Sterk spesialisering av produksjonen har ført til dyrking i monokultur over større samanhengande areal. Dette saman med intensiv gjødsling og bruk av meir yterike sortar har dels ført til auka skadegjeraråtak. Vår tids samhandel og -ferdsel i verda har dessutan auka faren for spreiding av introduserte, farlege skadegjerarar til nye vekstområde.

Effektive kjemiske plantevernmiddele inngår som viktige og nødvendige driftsmiddel i denne intensive planteproduksjonen. Nøkkernt og riktig brukt representerer dei verdfulle hjelpemiddel i kampen mot alvorlege skadegjerarar, i tillegg til førebyggjande rådgjerder og andre tilgjengelege tiltak.

Mot stadig aukande krav i samfunnet om å redusere mogleg risiko for uønska sideverknader av planteverntiltak, og mot kravet om auka effektivitet og kostnadsjakt i landbruket, står vi overfor store utfordringar innan plantevern i dei næraste åra framover, kanskje dei største utfordringane i plantevernets historie. Korleis kan vi møte desse utfordringane?

## MÅLA FOR EIT HENSIKTMESSIG PLANTEVERN

Den målstrukturen som er skissert for verksemda ved Statens plantevern (SPV), dannar eit nyttig utgangspunkt for kva mål vi bør arbeide mot for å oppnå eit mest mogleg hensiktsmessig plantevern.

Sjølve grunnvullen for å nå desse måla er forskning og utviklingsarbeid (FoU) for å framskaffe nødvendige *biologiske og teknologiske kunnskapar*. Detaljkunnskapar om biologien til skadegjerarane og alle forhold som hemjar eller fremjar utviklinga av skadelege åtak eller konkurranse frå skadegjerarar er grunnleggjande for FoU-arbeid med bekjempingstiltak.

## KOR STÅR VI I DAG I HØVE TIL DEI SKISSETE MÅLA FOR EIT HENSIKTMESSIG PLANTEVERN?

Gjennom FoU-arbeid og praktiske røynslar og gjennom strenge forvaltingsmessige reguleringar har vi alt i dag eit rimeleg solid kunnskapsgrunnlag og metodar og regelverk til å kunne gjennomføre eit rimeleg effektivt og samstundes rimeleg sunt og trygt plantevern. Vi har eit godt utbygt rådgjevingssapparat og eit høgt kunnskapsnivå hos våre brukarar.

Våre klimaforhold gjer at vi jamt over har mindre behov for plantevernmiddele enn på sørlegare breddegrader, og vi har relativt små samanhengande jordbruksareal og dermed mindre total

Tabell 1. Måla for eit hensiktsmessig plantevern. Hovud- og delmålstruktur for Statens plantevern (SPV)

PLANTEPRODUKT AV HØG KVALITET	MILJØVENLEG BEKJEMPING AV SKADEGJERARAR	ØKONOMISK FORSVARLEG PLANTEPRODUKSJON
<ul style="list-style-type: none"> <li>* Planteprodukt fri for farlege skadegjerarar</li> <li>* Planteprodukt utan kvalitetsfeil valda av skadegjerarar</li> <li>* Planteprodukt utan helseskadelege restar av plantevernmiddel</li> <li>* Planteprodukt fri for helseskadelege mengder av naturlege toksin</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>* Tiltak utan uønska sideverknader</li> <li>* Forsvarleg arbeidsmiljø</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>* Effektive tiltak mot skadegjerarar</li> <li>* Rasjonelle metodar</li> <li>* Akseptabelt avlingsnivå</li> </ul>

belasting på naturmiljøet. Samanlikna med dei fleste andre industriland, også våre næraste naboland, torer eg påstå at vi ligg svært godt til for å møte framtidige utfordringar på plantevernsektoren. Dermed er det ikkje sagt at vi skal slå oss til ro med at alt er såre vel slik tilstanden er i dag.

Utnyttar vi det kunnskapsgrunnlaget vi har i dag fullt ut, og følgjer vi retningslinene for gjeldande regelverk tilfredsstillande i praksis? Svaret må vere NEI! Og her står vi overfor kanskje den største utfordringa i åra framover. Vi må arbeide for *beta kunnskapsformidling gjennom intensivt opplæring og handlingsskapande rådgjeving*, for å auke kunnskapsnivået hos brukarane og skape haldningar og fremje bekjempingsstrategiar, som inkluderer ei samla vurdering av ulike plantekultur- og planteverntiltak, og som medverkar til å nå dei måla for vårt plantevern som er skisserte ovanfor.

#### INNSATSOMRÅDE FOR PLANTEVERNFORSKINGA DEI KOMANDE ÅRA

For å nå dei skisserte måla for eit hen-

siktsmessig plantevern må kunnskapsgrunnlaget styrkjast gjennom intensivt FoU-arbeid. For dei næraste åra framover har SPV prioritert fylgjande innsatsområde for forskinga:

- Plantevern og miljø
- Skadetersklar, prognosar og varsling
- Resistens/konkurransen
- Biologisk/integrert bekjemping

Ein betydeleg del av våre knappe forskingsressursar er sette av på desse satsingsområda, over det ordinære statsbudsjetten, dels ved omprioriteringar, (Budsjett I) og med verdifulle bidrag frå forskingsråd (Budsjett II) og over Jordbruksavtala og frå andre kjelder (Budsjett III). Det er eit klårt ønske og vilje til å trappe opp desse satsingsområda, men dette krev tilgang på nødvendige ressursar dersom vi skal makte alle andre oppgåver institusjonen er pålagd.

#### PLANTEVERN OG MILJØ

Dette er SPV's hovudinnsatsområde, som i vidaste meining omfemnar også dei andre innsatsområda.

Forskning med sikte på å utvikle tiltak utan uønska sideverknader vil bli høgt prioritert. Dei miljømessige verknadene av kjemiske plantevernmidlar er spesielt i søkjelyset (restar, påverknader på «non target»-organismar, forureining ved utvasking, jorderosjon m.v.). I samsvarende med dei krava som lov og føresegner om plantevernmidlar stiller, og til dagens samfunnmessige oppfatning av kjemiske midlar, er det nødvendig med ei brei satsing. Arbeidsmiljøet for dei som handterer og brukar plantevernmidlar, inngår i dette miljøomgrepet.

Dette er i tråd med Landbruksdepartementets giftnemnd som i dag stiller større krav til data og informasjon før eit nytt preparat kan godkjennast. Dette gjeld såvel den biologiske effektivitetsprøvinga som data vedrørande nedbryting, restar, verknader på nyttefauna og -flora, klimatiske og edafiske forhold m.v. SPV har i dag kompetanse innanfor dette forskingsområdet. I samband med skogsprøyting (vegetasjonskontroll) er det i samarbeid mellom SPV, NISK og Institutt for naturforvaltning, NLH, utført økologiske granskningar som femnar om jordkjemi, vasskvalitet, viltøkologiske endringar, vegetasjonspåverknader og tilvekst hos granplantene. Desse økologiske langtidsstudia vil halde fram i dei næraste åra.

Ut frå tidlegare granskningar ved SPV vart det i 1987 i samarbeid med Institutt for geoteknik- og forureiningsforskning (GEFO) gjennomført eit prosjekt for å undersøkje omfanget av eventuell forureining av plantevernmidlar i vassdrag og grunnvatn. Det vart avdekkja mindre funn av plantevernmidlar i tida etter sprøyting i 6 av 8 undersøkte overflate-lokalitetar, 4 bekker og 2 elvar (ikkje drikkevatt) i sterkt belasta jordbruksdistrikt, medan ingen av dei 7 grunnvasskjeldene som var med i granskninga var forureina. På grunnlag av desse granskningane og med midlar frå NLVF og den nye miljøavgifta på plantevernmidlar er det i 1988 sett i gang eit omfemnande fleirårig samarbeidspro-

sjekt mellom SPV, NLH, NVH, GEFO og NIVA for å framskaffe meir viten om eigenskapar til plantevernmidlar og verknader på økologiske forhold i jord og vatn under ulike klimatilhøve. Slik viten vil vere nyttig i samband med forureiningsspørsmål både for å få klårlagt ulike prosessar i jord-vatn-systemet og til å kunne peike på tiltak for å redusere eventuell forureining.

Utviklinga innan kjemisk plantevern har gått frå relativt breittverknadende, lite selektive, stabile midlar med høg giftgrad, til meir selektive, skånsame, mindre giftige og snøggare nedbrytbare midlar, og som elles har minst mogleg utilsikta sideverknader.

Utviklinga av nyare kjemiske plantevernmidlar går elles i retning av biologisk høgaktive stoff, som i svært små dosar er i stand til å gi den ønskjelege verknaden innan eit ønskjeleg tidsrom, for så å bli brote ned fullstendig, utan fare for å gi restar i planteprodukt eller forureine miljøet. Ei anna interessant utvikling er framstilling av tilsetningsstoff for innblanding i sprøytevæska, for å auke effekten og dermed kunne redusere doseringa av plantevernmidlet.

Framstilling av spesifikke luktstoff med tiltrekkjande eller skremmande effekt, steriliseringsstoff o.l. har fått større og større praktisk interesse og oppnar nye vegar i skadeyrbekjempinga. I kampen mot plantesjukdomar ser vi tilsvarende interessante utviklingstrekk, til dømes i retning av framstilling av spesifikke signalstoff som aktiverer naturlege motstandsreaksjonar i planta. På denne måten kan vi bruke naturen sine eigne motstandsvåpen på ein effektiv måte, - då i form av avanserte, kjemiske plantevernmidlar.

På den spreietekniske sida ser vi også interessante utviklingstrekk, som går i retning av å oppnå jamn fordeling av plantevernmidlet på plantene med sterkt redusert væskemengde og dosering («ultra-low volume»), og med minimal avdrift, bl.a. gjennom elektrostatisk

ladning av væskedråpane som fremjar vedhengsevna på plantene.

## SKADETERSKLAR, PROGNOSE OG VARSLING

I mange høve blir det i dag brukt for mykje plantevernmiddel, anten ved overdosering eller ved at det blir sett inn unødvendige behandlingar, men det er òg tilfelle da ein burde ha brukt meir kjemiske rådgjerder for å få ei betre og meir fullverdig avling. Auka forskingsinnsats for å finne økonomiske skadetersklar og utvikle modellar for prognosar og varslingsprogram, vil sikre ein riktigare bruk av kjemiske plantevernmiddel. Dette vil samstundes gi grunnlag for ein vesentleg reduksjon i bruken av slike middel, utan at det treng føre til nedgang i avling eller dårlegare kvalitet på produkta. Ei viktig oppgåve er å få klårlagt når, kor ofte og i kva mengde ein bør nytte kjemiske middel for at samla skade på avlinga skal bli minst råd er. Samstundes skal det ikkje finnast restar av plantevernmiddel i fôr og mat som ligg over fastsette grenser, og miljøet må ikkje påførast uakseptable skadar.

Skadetersklar, prognosar og varslingsprogram om skadegjerarar kan spare jord- og hagebruket for store unødvendige sprøytekostnader, samstundes som belastninga på miljøet blir redusert. Forsøk og praktiske røynsler frå varslingsprogram om potettørråte, epleskurv og rognebærmøll har såleis synt at ein kan redusere sprøytebehovet med 50-75% i høve til faste sprøyteprogram, utan at dette har gått ut over avlingsverdien. Dette svarer til ei årleg innsparing av unødvendige sprøytekostnader på over 8 mill. kr. Truleg kan bruk av skadetersklar for ugras i kornåker føre til vel så stor innsparingar. I dag blir over 90% av kornarealet sprøytet kvar år mot ugras, meir og mindre rutinemessig utan nærare vurdering av behovet. Nyare granskingar av hausteresultata tyder på at sprøytinga er unødvendig på vel ein

tredjedel av dette arealet - ca. 1 mill. daa. Berre i preparatkostnader representerer dette 10-15 mill. kr pr. år. Problemet er at vi på sprøytetidspunktet ikkje er i stand til å seie kva areal dette er; vi manglar målestokken - skadeterskelen. Både av økonomiske og miljømessige årsaker er det såleis viktig å få klårlagt skadetersklar for ugras og dermed behovet for direkte tiltak. Dette gjeld i prinsippet alle kulturar, men er særleg viktig i korn.

I NLVF-utgreiing nr. 144 «Skadetersklar, prognosar og varslingsprogram for skadegjerarar i jord og hagebruk» (1988) er det skissert eit handlingsprogram for FoU-arbeid på dette området for dei komande 5 åra. Handlingsprogrammet omfemnar tilpassing/revisjon/utvikling av prognose- og varslingsmodellar for potettørråte, sjukdomar og skadedyr i korn, rognebærmøll og andre skadedyr i frukthagen, eple- og pæreskurv, og skadegjerarar i grønsaker og bær. Vidare er det i planperioden skissert eit forskingsprogram på skadetersklar og prognosar for ugras, i første omgang i kornåker.

Utvikling og tilpassing av epidemiologiske modellar som er nødvendige for utarbeiding av sikre prognosar og varsel, krev nøyaktige observasjonar av ei lang rekke eigenskapar hos både vertplante, skadegjerar og miljøet. I mange modellar er vèrobservasjonar ein del av inngangsvariablane, og stundom dei einaste. Ei tilfredsstillande utbygging av den landbruksmeteorologiske tenesta og investeringar i epidemiologisk forskning er såleis viktige føresetnader for utvikling av slike modellar.

I handlingsprogrammet er det òg skissert ei utbygging av feltobservatørnett for agronomiske observasjonar og tilpassing av praktiske prognose- og varslingsstenester. Med midlar løyvde over den nye miljøavgifta på plantevernmiddel vil det vere von om ei forsert utbygging av desse tenestene, samstundes med ei sterk opptrapping av FoU-arbeidet på dette området.

## RESISTENS/KONKURRANSE

Utvikling av resistens hos plantene gjennom foredling er eit viktig middel for å førebyggje åtak av skadegjerarar og samstundes redusere bruken av kjemiske plantevernmidde. SPV's oppgåver i samband med dette er å kartleggje resistensen, utforske resistensmekanismane, og i nært samarbeid med andre forskingsinstitusjonar prøve foredlingsmateriale. Før prøving kan setjast i gang må sikre testmetodar utviklast. Til nå har arbeidet særleg vore drive innan potet, korn og engvekstar, men vil i åra framover òg omfemne andre kulturar, som ymse grønsakvekstar, frukttre og bærvekstar.

Kulturplantene sin evne til å konkurrere med andre planter (ugras) om næring, vatn, lys og plass, dvs. deira konkurransevne, er ein viktig eigenskap i plantevernsamanheng. Denne eigenskapen kan også vidareutviklast ved foredling. Forskinga på dette området må intensiverast i åra framover.

Moderne genteknologi opnar nye perspektiv i arbeidet med å framskaffe meir resistente/konkurransedyktige kulturplanter. I åra framover vil det vere viktig å byggje opp kompetanse på dette området i nært samarbeid mellom norske og utanlandske forskarar. Overføring av gen til planter ved hjelp av plasmidvektorar eller elektroporering er rutine i mange laboratoria i dag. Transgene planter inkorporerer tilførte gen i genomet, og ved kryssingar blir det vanlege utspaltingar.

I plantevernet er vi først og fremst interesserte i resistensgen mot sjukdomar og skadedyr, men òg resistens mot kjemiske ugrasmidde. Gen for ugrasmiddelresistens er klonar frå jordbakteriar, utstyrte med reguleringssekvensar frå plantevirus, og det er laga transgene planter resistente mot mellom anna glyfosat og triazin-midde. Midde som ut frå helse- og miljøsyn ville vere å føretrekkje, men som på grunn av låg grad av selektivitet er lite eigna som

ugrasmidde, kan såleis truleg gjerast veileigna gjennom moderne genteknologi.

I tilknytting til arbeidet med å auke resistensen i sortsmaterialet mot skadegjerarar vil det i åra framover vere behov for granskingar som sikrar at planteprodukt til fôr og mat ikkje inneheld helseskadelege mengder av naturleg produserte toksin.

## BIOLOGISK/INTEGRERT BEKJEMPING

Gjennom dei siste par 10-åra har det pågått ei intensiv forskning for å finne fram til metodar for å utnytte dei naturlige fiendane til skadegjerarane, såkalla biologiske rådgjerder. Mange lovande resultat er oppnådde, og fleire metodar er tekne i bruk i praktisk plantevern. Til nå er det særleg i kampen mot skadedyr at desse metodane har fått størst praktisk nytte, og da først og fremst innan veksthuskulturar. Veksthusmjøllus og veksthusspinnmidd, to viktige skadedyr, bli nå til dømes effektivt og rasjonelt bekjempa med i same følgd snylteveps og rovmidd. På friland er direkte bruk av biologiske rådgjerder førebels lite utvikla.

Det biologiske samspelet i naturen er svært komplisert, og kunnskapane om korleis dette fungerer er framleis mangelfulle. Utforskinga av grunnlaget for utvikling av metodar som tek sikte på å påverke den biologiske balansen for å hindre skadelege åtak, vil bli intensivert i åra framover.

Bioteknologien kan opne nye vegar og gi revolusjonerande framgang i utviklinga av effektive biologiske bekjempingsmetodar mot mange viktige skadegjerarar. Moderne genteknologi er tatt i bruk i stort omfang for å «foredle» bakteriar og soppar som blir brukte i farmasøytisk og annan industri. I utlandet blir genteknologiske metodar òg brukte på agronomisk viktige mikroorganismar. Da det er viktig å byggje opp norsk kom-

petanse på dette området, er det i nært samarbeid mellom SPV og Mikrobiologisk institutt, NLH, og amerikanske forskarar starta opp eit forskingsprogram som tek sikte på å framskaffe mikroorganismar som kan brukast i biologisk bekjemping av plantepatogene soppar. Dei fleste soppar inneheld kitin i celleveggen, i motsetnad til planter og pattedyr. Fleire organismar som er effektive i biologisk bekjemping, produserer kitinasar, enzym som spaltar kitin. Ved hjelp av genteknologi vil ein frå mikroorganismar isolere gen som kodar for kitinasar og klone desse inn i bakteriar og soppar for å gjere dei meir effektive i biologisk bekjemping. Forsking etter desse linene vil truleg òg kunne frambringe nye, effektive biologiske bekjempingsmetodar mot viktige skadedyr, der også kitin inngår i byggematerialet i hudskjelettet.

Integrert bekjemping går ut på å ta i bruk ein best mogleg kombinasjon av tilgjengelege rådgjerder, der bruk av kjemiske middel skal vere minst mogleg. Viktige element i integrerte bekjempingsprogram er resistens, konkurransevne, førebyggjande kulturtiltak, skadetersklar, prognosar og varsling, og bruk av biologiske og andre ikkje-kjemiske metodar og selektive kjemiske middel. Å finne fram til system som til kvar tid kan gi det gunstigste tilhøvet mellom innsatsfaktorane og med forsvarleg omsyn til miljø og økonomi, er komplisert og ressurskrevjande, men mykje av grunnprinsippa for det praktiske plantevernet i åra framover ligg i ei slik integrert utnytting av forskingsresultata. Integrert bekjemping av skadedyr i frukthagen - eit program utvikla ved SPV i samarbeid med SFL Ullensvang - er eit godt døme på dette.

#### SMITTEFRITT PLANTEMATERIALE

Den mest effektive, ofte også den einaste rådgjerda vi har mot mange viktige sjukdomsorganismar og skadedyr er å fram-

skaffe smittefritt plantemateriale. Sensitive og pålitelege metodar for å påvise og identifisere skadegjerarar er derfor viktige.

I ei årrekke har det vore produsert friskt utgangsmateriale frå meristemtip og vevskulturar. Desse oppformeringsmetodane er i seg sjølv ingen garanti for at plantematerialet er fritt for sjukdomsframkallande virus og bakteriar. For å sikre sjukdomsfrie planter er det heilt avgjerande at morplantane blir grundig kontrollerte, med etterkontrollar under oppformering. For nokre skadegjerarar har vi i dag eigna metodar for påvising. Men for fleire viktige virus og bakteriar er eksisterande testmetodar svært arbeids- og tidkrevjande og lite eigna til rutinebruk. Ved SPV pågår eit intensivt forskingsprogram med sikte på å utvikle rasjonelle, sensitive og sikre påvisingsmetodar baserte dels på moderne immunologiske teknikkar, dels på genteknologi.

#### TEKNISK UTBYGGING

Mange av dei utfordringane og FoU-oppgåvene som ligg framfor oss på plantevernsektoren krev ei tilfredsstillande opprusting og utbygging av tekniske anlegg og utstyr. Midlar løyvde over NLVF har gjort det mogleg å få innreidd og utstyrt to moderne laboratoria i Fellesbygget, Ås, for bioteknologisk forskning («Genverkstaden» og «Hybridomalaboratoriet»). Utvikling og tilpassing av epidemiologiske modellar som grunnlag for utarbeiding av prognosar og varsel om skadegjeraråtak krev nøyaktige observasjonar av ei lang rekke eigenskapar hos både vertplante, skadegjerar og miljøet. Det er såleis eit stort behov for utbygging av klimaregulerte vekstom ved SPV for biologiske granskningar i styrt miljø. Vidare trengst det avansert måle- og analyseutstyr for å løyse dei mange påtrengjande forskingsoppgåvene. Opprusting av EDB-utstyr og -tenester er også eit nødvendig hjelpe-



middel, bl.a. for å effektivisere forskinga og for å byggje ut prognose- og varslings-tenestene.

#### KOMPETANSEOPPBYGGING

Personalet er vår største og viktigaste ressurs. Vi bør derfor styrkje etterutdannings/vidareutdanningstilboda for alle grupper av medarbeidarar, både forskarar og teknisk og administrativt personale. Vi bør også leggje opp til ein offensiv rekrutteringspolitikk for å fylle ledige stillingar til kvar tid med høgt kvalifisert arbeidskraft. Utdanning av forskarar må trappast opp for å byggje opp nødvendig kompetanse, også på nye område. Kontakten med utanlandske forskingssentra bør styrkjast, bl.a. gjennom auka utveksling av gjesteforskarar.

#### FORSKINGSSAMARBEID

I åra framover vil vi i langt større grad enn tidlegare måtte gå inn i tverrfaglege forskingsgrupper for å løyse kompliserte FoU-oppgåver på tvers av nåverande avdelingsskiljer i SPV. Samarbeidet med andre forskingsinstitusjonar og forskingsmiljø må også styrkjast.

#### FRAMTIDSUTSIKTER

Med utgangspunkt i nåverande kunnskapsgrunnlag og føresetnader i norsk plantevern, med auka FoU-innsats på dei områda eg har skissert ovanfor, og med betra kunnskapsformidling gjennom intensivert opplæring og haldningsskapande rådgjeving, ser eg optimistisk framover mot eit stadig meir effektivt, mindre risikofylt plantevern.

